


# Jølst

UTGJEVE AV JØLSTER MÅLLAG 2007 - ÅRGANG 24



Årets diktar



Årets kunstnar

**Edvard Hoem** Odelsretten i lovene og livet

**Katrine Sele** Lågmælt kraft

**Alvhild Dvergsdal** Halldis Moren Vesaas, ein kjær diktar

**Lidvald Klakegg** Gamlestøylen på Klakegg og brannen i 1902

## Kjære lesar

Ja, så har vi svidd av endå eit år og det nærmar seg jul. Dermed er også den 24. årgangen av Jølst kommen ut av trykkeripressa.

Når ein skal skrive denne spalta er det alltid godt å ha eit eller anna hundreårsminne å ty til. Spesielt dersom det er av det slaget som kan ha interesse for bladet sine lesarar. Slik sett har vi vore rikeleg velsigna dei siste åra.

Også i år er der hundreårsminne som kan vere verdt å merke seg. Eg tenkjer då på innføringa av sidemål i gymnaset i 1907 og at ein ruvande nynorskdiktar vart fødd det året, nemleg Halldis Moren Vesaas. Per Sivle, som var årets diktar i Jølst for tre år sidan, var fødd i 1857, altså for 150 år sidan.

Halldis Moren Vesaas skulle vere kjend for dei fleste, og ho blir årets diktar i Jølst i år. Diktaren blir presentert av Alvhild Dvergsdal, professor i nordisk litteratur ved Universitetet i Bergen.

Ein av våre "eigne" kunstnarar, Astrid Myklebust, gjekk dessverre bort siste året. Ho har heilt sidan starten vore med og sett sitt preg på Jølst gjennom framsida, som er hennar verk. Denne framsida vart endra for to år sidan, ein jobb som Astrid med glede tok på seg.

Sist vinter vart det ved Hafstad vidaregåande skule i Førde gjennomført ei undersøking av elevane sin skriftlege språkbruk. Dei vart presenterte to sett med setningar; det eine med rein nynorsk ordbruk og setningsbygnad, det andre med innblanding av bokmålsord. Det synte seg at fleirtalet av elevane valde setningane med innslag av bokmål. Dette utløyste sjølv sagt ein kvass debatt i media der både Ottar Grepstad og Sylfest Lomheim deltok. Debatten gjekk på metodikken i undersøkinga og om kor vidt den var verd å leggje vekt på. Undersøkinga vart også teken til inntekt for dei som vil ha

samnorsk, helst så fort som mogeleg. I fylgje Lomheim vil det skje først om 200 år. Den som lever får sjå.

Men trass i hundreårsmarkering for sidemål i skulen, så går debatten om sidemålet sin plass like frisk og hard som før. Det kan i den samanheng vere verd å merke seg at Norsk Målungdom i år fekk ny leiar, frå tjukkaste Oslo, ein kar som har forsvart sidemålet med nebb og klør. Eit anna døme på "samrøre" mellom bokmål og nynorsk er samlokaliseringa av Norsk Telegrambyrå, NTB, og Nynorsk Pressekontor, NPK. Desse innleia i fjor eit samarbeid som i år har ført til at dei sit i same lokale, med sams redaksjon.

Frå sidelinja har vi med stor interesse fylgt kulturdebatten her i bygda, ein debatt som stort sett har handla om plasseringa av det nye Astrupsenteret. Det har vel også vore ein viss debatt om kor vidt vi i det heile skal ha eit nytt senter. At det også var valår i år, har sjølv sagt sett sitt preg på dette ordskiftet. Mykje rart har vore sagt og skrive i denne saka, og meir vil det bli.

Men no er det jula og eit nytt år som står for døra. Vi i redaksjonen takkar alle som har gjort sitt til at dette bladet vart til. Takk også til lesarane. Utan dykk hadde bladet vore historie for lenge sidan. Kom gjerne med tilbakemelding om kva de tykkjer om bladet. Vi tek i mot både ris og ros.

God jul og godt nytt år!

H. D.

### Redaksjonen i Jølst:

Stig Årdal, kontaktperson: stig.aardal@enivest.net

Hallstein Dvergsdal: halldve@frisurf.no

Svein-Olav Sandnes: sveolsan@start.no

Janne Karin Støylen: janne.karin.stoylen@hivolda.no

### Styret i Jølster Mållag:

Magnar Juklestad, leiar

Iselin Mulen Eikås, nestleiar

Petra Felde Skrede, kasserar/skrivar

Olav Støylen

Ingrid Heieren

### Adressa til mållaget er:

Jølster Mållag

v/Petra Felde Skrede

6843 Skei i Jølster

Medlemskontigenten er for tida kr. 200,-.

Du er hjarteleg velkommen til å bli medlem i laget!

# Innhald:

HALLSTEIN DVERGSDAL	Kremmaren i den grønne butikken .....	4
SVEIN-OLAV SANDNES	Lensmannsboka .....	6
ARNE LESTO	Litt om historia til Jølster Høgre .....	11
ALVHILD DVERGSDAL	Halldis Moren Vesaas, ein kjær diktar .....	14
JARL YNDESTAD	Å vere pensjonist i oljealderen .....	17
KATRINE SELE	Lågmælt kraft .....	18
MAY ELIN EIKÅS BJERCK	Årets kunstnar .....	20
STIG ÅRDAL	Jacob Mortensson Maschius - Prest, koparstikkar og diktar .....	22
HALLSTEIN DVERGSDAL	Kyrkjedøra som fekk nytt liv .....	25
6. KLASSE, VASSENDEN SKULE	Dikt og bilete .....	27
HALLSTEIN DVERGSDAL	Stubbar frå Jølst .....	30
STIG ÅRDAL	Frå magisk teikn til dekorasjon .....	31
LIDVALD KLAKEGG	Gamlestøylen på Klakegg og brannen i 1902 .....	34
EDVARD HOEM	Odelsretten i lovene og livet .....	37
STIG ÅRDAL	Mellom gammalt og nytt .....	40

Årets diktar: Halldis Moren Vesaas

## Kveldar (frå "Strender", 1933)

Å desse kveldane våre under dei lauvtunge tre!  
Vi var dei vake vitne til alt av godt som fekk skje.  
Ytst uti solegladshimlen sloknande tindar brann,  
byen kvelda ikring oss, bølgiene kyste mildt,  
mjukt som i svevne stranda, båtar låg kvelvde i sand,  
hagane blunda og tagde i skumring og andande stilt.

Mørkret fall tett som eit lydlaust regn, sløkte dei siste fjell.  
Usynleg og utan grense kvarv verda i djup kveld.  
Lågt i den varme, dimme luft tok stjernene til å gro.  
Vi såg ikkje lenger kvarandre, vi sat og vart sveipte inn  
i mørkret som alt ikring oss og fyltest av same ro  
– og nærare inntil kvarandre kom visst aldri to sinn!

Å desse kveldane våre! – så rart å leve då!  
sitte urørleg og utan ord og berre la stunder gå,  
vake i lag med stjerner, ande inn fulldjup ro  
frå alt som sov inni mørkret, undre seg still og sæl:  
Tru ditt sinn er gått opp i mitt, så nær som du er meg no?  
– Kveldane våre! dei strauk ut alt som skil mellom sjel og sjel.



# Kremmaren i den grøne butikken, eit portrett

Av Hallstein Dvergsdal

I våre dagar, då dei store kjøpesentera dominerar handelen, er det godt at det likevel finst att ein og annan nærbutikk. Ein butikk der ein kan gå innom berre for å ta ein prat med innehavaren. Og der innehavaren har tid til å prate, både vel og lenge.

På sørsida av Jølstravatnet finst der ein slik oase, ein liten butikk som er den einaste att av dei tidlegare 14 grendebutikkane i Jølster. Desse små krambuene som der var over alt i bygda, og som dreiv det dei kalla for ass. landhandel. Det vil seie at dei førde alt frå synåler til driftsmidlar for jordbruket og stort sett alt det ei hushaldning hadde bruk for.

## Kremmaren

Butikken eg snakkar om er sjølv sagt G. Hylderås i Sanddalen. Denne vesle, grøne bygningen som ligg heilt i vegkanten og som på mange måtar held på å få ein slags kultstatus. Dei er nemleg så pass spesielle desse to, både butikken og innehavaren, at dei held på bli ein turistattraksjon. Her kjem det nemleg folk frå ulike kantar av Jølster for å sjå og handle, men også folk frå nabokommunane tek turen til Sanddalen for å oppleve denne spesielle butikken. Om sommaren stoppar det ofte turistar på veg til og frå Astruptunet, for å sjå og oppleve dette som for mange er som eit minne om farne tider.

Når ein stig inn døra her, så er ein fri alt som heiter glorete tilbodsplakatar. Ingvald Hylderås har køyrt fast pris på ein kartong kaffi i ti år, pluss eit par andre ting som tørkerullar og toalettpapir i større kvanta, ferdig med det. Så dette med tilbodskampanjar tek han med knusande ro. "– Slikt får andre drive med", seier han.

Av og til, på tur heim frå Førde og det stressande butikklivet der, stoppar eg i Sanddalen og butikken til



Hylderås, for å sjå og oppleve kontrasten mellom denne vesle, fredelege krambua og dei enorme, handelsmaskinane i Førde. Her er det som å komme til ei anna tid og ei anna verd. Ikkje er det kø i kassa og ikkje har "grosseraren" det meir travelt at han set seg ned og dreg ein og annan stubb, eller kommenterar det som måtte vere i nyhende-biletet, enten lokalt eller nasjonalt og internasjonalt. Kunden som kjem inn får tilbod om stol å sitje på, og sidan det ikkje hastar all verda med handlinga, blir det gjerne ein is, ein sjokolade eller noko anna å knaske på, medan kremmaren tek plass på stolen sin bak disken. Slik kan ein så bli sitjande å prate om laust og fast, og Ingvald fortel gjerne stubbar frå farne tider og hermar etter ymse originalar som gjennom tidene har gått ut og inn over dørstokken hans. Desse typane, som han skildrar på ein framifrå måte, er folk som han hadde mykje kontakt med, og som han saknar. Det var typar som på mange måtar prega eit lite grende-

samfunn, og, som han seier: "– Det vart liksom så tomt etter at desse gjekk bort."

Men livet har gått vidare, og kremmaren står der på sin post, som han "alltid" har gjort. Ingvald er nemleg av den heldige sorten som har fått hobbyen som yrke, og dermed tek han det ikkje så tungt om det har blitt smått med ferie gjennom åra. Butikken er livet for han, og han er nok innom den stort sett kvar dag gjennom året. Men av og til koplar han av på hytta oppe under Bjørndalsstøylen, ein plass som han set høgt, og som han alltid ser fram til å komme til.

## Isbadaren

Reiser ein forbi butikken ein ettermiddag i oktober eller kanskje november, så kan ein sjå ein skapning plaske rundt i bylgjene nede i vatnet, medan snøelingane går kvite i fjella. Dei som ikkje er informerte om kva som går føre seg, kan fort komme på den tanke at dei ser syner. Men syner er det ikkje; det som openberrar seg ute i Jølstravatnet er kremmaren på sin daglege symjetur, eit ritual som går føre seg frå juni til langt ut på seinhausten. Dei fleste vil vel kalle slikt for sjølv-pining, men ikkje Ingvald. For han er dette ein måte å halde seg i form på, samtidig som det er ein konkurranse mot seg sjølv om å tøye badesesongen stadig lenger utover hausten.

Men trass i ekstrembadning, så har også kremmaren hatt sine helseplager. Det resulterte i ein helikoptertur til Bergen i fjor. Årsaka til turen var fusk i blodpumpa, men ikkje verre enn at karen var tilbake på sin vande plass bak butikkdisken to veker seinare. Hendinga sette nok ein støkk i han, og han vart vel mint på at ungdomen ikkje varer evig for han heller.

## Ei lang butikksoge

Dette med butikkdrift fekk han inn med morsmjølka, sidan han hadde både ein far og bestefar som var kjøpmenn. Han fekk tidleg interesse for tal, og etter handelsskule i Bergen, og butikkjobbar her og der, var det å ta over butikken etter faren, som måtte gje seg tidleg, grunna at han vart blind etter ei ulukke. Sidan har Invald drive butikken gjennom vekslende tider, fram til i dag, då drifta vel må kunne seiast å vere mest på hobbybasis.

Butikksoga til fam. Hylderås starta for 110 år sidan. Bestefaren til Ingvald, Ivar Gullaksen Hylderås frå Voss, hadde farta rundt som skreppekær i seks år då han slo seg ned på Vassenden og starta butikk der i 1897. I meldinga han sende Jølster heradstyre, står det fylgjande: "Jeg undertegnede, Ivar Gullaksen Hylderås, melder herved, at jeg akter at drive handel fra min bolig på Nedre Vassenden i Jølster herred." Dette var starten på det som seinare skulle bli Fa. G. Hylderås. På Vassenden var det butikk fram til 1927, då son til Ivar, Gunnar, flytta butikken til Sanddalen. Dermed er det i år 80 år sidan denne etableringa.

Gunnar dreiv butikken fram til 1957, då Ingvald overtok. Før den tid hadde Ingvald jobba eitt år på butikk på Hermansverk, og han hadde i tre år drive butikk på Holsen. Han hadde også gjennomført handelsskule i Bergen. Men, som sagt tidlegare, så var dette med butikk noko han var oppflaska med, og det var såleis ein jobb og ein bransje han kjende godt. Den første ekspe-deringa han hugsar til, var då han åtte år gammal selde eit stykke sæpolin (såpe) til naboen Audun Sunde. Prisen var 35 øre. Elles var det å hjelpe faren med butikkdrifta gjennom heile oppveksten, og det var nok aldri tvil om kva han skulle bli med tida.

Tidlegare var omsetning av kraftfôr, gjødsel, ensileringsmidlar og elles alt som var av driftsmidlar til jordbruket, ein viktig del av verksemda. Dette har han drive med litt heilt til no, men sjølvsagt i mindre målestokk. Han tok også ei tid i mot innmelding av slakt for Vestlandske

Salslag. På femti- og sekstitalet tok han i mot saueskinn om haustane, og på det meste kunne det komme opp i 400 skinn. Desse vart leverte frå Sanddalen og Myklebost, og dei var nyslakta når han fekk dei i hus. Dermed var det å stå om kveldane og salte og pakke skinna, slik at dei var klare for transport til Førde med rutebilen neste dag. Butikken har også i tidlegare tider fungert som mottak for vilt om haustane. Ingvald fortel at faren i 1932 tok i mot 4000 ryper og ei mengd hare og orrfugl. Desse vart pakka i posar og lagde i trekassar for levering til Bergen. Denne hausten vart det så mykje vilt

*“Ingvald er nemleg av den heldige sorten som har fått hobbyen som yrke, og dermed tok han det ikkje så tungt om det har blitt smått med ferie gjennom åra.”*

å handtere, at dei fekk mangel på kassar til å sende alt i.

Krigsåra sette sjølvsagt sitt preg på vareutvalet også i denne butikken. Det vart selt kaffi- og te-erstatning og sjølvsagt B-såpe. Sixpence av papir var ei vare som Ingvald hugsar godt. Dette hovudplagget vart under krigen selt for fem–seks kroner, men gjekk på sal for ei krone då krigen var slutt. Han hugsar også godt då dei ei stund etter krigen kunne kaste på bålet resten av B-såpa og mange av dei andre krisevarene. Av andre spesielle ting og varer han hugsar, så nemner han spesielt dei tunge 200-liters parafinfata og sirupstønnene på 180 kg. Desse var ofte eit slit å få inn i butikken, og dette var varer som det gjekk mykje av og som det såleis vart mykje handtering på. At faren gløymde å stenge kranen på sirupstønna etter ei tapping, er ting til å smile av i dag, men heilt sikkert ei dramatisk og dyr hending den gongen.

Som den velassorterte butikken dette har vore, så hadde han sjølvsagt tipping, vekeblad og medisinsal. Medisinsal har han framleis, men vekeblad og tipping vart det slutt på for mange år sidan. Han likte

dårleg at tippinga vart teken frå han, men hadde lite å stille opp med når tippeselskapet skulle kvitte seg med alle som var for små til å få installert elektronisk tipping.

Dette med elektronikk er forresten noko som er totalt fråverande i denne butikken, bortsett frå kanskje ei vekt då. Kassaapparatet er av den typen som skriv tala mekanisk på papirrull, det same er det med ei reknemaskin, og all korrespondanse føregår på ei over femti år gammal mekanisk skrivemaskin. Problemet med denne maskina er ikkje at ho ikkje fungerer, men det tek til å bli vanskeleg å få tak i fargeband til

slikt. Det er heller ikkje mykje elektronikk over rekneskapsføringa; den føregår manuelt, som den alltid har gjort, med sirleg innføring av tekst og tal i store protokollar. Romjula går stort selt med til å slutføre rekneskapskapen, og det tek si tid når alt skal gjerast manuelt, men det går nok heilt greit det. Tidlegare tok han også på seg føring av nokre gardsrekneskapskapar, kanskje for å hjelpe dei det var tale om, men også fordi han tykte dette med tal og rekneskap var interessant.

Nede i kjellaren finst der eit heilt lite butikkmuseum med diskar, vekter, skåp og elles ei mengd andre ting som var i bruk i farne tider. Å komme ned i denne kjellaren er som å ta mange steg bakover i tid, og er ein artig plass. Her finst det også varer frå langt tilbake i tid, og dei som ikkje hugsar korleis brusflaskene eller hermetikkboksane såg ut for førti – femti år sidan, kan finne det ut her.

## Naturmenneske og veidemann

Ingvald har alltid vore glad i naturen og fjella i heimegrenda. Det likaste han veit, bortsett frå å drive butikk

då, er å komme seg ut i naturen. Så sant han har høve til det, blir det ein tur til hytta under Bjørndalsstøylen. Der kan han sitje å sjå ut over Jølstravatnet, eller rusle ein tur innover Bjørndalen.

Han var i yngre år ein ivrig småviltjeger og fjellmann, og fjella i Sanddalen og på Myklebost kjenner han som sin eigen bukselomme. Når han i dag fortel om jaktturene i Bjørndalen og fjella rundt, blir han blank i augo. "– Det var tider det", seier han, og ser drøymande opp i taket eller ut døra og opp i fjella. Då kunne han ligge på Bjørndalsstøylen i lag med eit par kameratar frå grennda i to – tre dagar i slengen. Det vart jakta frå fem om morgonen til fem om kvelden, og bordet sto oppdekka frå dei kom og til dei reiste heim att. Dermed sparde dei både oppvask og arbeidet med på- og avdekking. Om kveldane var det å sitje under parafinlampa og lade nye patroner til neste dag. Hylsene var av messing og kunne brukast oppatt i årevis. Krut vart kjøpt inn i to og ein halv-kilos boksar i lag med fenghetter, hagl og det som elles skal til. Dermed var til å sitje der med vekt og krutmål og produsere patroner til neste dag. Med dei mengdene fugl som var då, ser eg føre meg at det måtte ein del patroner til, og at desse karane ikkje vart arbeidslause om kveldane.

Desse minna er av dei han set høgast frå ungdomstida, og han fortel ofte og gjerne om jaktturene og dei store mengdene med rype som var då. At det var spennande med jakta, var ein ting, men den sosiale delen av dette, og kameratskapet, var like viktig.

Jaktturene i Bjørndalen er det nok slutt på, men Ingvald er framleis like interessert i alt som har med jakt, fiske og friluftsliv å gjere. Er eg innom butikken om hausten, så blir det alltid prata jakt, og han er alltid interessert i å vite korleis det ser ut med rype og orre i år. Dersom eg kan fortelje at i år ser det ganske bra ut, så lyser han opp. "– Er det verkeleg sant?", kan han seie då. Ein kan om lag sjå korleis det kriblar i fingrane på karen etter å ta hagla på ryggen og stryke til fjells.

### Eit oppkomme av soger

Ingvald har eit fabelaktig hugs når det gjeld ting som har skjedd i lokalmiljøet. Det gjeld både namn og årstal, i tillegg til at han kan sitere ordrett ting som har vore sagt for to mannsaldrar sidan. Han har god sans for humor og den gode replikken. Er han i rette lunet, kjem historiene trillande som ertor or ein sekk. Han er ein meister i å fortelje og til å herme etter folk som har levd tidlegare, og som har sagt eller gjort ting som kan kalle på smilet. Ei slik forteljing blir alltid avslutta med ein god lått og ei karakteristisk risting på hovudet. Blir han sjølv fortalt ei god historie eller servert ein replikk som han likar, så ser han først alvorleg opp i taket, før han sprutar ut i ein latter som kan vare lenge. Somme tider ber han om å få fortalt historia ein gong til, og dermed blir det ny lått.

Ei av dei gode historiene til Ingvald er denne: I Sanddalen var der ei familie frå Bergen som ferierte i hytta

si om somrane. Desse var kundar i butikken til Ingvald, og ein dag dei var der, møtte dei ein annan sanddøling som var på butikken samstundes. Denne karen kjende folka frå Bergen og spurde etter ei eldre dame som høyrde til denne familien. "– Nei, hon er dessverre død", fekk han til svar. "– Å... So ho e' liksom ikkje med i år, då, kanskje?", kom det frå den andre, etter litt tenking.

Slike og liknande episodar er Ingvald ein meister i å hugse, og han kosar seg når han får fortelje om dei til folk som likar å høyre på.

Til slutt står det att å ynskje Ingvald til lukke med tre jubileum no i år. 50 år som eigar av butikken, 80 år sidan faren starta den, og 110 år sidan bestefaren etablerte handel "fra egen bolig på Nedre Vassenden i Jølster Herred."

*Ingvald med manuell rekneskapsføring.*



# Lensmannsboka

Av Svein-Olav Sandnes

*Dess lenger bak i tida vi går, dess færre skriftlege kjelder har vi å halde oss til. I Jølster er vi så heldige at vi har ei bok som vart skriva av lensmannen Jens Nilsson Nedrebø på slutten av 1600-talet. Boka er ein fascinerande miks av lokale, nasjonale og internasjonale emne.*

## Kven var Jens Nilsson?

Vi veit ikkje så mykje om Jens Nilsson Nedrebø, og det meste av opplysningar om han kjem frå hans eiga hand. Jens var fødd 19. april 1627, som son til gardbrukaren Nils Andersson og kona Brite Jakobsdotter på Nedrebø. Sidan han ikkje har nemnt noko om søskena sine, må ein rekne med at han var einbarn. Jens vart gift i 1649 med Brite Larsdotter (ca. 1629–1706) frå Løset, og saman fekk dei seks born som levde opp: Susanne (f. ca. 1651), Johanne (f. 1653), Lars (f. ca. 1654), Elias (f. ca. 1658), Moses (f. ca. 1667) og Nils (f. ca. 1670).

Kring 1650/55 tok han over farsgarden på Nedrebø, og han sat som brukar der fram til han døydde torsdag 10. juli 1704, 77 år gammal.

Jens var jølstring, men slekta òg frå prestefolk både på mors- og farsida. Farfars far var Krispinus Johannesson, som var prest i Jølster då han døydde i 1572. Sonen Anders, farfar til Jens, var den første i slekta som vart brukar på Nedrebø, kring år 1600. Også mora til Jens var av prestefolk. Foreldra hennar var Jakob Hansson, som var prest i Jølster 1609-26, og Susanne Jensdotter.

Jens Nedrebø vart lagrettemann som 26-åring i 1653. I 1677, eit par veker etter at han fylte 50 år, vart han sett til å vere lensmann i Jølster. Han sat med ombodet til han døydde 27 år seinare. Bestefaren Anders Nedrebø hadde vore lensmann tidleg på 1600-talet, og Jens overtok som lensmann etter ein annan nær slektning, Krispinus Tollefsson Sandnes. I dei neste hundre åra etter at Jens

døydde, var alle lensmennene i Jølster i nær slekt med Jens.

## Innhaldet i Lensmannsboka

Jens skriv om framande land og kulturar, og det er som vi anar at han har mora seg med å notere dei "underlege" skikkane rundt om i verda. Mange jølstringar er nok kjende med mykje av dei lokalhistoriske opplysningane i boka, for i "Soga um Jølst" har Albert Joleik sitert ho flittig.

I første delen av boka skriv Jens om tyrkarane og religionen deira (s. 1 – 26) og om jødar og jødedomen (s. 26 – 58). Frå side 59 og framover skriv Jens om framande land og språk. Han har korte opplysningar om Egypt og Irland, han er innom gresk mytologi, og han fortel om korleis fugl fønix kjem til nytt liv frå oska.

Boka har med talrekkjer frå ein til hundre på språka santives og maleisk. Vidare er der lister med danske forklaringar på latinske og maleiske ord, og ordlister mellom

delen starta nok etter at han vart lensmann i 1677. Siste halvdel av boka omhandlar dødsfall i Jølster. Der skriv Jens først nokre biografiske opplysningar om seg sjølv og om dødsfall til slekt og venner. Så skriv han om dødsfall i Jølster fram til 1678, før han skriv kronologisk om dødsfalla frå 1678 og framover til 1704.

Lensmannsboka er berre ca. 10 x 15 cm stor, som etter våre moderne mål tilsvarar om lag \_-dels A4-side. Ho er no på 256 sider, men der har vore fleire tidlegare: I eit manuskript etter Jølster-presten Ole Hanning (1715–1763) finn vi opplysningar presten seier å ha henta frå Lensmannsboka.

Hanning tek for seg presterekkjene i Jølster, nesten ordrett attgjøve frå Lensmannsboka, samt oversyna Jens laga på bispar og futar i vårt distrikt. I tillegg nemner Hanning fleire dramatiske hendingar frå 1600-talets Jølster. Mykje finn vi att i Lensmannsboka, men der er også fleire historier (flaum, ras og avret-

*“Jens skriv om framande land og kulturar, og det er som vi anar at han har mora seg med å notere dei "underlege" skikkane rundt om i verda.”*

dansk og finsk. Jens nemner kvardagslege ord som brød, kniv, bukse og takk heiter på finsk, men har også med at det finske ordet "Puteminkaascka" tilsvarar det danske "Kiys min bag dele"!

Også historiske hendingar frå Norden har fått sin plass i boka. Jens skriv m.a. om at Island vart "funne" og besett av nordmenn i år 872, at "Hagen Adelsteen" (Håkon Adalsteinsfostre) blei konge i år 933 og at "søloff Bierget" (på Kongsberg) vart oppdaga i 1623.

Vi veit ikkje når Jens byrja å skrive i boka si, men den kronologiske

tingar) som ikkje finst i boka i dag. Vi får berre håpe Hanning har teke med det viktigaste frå det Jens skreiv, men det meir kvardagslege (som dødsfall eller Jens sine private forhold) har nok presten utelete. Vi vil aldri få vite.

Det aller meste i boka er skriva av Jens Nedrebø sjølv, men mange av dei blanke sidene er brukte etter at han døydde. M.a. er listene over prestane i Jølster ført ajour fram til Christen Daae kom til bygda i september 1819.

## Kjeldene

Jens nemner ikkje sjølv kvar han har

henta opplysningane til boka si frå. Unntaket er før han startar omtalen av prestane i Jølster: "Efter gammel Erlige Folck beretning Huad Prester her haffue veret Paa Jølster". Første presten han nemner er "Her Hufleck Affde Hestekorn søn", som må tolkast som son til Audun Huggleiksson Hestekorn, men det er tvilsamt at denne Hufleck (Hugleik) verkeleg har eksistert.

Det er vel på same måten Jens har fått dei andre lokale opplysningane, ved å spørje gamle, ærlege folk i bygda. Mange av opplysningane hans om dødsfall og andre hendingar i bygda er svært detaljerte. At Johanne på Berg døydde i 1633

teke med er då bestefaren hans, Anders Krispinusson Nedrebø, vart gravlagd under golvet i Ålhuskyrkja 4. mars 1643. Same dag vart Marte i Sanddalen gravlagd. Dødsdagen er ikkje nemnt for nokon av dei.


I ein del tilfelle blir dei kyrkjelege datoane nemnde, t.d. "I Fasten", "før Kyndelsmisse", "mandag før vor Fruedag" eller "Dagen effter 20 dag Jull". Dette kunne tyde på at Jens har hatt føre seg kyrkjebøker når han gjorde notatane sine.

Prestane var pålagde å skrive kyrkjebøker frå 1660-åra, men dei færreste gjorde det, og få av bøkene finst i dag. Eldste kyrkjeboka frå Jølster, som finst i dag, startar 1.

lagde, men den finst altså ikkje i dag.

Jens fører sjølv ei liste over når prestane kom til prestestilling i Jølster og når dei døydde. Ofte gjekk det fleire månader frå ein prest døydde til ein ny var på plass, og i denne perioden ville det naturleg nok ikkje bli ført kyrkjebøker (sjølv om gravleggingar og fødsjar sjølv sagt gjekk sin gong). Om Jens brukte kyrkjebøkene som kjelde, ville det vere ein lakune også i opplysningane i Lensmannsboka, men slike ope rom i tidsrekka er der ikkje. Vi må difor konkludere med at Jens i alle fall må ha hatt fleire kjelder enn eventuelle kyrkjebøker.

8



kunne gjerne folk hugse i tiår etterpå, men at det skjedde akkurat 7. februar, må ein vel ha hatt skriftlege kjelder for å hugse. Fleirtalet av dødsfalla, også dei eldste, er nemnde med i alle fall kva månad dei skjedde i.

Den eldste gravferda Jens har

november 1696, og blei ført av den nytilsette presten Rasmus Fischer. Denne boka har dessverre store manglar, og mange kyrkjelege handlingar kan vere slurva bort. M.a. manglar innføringar av døde/gravlagde. Det kan synast naturleg at Fischer hadde ei eiga bok for grav-

Som eksempel kan vi bruke året 1676. Presten Daniel Hansson Bugge døydde 22. februar 1776, og først 15. oktober same år var den nye presten, Jakob Maschius, tilsett. Det skulle altså vere lakune mellom februar og oktober 1676. I 1676 har Jens nemnt 11 dødsfall, der seks av



dei er daterte: 15. januar, 21. februar, 22. februar (presten), 30. februar, 10. april og 28. august. Som ein ser av desse eksempla må Jens ha hatt andre kjelder enn kyrkjebøkene å halde seg til.

Det mest nærliggande blir då at Jens brukte munnlege kjelder. Tradisjonen med munnlege overleveringar stod nok sterkt i Jølster på 1600-talet, for det var eit lite fåtal som kunne lese og skrive. Men unøyaktigheita stig også etterkvart som tida går, så dei eldste opplysningane er òg dei mest usikre.

Både Jens og Hanning skriv om presten Krispinus Johannesson som "alle" i Jølster slektar frå. Dei skriv begge at Krispinus vart prest i Jølster i 1561 og at han var prest i sju år, og at han døydde i Sanddalen dagen etter nyttår 1568. Begge skriv at kona hans heitte Kari, men det er berre Hanning som skriv at ho var frå Hus. Forfattaren og presten Absalon Pedersson Beyer (1528-1575), som levde samtidig med Krispinus, skriv at Jølster-presten døydde 11. januar 1572.

Det finst nokre få og spreidde døme på at det blei ført kyrkjebøker i Noreg. Den eldste kyrkjeboka som finst i dag er påbyrja i 1623 og er frå Andebu i Vestfold. I 1668 vart det vedteke at prestane i Bergen stift skulle føre bok over døypte og vigde, og frå 1688 var alle norske prestar pålagde å registrere dåpar (med namn på barn, foreldre og fadrar), trulovingar, vigsler og gravferder. Mange prestar starta då med kyrkjebokføringar, men mange bøker er seinare gått tapt. Til saman finst det i Noreg i dag 127 kyrkjebøker som er påbyrja før år 1700.

Det er datoen for den kyrkjelege handlinga som blei skriven i dei eldste kyrkjebøkene – dåp og gravferd, ikkje fødsel og død. Gravlegging stod slekta til den døde for, utan at presten var involvert. Det var "liig-prædikken" presten tok del i (og fekk betalt for), og difor var det dette som blei innskrive i kyrkjeboka. Jens Nedrebø skriv ofte både døds- og gravferdsdatoen, men aldri likpreikedagen.

Jens Nedrebø nemner ingen vigsler i boka si, bortsett frå då to av

borna hans vart trulova og vigde kring 1679, og han nemner heller ingen fødslar eller dåpar. Bortsett frå i heilt spesielle tilfelle (trillingfødslar) har han heller ikkje med born som døydde unge.

Det er godt mogeleg at det har vore eldre kyrkjebøker skrivne i Jølster. Den nesteldste kyrkjeboka som finst no dekkjer åra 1731–49, og der er fleire av dødsfalla nemnde med svært nøyaktig alder. M.a. er skysskaffaren Lars Olsson Årdal innskreven som "89 aar gammel mindre end 8 uger og 5 dage" då presten heldt likpreike over han i februar 1732, og Kristi Olsdotter Egge (frå Breim), som det vart lese for same dag, var "16 aar mindre end 20 uger".

Utan skriftlege kjelder, kunne det vere vanskeleg å halde kontroll på når noko skjedde. I Soga um Jølst skriv Albert Joleik om ei tingsak frå 1760, der ei jente frå Søgnesand hadde fått born med stefaren sin. Ho vart spurd i retten om kor gammal ho var, men kunne ikkje svare på det. Lensmannen Tollef Bjørset var

*"Det mest nærliggande blir då at Jens brukte munnlege kjelder. Tradisjonen med munnlege overleveringar stod nok sterkt i Jølster på 1600-talet, for det var eit lite fåtal som kunne lese og skrive."*

morbrosen hennar, og han trudde ho var om lag 29 – 30 år. Presten Hanning kunne ikkje seie det sikkert heller, for dåpane i åra 1728 – 1731 var ikkje innskrivne i kyrkjeboka.

Det Jens Nilsson skriv om andre religionar og kulturar, må han ha henta frå skrivne kjelder. Statsarkivar Yngve Nedrebø har funne at Jens må ha hatt føre seg ei bok som heitte "Compendium Cosmographie", som kom ut i København i 1630-åra. Boka har vel komme til Jølster med prestefolk, som det som nemnt var fleire av blant Jens sine besteforeldre. I skiftet etter Jens i november 1704 var der nær 20 ulike bøker, m.a. "Norsche Kongers Crønicha", "Natur

Wunder" og den før nemnde "Compendium...".

### **Dødsfall nemnde i Lensmannsboka**

Jens har skrive om 972 dødsfall, av desse er 27 personar nemnde to gongar, slik at det er 945 personar nemnde. Dei eldste dødsfalla er frå året 1611, altså 16 år før Jens var fødd, då Nils Bjørnsson Myklebust, Anders Pedersson Øvrebø og Nils Årdal døydde. Dødsfalla dekkjer ein periode på nesten 100 år: Den yngste innføringa er drengen Johannes Bendiksson Søgnesand, som døydde i pinsa 1704. Jens sjølv døydde ein månad etter.

Berre eit fåtal av dødsfalla Jens nemner er born, sjølv om det nok døydde mange born i løpet av første leveåret. Av dei totalt 315 personane han skriv om før han vart lensmann i 1677, har han nemnt alderen på 48 (32 menn og 16 kvinner). Bortsett frå ein mann på 40 år, er alle frå 60 år og oppover. 200 av personane (116 menn og 84 kvinner) som døydde etter 1677 er nemnde med

held utanfor dei heilt yngste, kan det verke som Jens i denne siste perioden av livet sitt har fått med dei fleste dødsfalla. Om ein samanliknar med dødsfall i kyrkjebøkene i Jølster på 1730-talet var der eit snitt på 33 dødsfall pr. år, men heile 17 (53 %) av dei var born under 10 år.

Seinare på 1700-talet gjekk kvaliteten på innførselene i kyrkjebøkene ned. Yngve Nedrebø har samanlik-

seier lite om kvaliteten på det eldste materialet.

Dei 27 dødsfalla Jens nemner to gongar (på ulike stadar i boka) kan også gje oss ein peikepinn på kor nøyaktig han var. Tre av desse dobbeltføringane omhandlar tida før 1678. 21 innføringar samsvarar heilt, medan dei seks andre varierar noko. Av dei tre eldste innføringane er to heilt samsvarande, medan den

Nilsson ei stjerne på himmelen i sør-aust. Ho hadde ein forferdeleg stråle som gjekk rundt heile himmelranden, og var synleg fram til Kyndelsmesse (2. februar) i 1681. Dette naturfenomenet har nok gått sterkt inn på Jens, som avsluttar historia med følgjande lekse: "Jesus Christus guds Afflit Søn forbarme dig Offuer os Arme Synder oc verre os Naadig oc Barmhiertige, Amen i Jesus Naffn Oc Amen Amen".

*“Uansett kven som starta samlinga av opplysningar, er Lensmannsboka i dag ei uvurderleg kjelde til livet og folket i Jølster på 1600-talet, og ho gir oss eit glimt av livet til den uvanlege lensmannen Jens Nilsson Nedrebø.”*

na innskrivne dåpar i kyrkjebøkene frå Jølster på 1750-talet med arvingar i skifte og har funne at så mange som 30 – 40 % av fødslane ikkje er registrerte med dåp av presten. I 1760-åra er berre kring halvparten av dei det vart halde skifte etter, nemnde av presten. Det har med andre ord vore ei klar underrapportering.

I tillegg til opplysningar om namn og dato ved eit dødsfall, skriv Jens utetter i boka også små kommentarar kring personane. Mest brukt er uttrykka "En smuck quinde" og "En skickelig Mand", og ikkje minst ulike variantar av "Gud glede deris Siel i Himmelrige". Ein anar også ein meir personleg Jens når han m.a. skriv at "Min gode gammel venne" Ola Skrede døyddde i 1690 og "min gode venn" Torgeir Berg året etter.

### **Kan vi stole på opplysningane?**

Sidan Lensmannsboka til Jens stort sett er einaste kjelda som finst, er det vanskeleg å seie kor sikre opplysningane hans er. Men nokre kjelder finst: Eldste skifteprotokollen for Sunnfjord startar i 1677. Om ein samanliknar med innføringane her og i Lensmannsboka, stemmer det i stor grad. Som nemnt ovanfor var det truleg på same tid Jens starta å føre boka si kronologisk, så det

eldste er skriven som "om hausten", men med 1622/1623 som årstal.

Dei fleste dobbelttoppføringane av dødsfall er gjort i samband med at ein ektemake døyddde, og Jens har då ført til når t.d. "Hindis mand" døyddde. I ein del tilfelle er det slik vi får vite at ein ektemake døyddde, men at maken (oftast kvinna) ikkje er namngjeven der (og heller ikkje andre stadar).

### **Dramatiske hendingar**

Dagleglivet i bondesamfunnet Jølster på 1600-talet var nært knytt til vêret og naturkreftene og kva dette hadde å seie for avlinga.

Etter ein regntung sommar i 1688, kom hausten med tørke og frost. Det kom ikkje regn frå oktober til januar, men 28. januar 1689 braka det laust. Rundt heile Jølstravatnet og i Stardalen blei bygningar og det som var i dei skada av snø og vatn og ras. Verst gjekk det på Strand, der ei stove vart teken av ras og ei kvinne omkom, og i Dvergsdalen, der fem hus gjekk med i ras og ein ung mann vart drepen.

Vel ei veke seinare kom nytt uvêr. Klokkaren Søren på Solheim mista det meste av bygningar og husdyr og innbu, og den vesle sonen hans døyddde. Det var "stor ynck At see der paa", skriv Jens i boka si.

Den 18. desember 1680 såg Jens

### **Var boka starta av ein annan?**

Ein del opplysningar som ein kunne vente å finne i Lensmannsboka, er ikkje der. Jens skriv om fleire avrettingar på 1600-talet, men hekseprossessen på Breim i 1664, der ei kvinne frå Veiteberg var ein av dei som vart avretta og brend, har han ikkje nemnt.

Kolbein Andersson Myklebust vart drepen av lensmannen Krispinus Sandnes i 1649. Dette er ikkje nemnt i Lensmannsboka, men presten Hanning har teke med ei linje som kjem frå Krispinus: "den 20 Febr. kom ieg fattige Mand (Crispinus Sandnes) i den ulykke at ieg disvære stak Colben Andersen ihiel, saa gud trøste mig arme Mand". Sitatet må opphavleg ha vore skrivi av Krispinus sjølv. Det må vere nærliggande å spørje om Krispinus, som var lensmann før Jens, kan ha starta arbeidet med å notere hendingar frå bygda, og at arbeidet vart vidareført av Jens.

Uansett kven som starta samlinga av opplysningar, er Lensmannsboka i dag ei uvurderleg kjelde til livet og folket i Jølster på 1600-talet, og ho gir oss eit glimt av livet til den uvanlege lensmannen Jens Nilsson Nedrebø.

### **Kjelder:**

Arkivverket.no/riksarkivet.no/kongsberg  
Digitalarkivet.no: Avskrift av Lensmannsboka  
Digitalarkivet.no: Ole Hannings manuskript  
Joleik, Albert: Soga um Jølst Nedrebø, Yngve: Bergensposten nr. 2/1999 og nr. 2/2005  
Kyrkjebøkene A1 og A2 i Jølster

# Litt om historia til Jølster Høgre

Av Arne Lesto

Dei fyrste tiåra etter krigen hadde politikarane store oppgåver med gjenreising av landet. Høgre ville at det skulle skje på grunnlag av tradisjonelle verdiar. I 1940 åra stod dei ideologiske konfrontasjonane sentralt, mens 1950-åra var prega av tilnærming og oppbygging av det borgarlege samarbeidet. På 1960-talet kjempa Høgre om det politiske initiativet, og 1970-talet var perioden for nye prinsipielle konfrontasjonar, som i sin tur førte til Høgrebølga. Sentrale personar var Carl J. Hambro, Sjur Lindebrække, Jon Lyng og Kåre Willoch.

Høgre vart skipa den 25. august 1884. Partiet erklærer seg sjølv verdikonservativt og set folkestyret, eigedomsretten og den personlege fridomen høgt.

Oppslutninga om Høgre har variert mykje. Størst del av røystene hadde Høgre i 1894, då 49,4 % røysta på partiet. Ved valet i 1997 fekk Høgre 14,3 % av røystene, det dårlegaste valresultatet til då etter 1945. Partiet gjorde eit godt val i 2001, og kom i regjering saman med Kristeleg Folkeparti og Venstre. Stortingsvalet i 2005 vart eit nytt dårleg val for Høgre, som vart passert av Framstegspartiet og dermed vart berre tredje størst på Stortinget.

Leiaren i Høgre er i 2007 Erna Solberg. Ungdomsorganisasjonen til Høgre heiter Unge Høyres Landsforbund, og leiaren der heiter Thorbjørn Røe Isaksen.

## I Sogn og Fjordane frå 1921

Høgre i Sogn og Fjordane vart skipa i 1921 med Olav Sæbø frå Høyanger som leiar.

Mellom fleire markante høgrefolk må nemnast **Julius Fure** frå Stadlandet. Han var frå 1968 og ut på 70-talet den fremste forkjemparen for lokalsjuehusa i fylket. Han "ofra" Høgre for å nå fram med sin bodskap. Han organiserte "Valliste for desentralisert utbygging i Sogn og Fjordane" og fekk inn fem repre-

sentantar på Fylkestinget i 1976. Etter ein periode var han attende i Høgre og var fylkesordførar i perioden 88-91. **Lars Lefdal** (fødd 1939 i Davik), vart vald til Stortinget frå Sogn og Fjordane i 1977. Han var ordførar i Leikanger i perioden 1975-1977. **Dagfinn Hjertenes** (fødd 1943 i Florø, død 2006) kom til Stortinget frå Sogn og Fjordane i 1989. Hjertenes var ordførar i Flora i periodane 1979-1985 og 1987-1989.

Mellom 1955 og 1994 hadde partiet eigen organisasjon for Høgrekvinnene i fylket. Unge Høgre starta fylkesorganisasjon i 1968.

I 2007 er **Bjørn Lødemel** frå Hornindal leiar av fylkeslaget, og for fyrste gong stilte partiet liste i alle 26 kommunane i fylket ved kommunevalet.

## Høgre i Jølster frå 1975

Det står ihuga enkeltmenneske i front når nye aktivitetar vert drivne fram. På bygda kan dette vere tøffe skritt å ta, særleg når det gjeld ei sak som rører ved gammalt politisk arvegods og inngrodde vanar.

Slik også for det som vart heitande Jølster Høgrelag, skipa på Vassenden Pensjonat den 17. juni 1975. Høgrevinden var byrja å ruske i jølstringane. Den nye Høgre-leiaren Erling Nordvik (leiar i to periodar: 1974-1980 og 1984-1986) fikk til ei mobilisering som fenga mange. Den likandes nordnorske dialekten og den eminente talaren fekk mange til å høyre etter. Dette gjorde inntrykk i Sogn og Fjordane, også i Jølster.

Kven som tok endeleg initiativ til høgrelag i kommunen er ikkje heilt klart, men den som vart vald til leiar på skipingsmøtet, der det var 18 framførte frå heile kommunen, var **Knut Lyngstad** frå Vassenden. Andre namn som er sterk framme dei fyrste åra er Reidar Støfring, Idar Grindheim, Jofrid Årset, Sigurd Aarseth, Steinar Sunde og Harald Hjellbrekke.

Opphavleg var planen gjerne å stille liste ved kommunevalet i 1975. Protokoll frå skipingsmøtet fortel at det var drøftingar om program til valet, men: "Møtelyden kom fram til at no sidan vi er så få kunne ein kontakte Kristeleg Folkeparti om eit eventuelt listesamarbeid for valet no i haust." Dei valde ein mjuk start, men startskotet var gått!

Laget fungerte godt, det vart stort engasjement for Stortingsvalet i 1977, og utsendingar til samlingar og fylkesårs møte. Bjarte Eikeset toppa listeframlegget frå Jølster.

I april 1977 skipa Jølster Høgrelag til eit orienteringsmøte om politikken i Jølster og Sogn og Fjordane i Borgja, og hadde invitert kapasitetane Bjarte Eikeset og Jon Hegdal saman med ordføraren for å halde innlegg. I protokollen frå møtet står der m.a.: "Ordførar Sverre P. Befring var ikkje viljug til å orientere om stoda i Jølster." Ikkje godt å gisse kva som var i vegen for det, kanskje er det eit døme på det politiske klimaet den gongen?

Milepålen kom ved kommunevalet i 1979. Diskusjonane om å stille eiga liste gikk over fleire styre- og medlemsmøte. Framleis var det enkelte som ville ha listesamarbeid. Austvest-frontane i kommunen var i beste velgåande, skrekken for at eine enden av bygda skulle verte for sterk og at posisjonane i kommunestyret skulle rakne plaga nok nattesønnen for enkelte!

Det endelege gjennombrøtet stod Idar Grindheim for, og det fyrste nominasjonsmøtet vart på Skei Hotell den 5. juli 1979. Referatet frå dette møtet viser at valnemnda sin leiar, Norleiv Helgheim hadde ein innfløkt tørt med å komme i land med alle avstemmingane, detaljerte avstemmingar for kvar einaste listeplassering er skrive ned. Det vart ein sein kveld igjen for høgrefolka i Jølster.

Ved valet fikk partiet tre mandat, undervisningsinspektør Gunnar Smaadal vart varaordførar og dis-



*Knut Lyngstad:  
Første formannen i Jølster Høgre, 1975 – 1978.*



*Ivar Sægrov:  
I kommunestyret i tre periodar, 1991 – 2003.*



*Geir Heggheim:  
Representerer i dag Jølster høgre i kommunestyret, saman med Geir Espe.*

triktslækjar Trygve Berstad og gardbrukar Leon Årseth kom i solide komitéar.

Korleis det var å komme som innflyttar til Jølster, fortel **Gunnar Smaadal** gjerne om: Den pågåande bygdestriden då i 1968 og historiene om korleis aust og vest tørna saman på kommunestyremøta, gjorde til at han valde Høgre si liste ved kommunevalet hausten 1979, og, legg han til: "Partilistene kunne vere vegen å gå for å dempe aust/vest-konfliktane." Smaadal fortel også om korleis Høgre si liste, som inneheldt namn frå mest alle grender, vart sett på som ei liste for heile kommunen. Lista vart godt motteken og gav 3 mandat med formannskaps plass og varaordførar.

Høgre sine representantar vart godt mottekne i det "etablerte" miljøet. Ordførar Befring var ein erfaren og respektert politikar som gav dei nye folkevalde verdfulle råd med på vegen. "Eg opplevde det nesten som litt ille då vi var med på å fjerne han som ordførar for at Høgre skulle få varaordføraren, men politikk er ein kamp om posisjonar, så slik vart det", seier Smaadal.

Han minnst også Johannes Hauge, som var kontorsjef den tida, ein ryddig og dyktig kar som køyrde formannskapet hardt, ofte til langt på natt. "Ei travel, men lærerik tid".

### **Nye, store saker**

Ei stor sak på midten av 1980-talet var bygginga av aldersheim på Vassenden. **Alf Støfring** sat i denne perioden (1983-1987) i kommunestyret for Høgre i lag med Oddvin Førde. I den avgjerande fasen om godkjenning og lånefinansiering, og dermed utteljing for prosjektet, vart det knytte tette band til omgjevnadane rundt dåverande kommunalminister Arne Rettedal.

Støfring var tett inne i denne prosessen og var klar over kor viktig "timinga" var for å legge sakene fram for ministeren. "Då eg fekk telefonen på jobb på Posten den morgonen, om at godkjenningsdokumenta var signerte, var kjensla enorm!". Dette var før Fylkesmannen kom inn som aktuell instans i slike saker. Støfring fortel vidare om kor viktig det var for det positive utfallet at bygdefolket stod bak med stort engasjement og med ei stor pengegåve. Han synes det er rettferdig å legge mykje av æra for utfallet til innsatsen frå Jølster Høgre.

I 1991 kom **Ivar Sægrov** i kommunestyret for Jølster Høgre. Han hadde då to periodar bak seg på kommunale taburettar. Med seg fekk han Bjarne Steinsund. Med sin bakgrunn var Sægrov på rett plass som leiar i komiteen for Plan og Næring. Han fortel om omorganisering av kommunen (den gongen òg), styrelieiarvervet i Astruptunet og om bygginga av eldfast bygg for den verdfulle kunsten.

Banebrytande for kommunen vart arealplanarbeidet og etterkvart Meierisaka. Denne siste var som kjent ein kamp om plassering. Anlegget hamna på Byrkjelo, ettersom ulike interesser til slutt spela Jølster ut over sidelinja. Kanskje var usemje også i kommunen årsak til dette, då det knapt fanst klargjort areal til å ta imot eit slikt anlegg. Politisk var saka knapt på sakskartet, spelet gjekk føre seg på andre baner. Historia hadde sikkert gjort seg mellom to permar.

Ivar Sægrov minnst også tunge saker av administrativ art og dragkampar i ordførarval. Han nemner spesielt då Høgre støtta Senterpartiet, framfor Venstre. Senterpartiet var då sett på som litt meir

"borgarleg" enn Venstre og målsettinga var å justere Senterpartiet litt meir mot Høgre! Jau, det var sikkert mykje moro!

I 1990 etablerte HV 10 seg i Jølster. Dette var eit kjempeløft for kommunen, som når avgjerda var teken måtte prioritere dette som nr. 1 i eitt og alt! Kommunen sitt tekniske apparat fekk store utfordringar og etter kvart nyttige erfaringar. Her var det politisk semje i det meste, og Høgre deltok i prosessen og kunne feire at Jølster var plassert på forsvarskartet.

I jordbrukskommunen Jølster gjekk det varmt føre seg under EU-striden fram mot folkerøystinga 28. november 1994. Høgre som var og er tilhengar av det Europeiske Fellesskapet, vart ikkje sett høgt i kurs her i bygda. I protokollane frå den tida er det, pussig nok, knapt skrive eit ord om EU.

Usemja var nok også å ta og føle på i Jølster Høgre, likevel var det ikkje direkte strid i laget. Respekt for poliske standpunkt var då òg ein styrke. Dei tillitsvalde sto på sine postar, og seinare val gjekk stort sett som før, men det vanka mange sleivete og nedsettande kommentarar. Seinskadar kjem fram av og til endå.

### **Omorganiseringar**

**Jofrid Årset** var i mange år ein krumtapp i Jølster Høgre, leiar og representant i kommunestyret i lag med Ivar Sægrov frå 1994. På spørsmål om det var spesielle minne frå denne tida ho kunne nemne, vart det omlegginga av omsorgstenestene ho kom på fyrst.

I 2006 vart ei omorganisering starta opp med formål å gjere tenestene rimelegare for kommunen, som i samanlikning med andre kommunar kjem svært høgt på kostnadssida.

Jofrid gløymer ikkje lett at same temaet resulterte i opprivande debattar og sterke karakteristikkar frå motstandarane av denne modellen i 1996-1997. På eit folkemøte om saka vart Høgre sine representantar nærast sette i gapestokk for sine argument.

At representantane for Jølster Høgre også den gangen var tidleg ute med ei god sak, var det mange som skjønna. Men ting tek tid i politikk, dei mest ihuga kritikarane den gongen vart engasjerte forkjemparar etter godt 10 års modningstid! Omlegginga vart vedteken i 2006, etter omlag same lest, utan den store debatten.

At Kjøsnesfjordutbygginga vart vedteken var også ei fanesak for Høgre, likså utbygging og opprusting av skulane som også på 90-talet var viktige saker. Av det politiske arbeidet elles, peika også Jofrid på dette med partilister. Dette var eit kjensleladd tema som opprørte mange. I dag ser vi at det har gjeve ryddige arbeidsvilkår for dei folkevalde og eit mindre konfliktnivå mellom bygdelaga i aust og vest, sjølv om enkelte klamrar seg til gamle motsetnader.

Frå 1999 var **Kjellaug Grimsbø** og Ivar Sægrov representantane for Jølster Høgre. Hennar store røynsle frå mange organisasjonar og vide interessefelt vart ein stor ressurs. Ho vart ein inspirator for kollegaer og andre som hadde glede og nytte av å samarbeide med henne, både i kommunestyret og andre fora.

### **Kommunesamanslåing**

I 2002 og 2003 gjekk prosessen med utgreiingane om samanslåing av kommunane i indre Sunnfjord. Etter at representantar frå Høgre, Venstre og Arbeidarpartiet "stod fram" i avisa Firda som "ja-folk" var livet i gang.

Argument om "storkommune, sentralisering, mangel på demokratisk medverknad, store avstandar og dårlegare service" vart hyppig siter-te i avisene, og sjølv sagt "færre lokale stillingar og taburettar".

Argumenta for samanslåing som større fleksibilitet, betre kompetansmiljø og spesialteneste, rasjona-

litet, regional tyngde og innsparingar nådde ikkje inn i folkesjela, "for vi veit kva vi har!".

I Jølster sa heile 981 av innbyggjarane nei, medan 407 sa ja til samanslåinga. Høgre og dei andre partia som var for samanslåing, måtte i kommunestyre berre akseptere vedtaket i sak 72/03 i møtet 16. desember 2003: "Jølster kommunestyre tek resultatet av folkerøystinga 15.09.2003 til vitande. Jølster kommunestyre konstaterer dermed at det ikkje er grunnlag for endringar i kommunestrukturen i indre Sunnfjord no".

Jølster Høgre har hatt eit rimeleg stabilt stemmetal. Bygdelister/samlingslister, eller "splittingslister", som spøkefuglar i ettertid kalla dei, gjekk etterkvart ut til fordel for partilistene. Ved valet i 2003 stilte Framstegspartiet liste i Jølster for fyrste gong, og dermed rauk eit rimeleg sikkert 2. mandat for Høgre. "Straffa" for å vere positive til kommunesamanslåing gjorde vel også sitt. Det vart ikkje noko samarbeid mellom dei to partia i kommunestyret.

Valet 10. september 2007 gav Jølster Høgre to mandat.

### **Jølster Høgre i dag**

Protokollane til høgrelaget har korte setningar om mange og lange kveldsmøte, ikkje uvanleg er "møtet slutt kl 24.00".

Tema som bygging av aldersheimen på Vassenden, arealplana i Øygardsmyrane og andre reguleringsaker, t.d. byggjefelta, engasjerte mange. Høgre sine representantar som Leon Årseth, Bjarne Steinsund og Oddvin Førde var engasjerte pådrivarar i dette arbeidet. Ikkje minst dei spanande tidene rundt HV 10-etableringa på Skei og Kjøsnesfjordutbygginga. Bruken av areal skapte alltid debatt. Ein stad står det støtte til golfbanebygginga, samstundes som det vert uttrykt ei viss otte for manglande industriareal. Dette siste er eit særst aktuelt tema også i 2007. I perioden 2003-2007 er det plasseringa av kommunen i "Register om betinget godkjenning og kontroll – Robek" som voldar mest plage for politikarane. At Fylkesmannen skal godkjenne alle låneoptak og krev sterke bremser i den kommunale

utviklinga, understrekar i mange høve at "det er dyrt å vere fattig". Den lysare sida er at dette er rein tvangssparinga for nedbetaling av gjeld.

Den store aktiviteten med sikring av vegar, bygging av Kjøsnesfjorden kraftverk og ikkje minst den sterke satsinga på småkraftanlegg i regi av grunneigarar, set Jølster høgt oppe på listene over investeringar i fleire samanhengar. Gardbrukarane som satsar frisk med nybygg og samdrifter må ein berre bøye seg djupt for! Slik også det arbeidet og den store satsinga i dei nye sportsområda i bygda, her kjem også entreprenørane sin store utbyggingsfelt for hytter og bustader.

Høgre har alltid støtta konstruktiv utvikling av næring og frivillig arbeid. Høgre vil at tilrettelegging og vilkår vert enklare å leve opp til og at dei lokale ressursane kan nyttast til positiv utvikling for busetnad og trivsel, grunnpilaren i alle samfunn.

### **Jølster Høgre sine representantar ved kommunestyreval:**

- Frå 1979: Gunnar Smaadal, Trygve Berstad, Leon Årseth  
Frå 1983: Alf Støfring, Oddvin Førde.  
Frå 1987: Gunnar Smaadal, Oddvin Førde, Leon Årseth.  
Frå 1991: Ivar Sægrov, Bjarne Steinsund.  
Frå 1995: Ivar Sægrov, Jofrid Årset.  
Frå 1999: Ivar Sægrov, Kjellaug Grimsbø  
Frå 2003: Arne Lesto  
Frå 2007: Geir Heggheim, Geir Espe

### **Leiarar i Jølster Høgre:**

- 1975-1978 Knut Lyngstad  
1979-1980 Harald Hjellbrekke  
1981-1982 Birger Svidal  
1983-1984 Jofrid Årset  
1985-1986 Ivar Øksendal/Jofrid Årset  
1987-1989 Leon Årseth  
1990-1991 Johan Dvergsdal  
1992-1998 Palmar Åmot  
1999-2003 Arne Lesto  
2004-2006 Oddvar Årdal  
2007- Palmar Åmot

# Halldis Moren Vesaas, ein kjær diktar

Av Alvhild Dvergsdal

Halldis Moren Vesaas vart fødd 1907 og vaks opp som eldste jente i syskenflokket på garden Moren i Trysil, i eit rikt kulturmiljø med mykje litteratur. Faren var dikteren Sven Moren. Ho er først og fremst kjend som lyrikar, men òg etter kvart som omsetjar og ein viktig kulturperson både lokalt i Vinje og, særleg etter 1945, nasjonalt. Mellom anna var ho kritikar og medlem av Norsk kulturråd og Norsk språknemnd. Ho vart gift med den kjende, 10 år eldre forfattaren Tarjei Vesaas i 1934. Då flytte dei inn på garden Midtbø i Telemark. Tarjei var odelsgut til garden Vesaas, men hadde sagt garden frå seg – han kjende at han måtte bryte opp og gå nokre andre vegar. Yngstebroren til Tarjei overtok farsgarden, mens Tarjei kjøpte onkelens gard Midtbø, og forpakta bort gardsdrifta. Diktarparet fekk to born, Olav og Guri. Heimen på Midtbø vart viktig sentrum, arbeidsstad og kvilestad i liva til dei to aktive kulturarbeidarane. Det andre geografiske tyngdepunktet deira var Oslo, og det vart mange turar mellom Vinje og hovudstaden etter kvart. På deira eldre dagar kjøpte dei difor ei leilegheit i Oslo, for å bu i når dei var der. Mange kjende norske og nordiske diktarar vitja Midtbø, begge forfatarane hadde evna til å knytte kontaktar og utvikla djupe venskap mellom forfattarkollegaer i inn- og utland. Halldis Moren Vesaas døde i 1995, 25 år etter mannen sin.

Halldis Moren Vesaas skreiv først og fremst dikt, men òg noveller og annan prosa. Ho skreiv ein biografi over faren Sven Moren, og samarbeidde over fleire år med Thorbjørn Egner om nynorskversjonen av lesebøkene hans. Både ho og Tarjei skreiv eigne tekster til desse lesebøkene. Mange nordmenn har hatt sine første møte med desse dikta-



rane gjennom lesebøkene. I 1930- og 40-åra skreiv H. M. V. fire barne- og ungdomsbøker: *Du får gjera det*, *du* (1935), *Den grøne hatten* (1938), *Hildegunn* (1942) og *Tidleg på våren* (1949). Halldis Moren Vesaas var ein dyktig formidlar av litteratur. Ho omsette til saman 53 drama, mellom anna av Brecht, Shakespeare og Molière, for Det Norske Teatret. Ho gjorde det på glimrande måtar og fekk ei rekke prisar for dette arbeidet. I 1990 gav Halldis ut *Vandre med vers*, ein antologi med eit utval dikt som ho var særleg glad i, med kommentarar. Boka er ein svært fin introduksjon til mange lesverdige dikt frå Noreg og Norden.

Halldis Moren Vesaas skreiv to bøker, *Livsminne*, om livet med Tarjei: *I Midtbøs bakkar* (1974) og *Båten om dagen* (1976). Dette er interessant lesing. Lesaren får innblikk i tenkemåtar og ein kultur som mange i dag kan oppleve som tem-

meleg framand, frå ei kvinne som så tydeleg stod med ein fot plassert i tradisjonen og ein i ein moderne livsstil. Halldis Moren Vesaas held fram mannen sin som den store dikteren i desse livsminna – ho sjølv som eit mindre talent. Ho viser seg indirekte som ein sjenerøs, klok, kritisk og ærleg person, som lar lesaren få glimt inn i samlivet til dei to, utan å idyllisere og òg utan å intimisere. Ein kan i somt av det ho skriv, ane ein konflikt hos henne, mellom "feminist"-sympatiar og vilje til å bryte med tradisjonelle val knytte til kjønn på den eine sida, og vissa om at Tarjei måtte få det største rommet for å skrive i samlivet deira, på den andre. Bokstaveleg tala ved at han opp gjennom alle år var den som hadde eit eige skrivarrom i heimen, mens ho måtte flytte papira frå rom til rom etter kva som passa. Det ser ut som om Tarjei alltid respekterte og oppmuntra kona si når det galdt diktinga hennar.

Det er ikkje tvil om at Tarjei Vesaas hadde den mest spesielle og originale diktargåva av dei to. Samstundes skreiv Halldis dikt som betydde mykje for mange opp gjennom åra frå slutten av 1920-talet og fram til 1980-åra. Mari Beinset Waagaard peikar i ein artikkel om "Halldis Moren Vesaas og ønskediktet", om korleis Halldis Moren Vesaas sine dikt har vore blant dei aller mest populære dikta. Dei oftast valde var "Ord over grind", "Å vere i livet", "Lykkelege hender", "Treet", "Voggesang for ein bytting" og "Har vandra så lenge". Waagaard siterer frå brev og grunngjevingar for ønska, – slik skriv til dømes ei jente på 14 år om sitt ønske:

[...] denne gangen ønsker jeg meg noe helt annet: Et dikt av Halldis Moren Vesaas. Det handler om ei jente som blir voksen i løpet av natta, og hun føler akkurat det som

jeg følte i forrige uke da jeg fikk men-  
sen og ikke hadde lyst til å snakke  
om det til noen. Det var så rart og  
høytidelig på en måte. Dette diktet  
sier alt [...]:

### **Ny kvinne**

*Ho la seg i går kveld og var berre  
barn.*

*Ho vaknar i dag – og er kvinne.*

*Det hende i natt. Med ho låg her og  
sov*

*var timen for underet inne.*

*Kor allting er annleis i dag enn i går!*

*Ho er både glad og alvorleg.*

*Å leve – det er visst vedunderleg fikt!  
Og kanskje forferdeleg fårleg?*

*(Harpe og dolk, 1929)*

Tarjei arbeidde mykje med å peike  
på det ordlause og uutseielege i sine  
dikt, der grensene mellom lyrikk og  
prosa ofte blei brotne ned. Halldis  
var mindre eksperimentell og utford-  
dra ikkje på same måte grensene  
mellom lyrikk, forteljing og sakprosa.  
I det ho skriv får ein ofte inntrykk av  
ein uvanleg heilstøypt personleg-  
dom, ei kvinne med sterke tankar og  
sterke kjensler, som ho klarte å gje  
ord til på måtar som mange kunne  
kjenne seg att i. Halldis Moren  
Vesaas var ein tidlig og dristig  
kvinnelig lyrikar, og kom til å bety  
mykje for fleire kvinnelege lyrikarar,  
mellom anna Marie Takvam og  
Eldrid Lunden.

### **Ord over grind**

Forfatterparet var mykje på reise,  
og utanfor Noreg, men først på sine  
eldre dagar reiste dei meir saman.  
Dei ferdest åleine, dels for at ein  
kunne vere med borna heime på  
Midtbø, dels fordi dei to hadde så  
pass ulike ønskje og måtar å reise  
på at dei fann ut at det beste var å  
reise kvar for seg. Det er ei ærleg og  
temmeleg moderne løysing på eit  
problem som truleg gjeld mange.  
Halldis og Tarjei heldt saman i gode  
og vonde dagar og var glade i kvar-  
andre til det siste.

Det å gje den andre luft og rom er  
eit tema Halldis tek opp i "Ord over  
grind" (1965), det diktet av H. M. V.  
som dei fleste har ønskt i  
Ønskediktet ifølgje Waagaard:

*Du går fram til mi inste grind  
og eg går òg fram til di.  
Innanfor den er kvar av oss einsam,  
og det skal vi alltid bli.*

*Aldri trenge seg lenger fram,  
var lova som galdt oss to.  
Anten vi møttest titt eller sjeldan  
var møtet tillit og ro.*

*Står du der ikkje ein dag eg kjem  
fell det meg lett å snu  
når eg har stått litt og sett mot huset  
og tenkt på at der bur du.*

*Så lenge eg veit du vil kome i blant  
som no over knastrande grus  
og smile glad når du ser meg stå her,  
skal eg ha ein heim i mitt hus.*

Respekt for den andre, og ekte  
glede over å vere saman, blir halde  
fram som grunnleggjande i det for-  
holdet mellom to menneske som dik-  
tet gir eit bilete av. "Innanfor den er  
kvar av oss einsam, og det skal vi all-  
tid bli". "Einsam" er eit svært negativt  
lada ord i dag, som som regel blir  
knytt til det å ikkje stå i nokon slags  
relasjon til nokon. Er konstateringa  
ein pessimistisk refleksjon, eller er  
det noko befriande ved henne for den  
som les? Avslutninga er litt underleg:  
Å "ha ein heim i mitt hus"?! Lesaren  
må tenke over forholdet mellom "hus"  
og "heim" – eit eige hus er ikkje nød-  
vendigvis ein heim. Overraskande  
formuleringar i avslutninga er typisk  
for mange av dikta til Halldis Moren  
Vesaas.

### **Lykkelege hender**

Debutsamlinga til Halldis Moren  
Vesaas, Harpe og dolk, kom i 1929  
og fekk gode kritikkar. Her kjem ei  
kvinnestemme tydeleg til uttrykk. Ho  
fortel om sterke kjensler, knytte til ei  
ung kvinne, på måtar som represen-  
terte noko nytt på den tida i Noreg.  
Diktsamlingane som følgde, tok i  
stor grad utgangspunkt i kvinnefa-  
sar: Frå forelsking og ung kjærleik,  
til glæda over å virke i hus og heim  
og sette born til verda. Diktaren held  
fram kvinna som skaper og sikrar  
nytt liv. Lykkelege hender (1936) er  
ei samling prega av ung husmor-  
lykke over mann og barn, hus og  
heim. Titteldiktet lyder slik:

### **Lykkelege hender!**

*Frå gjerning til gjerning som ligg og  
ventar  
berre på dei  
går dei dagen lang.*

*Tene ved livsens grunnkjelder får dei.  
Hendene skaper brød,  
deler ut føde ved dekte bord, til svolt-  
ne munnar.*

*Tøy glir igjennom dei, blir til klær,  
klær glir igjennom dei, blir reine og  
glatte,  
sveiper seg angande kring lemmene  
våre,  
ligg og lyser kvitt over bord og seng.  
Flekker og støv og søle kverv under  
hendene,  
dei vil at alt ikring dei skal skine.*

*Lykkelege hender –  
vatn lever dei i, og tek i tre,  
i jønn og i mangt slags metall,  
kaldt og varmt,  
kveikjer lys, gjer opp varme.  
Blomar får dei røre ved, og alt som  
skal vekse,  
stryke eit dyr over pelsen,  
stø opp ei plante som held på bognar,  
halde vårt kring ei kosteleg bok.  
Heile dagen er hendene fulle.*

*Og kvelden kjem til dei  
med nye gåver:  
klær, vatn,  
puter å glatte,  
eit barns fine hud og mjuke hår  
å røre varleg eit elska andlet  
med trøytt drag.  
Og når natta er der  
søv dei inn i mørkret  
stille og varme  
hos to andre stille og varme hender.*

*Lykkelege hender.  
Ein gang skal det bli sælt  
å få kvile for godt.*

Hendene blir brukte som ein del  
som uttrykker det heile: Ei kvinne.  
Her er ikkje revolusjonerande tankar  
i diktet med omsyn til kjønn og  
kjønnsroller. Kvinna tener "ved liv-  
sens grunnkjelder", og tenesta blir  
skildra og konkretisert i det enkle,  
arbeidssame kvardagslivet, med  
omsorg for andre menneske, plantar,  
dyr og ting. "[Hendene] vil at alt  
ikring dei skal skine". Slutten er igjen

overraskande. Svevn som bilete på døden er eit kjent litterært bilete, og ordet "sælt" gjer religiøse assosiasjonar – men i dette diktet ventar ein likevel ikkje uttrykk for dødslenge. Ei litt anna vinkling på dei lykkelege hendene blir lagt inn ved denne avslutninga: Å tene ved livsens grunnkjelder er hardt arbeid. Kan hende finn vi her òg ein realistisk tanke om at ein dag, men ikkje no, da vil ein kjenne det godt å kunne kvile.

### Tung tids tale

I 1945 kom samlinga *Tung tids tale* som inneheld dikt prega av okkupasjonstida. Halldis Moren Vesaas formidlar i desse dikta ei sterk tru på dei byggjande evnene hos menneska. Trass i ondskapen og øydeleggjane ein var vitne til rundt seg, held ho fram tru på solidaritet og sant fellesskap mellom menneske.

mer – kan hende for at dikta kunne bli memorerte, framførte og overleverte munnleg. Vi anar ein bibelsk tanke i diktet, som ein gjer i mangt av Moren Vesaas si dikting, her i ei nesten profetisk røyst som talar direkte til eit "du", som krev grenselaus nestekjærleik og ansvar for "bror din".

### Treet

I omtalar av H. M. Vesaas sine dikt finn ein ofte uttrykk som "varme", "liv", "livsglede", "kjærleik til livet" – dei formidlar "harmonisk kontakt med tilværelsen". Eit viktig grunnlag for bileta i dikta hennar er ofte at der er samband og samkjensle mellom menneske og natur. Eit vakert dikt som illustrerer dette, er "Treet", titteldiktet frå ei diktsamling frå 1947. Treet speglar ei gravid kvinne, eller er det kanskje omvendt:

*vårt som ein lykkeleg draum  
over det sovande liv.*

*Alt på vår jord som ber knuppar  
og veit si fullbyrding nær,  
har dette skimmeret kring seg  
av venting og togn og draum.*

*Så rart å ha sett det treet.*

*Så godt å ha vore det treet  
– og vere det, enno ein morgon.*

### Den andre skogen

Dikt som inneheld meir disharmoniske røyster, finn vi òg hos Halldis Moren Vesaas. "Den andre skogen" (1955) er eit døme. Her blir andre slags tre skildra, dei som ikkje vart rake og høge slik som dei var tenkt:

*Sterke og rake var alle tre  
i skogen eg kjende før.*

*"I det ho skriv får ein ofte inntrykk av ein uvanleg heilstøyp personlegdom, ei kvinne med sterke tankar og sterke kjensler, som ho klarte å gje ord til på måtar som mange kunne kjenne seg att i."*

Titteldiktet er blitt ein klassikar:

*Det heiter ikkje: eg – no lenger.  
Heretter heiter det: vi.  
Eig du lykka så er ho ikkje lenger  
berre di.  
Alt det som bror din kan ta imot  
av lykka di, må du gi.*

*Alt du kan løfte av børa til bror din,  
må du ta på deg.  
Det er mange ikring deg som frys,  
ver du eit bål, strål varme ifrå deg!*

*Hender finn hender, herd stør herd,  
barm slår varmt imot barm.  
Det hjelper da litt, nokre få forfrosne,  
at du er varm!*

Bodskapen i diktet er tidlaus trass i den historiske konteksten han vart til i. Det er skrive i bunden form, med enderim og fast rytme. Dette gjeld mange av dei kjende okkupasjonsdikta, det vart viktig med fyndige vendingar og meir tradisjonelle for-

### Sjå treet.

*Einsamt står det, nakent  
i kaldt, gulbleikt mars-gry  
med skarp kant av skaresnø  
kring foten.*

*Dei andre tre her på sletta  
står samansigne i stivt bar  
og søv trygt i sin vinter.  
Men dette er annleis enn dei.*

*For dette aleine er nakent  
og ventar lauv.  
Knuppane ligg alt som dropar  
tett etter kvar ein kvist.  
Varsamt og vakt, urørleg  
står treet og ber sin skatt  
med veikt skin som av perler  
kring seg frå rot til topp.*

*Gå ikkje nærare.  
Stilt skal det vere her enno,  
ingen må vakne her enno,  
men snart, snart - -  
derfor ligg dette mjuke skimmer*

*Kvart eitt fekk fülle sin voksters mål:  
høg stamme, vid krone.  
Eg hadde dei, kvar eg gjekk,  
ikring meg som vennlege brør.*

*Kva var det eg likevel sakna?  
Rastlaus dreiv eg over ås og mo –  
og no med eitt er eg ute av skogen  
som hadde han drege seg stumt,  
strengt og fordømande frå meg  
bort.  
– Og den skogen som opnar seg no  
... ?*

*Her er det trangt og skumt  
og underleg forvridne tre,  
stormherja, bøygde og brotne –  
aldri før var eg i slik ein skog.  
Kan det vere her at mitt hjarte  
skal søke – og finne sin fred?*

*Eg ser, av eit evig mønster,  
teikna klart gjennom stamme og  
topp,  
at draumen om den rake vokster  
lever i kvart tre, jamvel her,*



*ligg draumen om styrke og helse  
som bur i ein sjukdomspint kropp,  
eit mål som ingen av desse skal nå,  
men striden for å kome det nær  
får meg med eitt til å ønske  
at livet, mitt liv, må vere her.*

Vi ser samstundes at "eg" forblir utanfor samanlikninga.

Halldis Moren Vesaas hadde sjølv sagt andre erfaringar, og kjende andre stemningar, kjensler og tankar enn dei sterke og positive, og ho var ikkje redd for å gje ord til også desse. Først og fremst må ein likevel karakterisere H. M. Vesaas som ein byggjande diktar, ein som ønskjer å gi lesaren noko å leve vidare på – noko sant, godt og vakkert. Kjærleiken til, og trua på, livet tok ho vare på til det siste.

### **Har vandra så langt (1985)**

*Har vandra så langt og så lenge,  
på sprek – og på mødig – fot.  
Har framleis stor vandrarglede,  
framleis stort vandrarmot,  
men veit sjølv sagt at kanskje  
alt bortom neste sving  
krasar det is på vegen  
og markene kvitnar ikring.*

*Veit det. Har tenkt: Av livsens blomar  
har du fått plukke så mange.  
Det vekst ikkje fleire av dei, for deg.  
Kvite og utan ange,  
kalde og stive er dei som står  
og ventar deg no, i eit ukjent land,  
og når du rører dei, kvitnar  
og stivnar som dei di hand.*

*Roleg vandrar du vegen fram.  
Rundar den svingen. Kva skjer?  
Du stansar, blir ståande, kan ikkje  
tru  
at det er sant, det du ser:  
I staden for dødens blomsterhage,  
kald, kvit og stiv,  
duvar framfor deg eit vell av blomar  
som gløder av liv, av liv –*

*og nær deg kviskrar den kjæraste  
røyst:  
Visst er det sant. Du skal tru  
dette du ser. Det er ditt. Det er vårt.  
Det er vi. Det er eg og du.*

# Å vere pensjonist i oljealderen

## **Av Jarl Yndestad**

Det er ei ufråvikeleg livslov at så sant vi lever, så blir vi gamle. Vi merkar det allereie før pensjonsalderen kjem sigande. Alt tar til å gå fortare. Folk har liksom mindre tid. Vi blir fortare trøytte, og dei unge reiser forbi oss utan vanskar. Vi blir også behandla på ein annan måte enn før, høflegare, men òg litt nedlatande. For ikkje å snakke om pussten når vi går. Så begynner vi så smått å sjå fram til pensjonistalderen.

Og så kjem han – den store dagen, pensjonistdagen. Vi kan sette oss ned og filosofere over livet som var, livet i dag og livet i morgon.

Alle i dette landet har sett av pengar til å møte alderdommen med. Det har den store All-faderen, Staten, sørgt for. Desse pengane er altså ikkje noko vi får gratis. Det er eit tre vi har planta i ungdomen, og som vi nå kan ta til å hauste fruktene av. Eg minnest ein gammal mann som fortalte om korleis han følte det da alderstrygda blei innført her i landet. "Eg sat heime, omtrent utan mat og med fillete klede. Eg hadde ikkje ork til å fyre i omnen ein gong. Så fekk eg ein lapp, der det stod at eg ville få utbetalt noko dei kalla for "alderstrygd". Det var berre å møte opp på posten, så ville eg få utbetalt pengane. Eg gløymer aldri den varmen eg følte, da eg stod med kronene i handa. Eg kunne få kjøpe meg mat til kvar dag. Og kva meir var: Kvar månad, så lenge eg levde, ville eg få same summen. Eg skulle aldri svelte meir. Dessutan ville eg få råd til å kjøpe meg litt klede." Den gamle mannen gret, da han fortalde meg det.

I dag har dei aller fleste av oss eit brukande økonomisk livsgrunnlag. Vi kan snakke kor nedsettande vi vil om pengar, men vi må ha ein del for å kunne leve eit trygt liv. Den tryggleiken følgjer i alle fall med pensjonsalderen.

Levealderen i landet vårt er mellom dei høgste i verda. Det vil seie at vi i dag er friskare enn tidlegare generasjonar. Vi tar ofte dette som sjølv sagt, men det er det altså ikkje. For meg er dette mellom dei viktigaste tinga.

Sjølv sagt finst det andre ting òg som ein set pris på! Det å ha venner, å kunne vere med i lag og organisasjonar, å kunne reise, lese bøker osv. Å jau, det finst ei rekke med små fine ting, som kanskje berre den enkelte bryr seg om.

Men alt er sjølv sagt ikkje berre rosenraudt i pensjonsalderen heller. Det blir til dømes ofte sagt: "Dei eldre er ein ressurs." Men ein sit ofte igjen med ei kjensle av at den ressursen hadde det vore kjekt om landet kunne vere forutan, så sparde ein pengar til. Mange tar seg nok nær av denne haldninga, og føler seg til overs. Da har tankar som "Ingen har bruk for meg lenger", lett for å slå rot.

Så har vi dette med trøttleik. Vi held ikkje ut med kroppslig arbeid. Ein merkar det best når ein arbeider saman med ungdom. Vi har òg vanskar med å følgje med i den generelle utviklinga. Men verst av alt; folk tar det for gitt at vi greier dette.

Slepper vi slike tankar til, kan det av og til vere vanskeleg å vere pensjonist. Men likevel: Vi har det stort sett bra i vårt pensjonistliv.

# Lågmælt kraft

Av Katrine Sele

*Kunstnaren May Elin Eikås Bjerck nøyser seg ikkje med dei kvite veggene i galleria. Ho vil forandre verda.*

## Ein vinterdag i 2004:

Himmelen heng tung og grå over Jølsterfjella, og dagslyset har eit mørkre i seg. Eg går tur langs sørsida av Jølstravatnet med May Elin. Det går sakte. Eg har lært meg dette – å gå tur med May Elin handlar ikkje så mykje om å gå, men langt meir, om å sjå. Dei første gongene er det vanskeleg for meg å gå så sakte. Men etter kvart blir eg van med tempoet hennar. Let roa sige inn i meg.

Denne dagen ser vi isen på Jølstravatnet. Lenge har den dekt vatnet frå ytst i Vassenden og fleire kilometer innover mot Sandalen, men no held den på å bryte seg opp i mindre flak. Vi ser flaka røre seg sakte på det svarte vatnet og danne ulike mønster. Vi ser to svaner som blir forskrekka av oss, spring bortover flaka og lettar. Vi ser det rotete området ved Strand, fullt av gamle, rustne maskinar.

Stygt, tenkjer eg, og prøver å oversjå det. Men May Elin får auge på noko midt i det heile som fascinerer ho djupt: ein grønblå søppelcontainer ved vasskanten. Ho fortaper seg i dei ulike nyansane av grønt i metallrillene, som var det ei stor-slagen utsikt vi stod overfor.

– Sjå på dei fargane! Kor annleis grønfargen er i lys og i skugge. Vanvittig sterkt, seier May Elin.

## Kva er sterkt og kva er svakt?

Dette er ikkje alltid godt å vite. May Elin er ei veninne som stadig utfordrar mine tankar om dette. Ho snakkar lågmælt, av og til nesten uhøyrleg. Målar bilete som ved første blick synest rolege som ei blank vassflate. Så rommar dei likevel ei kraft som overrumplar, og som er vanskeleg å setje ord på.



Ho flytta tilbake til Jølster i 2003, etter fleire år som student og sidan kunstnar i Bergen, Stockholm og Oslo. No bur May Elin på Eikås i Jølster, med atelier i det tidlegare postkontoret på Vassenden, og deler virket sitt i fem: Ho er biletkunstnar, fagforeiningsleiar for BKSF (kunstnarane i fylket), førsteamanuensis ved Bergen Arkitekt-høgskole, kurator i fleire utstillingsprosjekt og konsulent for fleire arkitektkontor.

Arkitektur og tettstadutvikling er noko som engasjerer henne sterkt.

– Arkitektbransjen forvaltar svimlande 240 milliardar per år, og har ein enorm kontroll over det offentlege rommet. Men kvar er kunstnarane oppi dette? Vi er nesten usynlege! No er det på tide at vi tek vår bit av makta, og deltek meir aktivt i utforminga av samfunnet, meiner May Elin.

## Og nettopp det

er ho i ferd med å gjere: Ta sin bit av makta. Etter berre nokre få år i fylket, er May Elin i full gang med ei rekke prosjekt som på ulikt vis

formar det offentlege rommet her, både mentalt og fysisk.

Ho har høge ambisjonar for kunstnarane i fylket, og er lei av å sjå arbeidet deira bli avgrensa til galleriverda. Dei har langt meir å bidra med, meiner May Elin, difor har ho henta prosjektet «Framtidsverkstad» til medlemmene sine. Målet er å engasjere kunstnarane i tettstadutviklinga i fylket og få politikarane til å bruke kunstnarane langt meir aktivt.

– Eg testar ut randsoner for kunst: stadrelaterte, integrerte uttrykk som går utover den rolla kunsten tradisjonelt har spelt i samfunnet, seier May Elin.

Ho ivrar for bygginga av eit besøkssenter på Astruptunet, og har sjølv vore med på å levere eit utkast. Ho er med på å organisere festivalen Utkant 08 i Skjerjehamn til neste år, i regi av Ola Braanaas, og ho leier gruppa som skal utsmykke ute-rommet på Vassenden skule.

Blant hennar nyaste offentlege utsmykkingar er utsiktsplassen Ørnesvingen over Geiranger – eit stort betongplata i tre nivå – og ein sandblåst glasvegg i foajéen til Ålesund sjukehus. «Integrert utsmykking», kallar ho det. I denne tankegangen er kunsten ikkje utvendig pynt, men ein del av plassen eller bygget. Betongplataet løftar fram og definerer utsiktspunktet. Glasveggen i hospitalet beskyttar kontora bak mot innsikt og støy og leier dei besøkjande vidare den vegen dei skal. Skaper eit intrikat spel av refleksjonar og forskyvingar som utvidar rommet.

## Tekstilfabrikken

Bjercks konfeksjon i Florø var den eine av barndomsheimene hennar – eller meir presis, eit ombygd naust som var nabo til fabrikk. Den andre heimen var kaféen Jølstratunet på Vassenden. Somrane var i Jølster, under turistsesongen, medan vintrane var i Florø.

Tekstilfabrikken var eit ekte familieforetak, med far som skreddar, bestefar (Betten) som bedriftsgründar, ein onkel med kontor i fabrikk, ein annan onkel og to tanter som sydde. Bestemora serverte ein tilsynelatande uendeleg straum av gjester ved eit rundt bord i toppetasjen av fabrikk. May Elin skjønar den dag i dag ikkje korleis det alltid var nok mat til alle som kom.

Der kunne ho fiske frå soveromsvindauget og gøyme seg bak store rullar med stoff i fabrikk, medan ho spionerte på kundane som prøvde ut dei skreddarsydde klea sine. Ho har gode minne. No er fabrikk ved havet nedlagt for lengst, og tekstilindustrien flagga ut til Asia.

Ho er tilbake i Sunnfjord. Det likar ho.

– Å vere her, får meg til å hugse brokkar av inspirasjon frå tida før eg reiste vekk og tok utdanning. Det er fine strengar eg blir minna om, seier ho.

– Eg likar klimaet her. Skiftningane – tåke på fjell, flo og fjære, døgnetts ulike lys, klimatiske forandringar. Den gode lukta av jord.

Inntil for nyleg måla ho store, einsfarga måleri, ofte mange lerret side ved side på same vegg, ørsmå nyansar av kvitt eller grått, grove overflater. Ein kritikar, Trond Borgen, har samanlikna kunsten hennar med minimalistisk samtidsmusikk: «...som brer sine ørsmå variasjonar og vibrasjonar utover i rommet og ut i universet. En uendelighetens målestokk.»

Kanskje er det nettopp kjensla av æve som er den uforklarlege krafta i bileta til May Elin. Først ser du ein farge. Sidan ei uendelighet av variasjonar i den same fargen som du først trudde berre var eitt heile: små gliper, skuggar, overgangar – spor av handling og eksistens.

Nett som noko stort strøymar forbi – tida, tankane, historia. Nett som ho fangar den straumen og held den fram for deg.

### Av og til

er livet komplisert for May Elin. Ho er grenselaut vår på det uuttalte innhaldet i samtaler, blick og rørsler. Fryktar alt dette usagte og prøver å

gripe det: spør seg kva den eller den eigentleg meinte med det dei sa, og korleis ho sjølv bør seie ting for verkeleg å bli forstått. Ho grunnar mykje.

Andre gonger verker ho meir sikker på seg sjølv enn nokon andre eg kjenner. Ho veit at det ho gjer er godt, ja, meir enn godt, det er vanvittig sterkt eller heilt rått!

Valet av kunsten som livsveg har ikkje vore lett, med ustabil økonomi og stadig kamp for å bli sett. Ho har

*“Ho har høge ambisjonar for kunstnarane i fylket, og er lei av å sjå arbeidet deira bli avgrensa til galleriverda.”*

ein son, Nikolaj, som no er vaksen, men det meste av livet har ho levd utan partner. Ho har måtta gjere ting åleine.

– Til tider har det vore tungt med tanke på Nikolaj, som ikkje fekk det same som dei andre barna, seier May Elin.

– Men han har heldigvis vist seg å vere ein gut med stort talent og evne til å ta ansvar for sitt eige liv!

I ein alder av 11 år ønskte Nikolaj seg ein sykkel til rundt 8000 kroner. Då mora ikkje hadde råd, ordna han opp på eiga hand. Ved hjelp av småjobbar, gebursdagspengar og ein rabattavtale med butikken, fekk han kjøpt sykkelen i løpet av to månader. Og ikkje nok med det: Etterpå skrapa han saman pengar til ein splitter ny sykkel som han gav mora til jul.

Slik er det, har May Elin erfart: Ting ordnar seg. Og oftast kjem ein styrka ut av det vanskelege.

### Den siste

tida har det komme mykje nytt inn i livet til May Elin. Ho har fått etableringsstøtte frå Innovasjon Norge, og er i ferd med å verkeleg skape sitt eige som kunstnar.

Den faste galleristen hennar, Arve Lennart Opdahl frå Galleri Opdahl i Stavanger, har opna nytt galleri i Berlin, og om eitt års tid skal ho stille ut der.

I tillegg er det fargen grøn. Den eksperimenterer ho med no – og prikkar. Grønt er ein utruleg vanskeleg farge, ifølgje May Elin. Han har så mange stemningar i seg. Av og til gjennomsiiktig og skimrande, nesten vassaktig, andre gonger bastant og påtrengjande.

På eit bittelite lerret ser eg to nyansar av grønt som overlappar kvarandre. Sjølv om det er eit nytt måleri, ser det gammalt og slitt ut, nett som det har måtta tole både

tidas tann og mykje hardt vær.

Eg lurar på om May Elin likar ting som ser litt slitne ut – ikkje nye og perfekte. Eg tenkjer på flekkane på vesten hennar. Dei gamle, blå gummistrikkane som av og til er å sjå rundt handledda eller buksebeina. Sjøppelcontaineren ho dvelte ved på turen vår.

– Jo... eg likar vel slikt! Ting som har tid i seg – som er i grenselandet mellom orda, seier ho.

Så kjem eg på kor glad May Elin er i gamle skur. Det eine som ho har lagt sin elsk på, ligg like ved huset mitt, til nedfalls: Ho skulle gjerne eige det. Ein annan gong køyrde vi saman inn til Oslo, forbi ein gammal nedsliten bensinstasjon kloss i riksvegen: «Tenk å bu ein slik plass!» sa ho drøymande, som om det var eit palass vi nett passerte.

Kvifor denne kjærleiken til skrøpelige konstruksjonar?

Det har noko med naustet i barndommen å gjere, trur May Elin. Noko med plassar der du kjenner du er både inne og ute på same tid – multiprogramerte, kallar ho dei. Der det ikkje er ein gitt måte å oppføre seg på; der du kan fiske frå soveromsvindauget.

Og så er det dette skjøre: Flata som brest. Det som er svakt og sterkt på same tid. Fint og stygt. Merkt av tida, men med noko uendeleg i seg.



Kunstnar i Jølst år 2007

## May Elin Eikås Bjerck

Lengst venstre:  
"Horisontal", Ørnesvingen  
i Geiranger. År 2005

Strukturer i betong, 450M2

Venstre og høgre:

"Straum", Ålesund Sjuke-  
hus. År 2004. Sandblåste  
strukturer i glass (340X  
1600)CM

Nede venstre:

"Imperfections", LNM. År  
2006. Strukturer i olje på  
tre, 21 (70X30)CM

Nede midten, høgre:

"Site monokrom", STAT-  
OIL- Sola. År 2003.

Strukturer i olje på lerret  
(225X 450) CM


Midten høgre:

"Om grønt", LNM. År 2006.

Strukturer i olje på tre, 5  
(60X56)CM



Foto: Haagen Tangen Eriksen | Halvard Haugerud | MEEB



# Jacob Mortensson Maschius

## – Prest, koparstikkar og diktar

Av Stig Årdal

*Lagnaden ville det slik at kunstnarpresten Jacob Mortensson Maschius skulle avslutte si livsferd i Jølster. Prestegjeringa veit vi lite om, då har nok kunsten hans sett djupare far etter seg. For Maschius må reknast blant fornyarane av norsk kunst i 1600-talets Noreg.*

### Huslærer og prest

Jacob Mortensson Maschius må ha kome til verda rundt 1630, mest truleg i Trondheim, sjølv om Bergen også, mellom anna i Joleik si "Soga um Jølst", er nemnt som fødestad. Men i mange av ungdomsåra må han ha halde seg i Bergen, og i 1651 blei han skriven ut av Bergen katedralskule. Deretter gjekk vegen til København for vidare teologisk utdanning. Då hadde det alt i nokre år, frå 1629, vore pålagt med teologisk eksamen ved Københavns universitet for å kunne bli ordinert som prest.

Vel tilbake i heimlandet tok han til å arbeide som huslærer, eit yrke som for mange nyutdanna teologar var ein vanleg måte å skaffe seg livsutcome på. Først var Maschius,

frå 1659, hjå oberberghauptmann Brostrup Gjedde på Kongsberg. I si tid som lærar for borna til oberberghauptmannen blei Maschius også nytta som teiknar ved sølvverket. Bergstaden Kongsberg blei grunnlagt som følgje av sølvfunn i 1623, og utvikla seg på 1700-talet til å bli Noregs nest største by, etter Bergen.

Maschius blei verande hjå Gjedde til 1668. Då kom han til Johan Friedrich von Marschalk, som i 1669 blei kanslar og befalingsmann på Bergenshus festning. Marschalk, som opphavleg var tyskar, men hadde blitt "naturalisert dansk adelsmann", var den siste som hadde dette embetet i Noreg. Kanslaren var den høgste juridiske embetsmannen i Noreg, men som følgje av statlege omorganiseringar etter innføringa av eineveldet i 1660, fall det i 1679 bort. I 1675 blei Maschius "beskikket" til sokneprest i Jølster, og kom til bygda i 1676. Han blei ingen gammal mann, og må ha vore om lag 47 år då han døydde i august 1678, etter knappe to års presteteneste i Jølster.

### Maren Finde

Det er ikkje mange opplysningar å spore opp om Maschius si embetsgjering i Jølster. Slik sett er nedteikningane til hans samtidige, lensmannen Jens Nilsson Nedrebø, i det som er blitt kalla for "Lensmannsboka", ei grei oppsummering av det vi veit om hans tid i bygda:

"Anno 1676 den 15 October bliff Her Jacop Mortensøn Mæsen Insaat til vor Sogne Prest, 1678 den 2 Majus bleff Her Jacop troloffuit met Mari Finde Den 12 Junius stod deres Brylløb Her paa Allushuus 1678 den 12 Augusti døde S Her Jacop Mortensen Mashen gud vel-signelse Hans Siele Amen."

Som vi forstår rakk Maschius å gifte seg i løpet av si korte tid i Jølster. Den utvalte var "henne Maren", som Joleik skriv i si bygdesoge. Maren var dotter til soknepresten i Førde, prost Peder

*Prospekt av Trondheim frå 1674. Det blir omtalt som "tilforlatelig og kartleggende og slutter sig nøie til barokkens eksakte prospektkunst".*

22



Jørgensson Finde. I samtida var det ikkje uvanleg at presteenkje gifte seg med etterfølgjaren til sin avlidne husbond. For Maren sitt vedkomande slo det ut i ikkje mindre enn tre geistlege ektemenn. Først Daniel Bugge, som var presteson frå Sunnhordland. Daniel si prestegjering i Jølster varte frå 1662 til 1676. Det var berre med Bugge Maren fekk barn; ein son og to døtrer.

Etter det kortvarige ekteskapet med Jacob Maschius let Maren seg smi i hymens lenkjer med Søren Munthe. Han var son til biskopen i Bergen, Ludvik Munthe, og kom til bygda i 1678. Men Maren skulle også overleve sin tredje ektemann. For etter ni år i presteneste på Jølster, gjekk også han til møtes med sin skapar. Sjølv nådde Maren høg alder, og levde til 1728. Då var ho godt over 80 år gamal. Etter tre ekteskap måtte ho altså freiste tilværet som presteenkje i 41 år.

### Trondheim og Nidaros

Jacob Maschius gav utløy for sine kunstnarlege ambisjonar ved sida av prestekall og arbeidet som huslærer. I 1661, medan han enno arbeidde hjå oberberghautmannen på Kongsberg, var han tilbake i fødebyen Trondheim, der synet av domkyrkja ifølgje Norsk biografisk leksikon, IX, 1940, må ha "satt hans barokke fantasi i bevegelse." Opplevinga resulterte i eit lengre dikt med tittelen "Norwegia religiosa", eit skrift på 20 sider som kom ut i Oslo. Maschius laga sjølv illustrasjonane til verket; to koparstikk som viser korleis Nidarosdomen då tok seg ut. I diktet lar Maschius sine historisk-patriotiske følelsar få komme til uttrykk, og det poetiske trer meir i bakgrunnen. Men etter Norsk biografisk leksikon er diktet "det første av virkelig bevisst kunstdiktning som

er utgitt her i landet", og har difor ein litteraturhistorisk interesse. Innleiinga på diktet høyrer slik ut, jf. Norsk litteraturhistorie II:

Tvende Gange Høsten kom, tvende blide Som`re ginge,  
Førend du, min Føde-Stad, kunde mig med Lengsel tvinge;  
Sig en Vinter Klæder hvide, sig en Vaar sit grønne Skiørt  
Vel iførde, før du, kiære, mig med Lengsel fick iført

Maschius sine arbeid skulle også få stor innverknad på lagnaden til den nordlegaste katedralen i verda, Nidarosdomen. Dagens utgåve av domen er eit resultat av eit restaureringsarbeid som tok til på slutten av 1800-talet. Katedralen var då i dårleg forfatning. I løpet av hundreåra var den fleire gonger blitt råka av brann, og etter kvart var det ikkje så mykje att av byggverket slik det først blei reist. Under restaureringa var Maschius sine koparstikk, ved sida av Gerhard Schønings "Beskrivelse over Trondhjems Domkirke" frå 1762, den viktigaste kjelda for arbeidet. "Det er sjelden grafikken får spille en så betydeleg rolle", skriv Marius Hauge i boka "Gamle Norge på trykk".

I 1674, rett før Maschius blei kalla til presteneste i Jølster, må han igjen ha oppheldt seg i Trondheim. Denne gongen teikna han eit prospekt av byen; "Urbs Norrigiæ celeberrimna Nidrosia" – Den berømte norske byen Nidaros. Biletet er kjent som den første større avbildning av

byen, og blir difor rekna som ein verdfull dokumentasjon av 1600-talets Trondheim.


### Sjørøveri

Den 23. mai 1672 blei to dansk-norske defensjonsskip, eller væpna handelsskip, "Gyldenløves Våben" og "St. Franciscus", angripne av algeriske sjørøvarar. Bataljen gjekk føre seg ved Cap Espichel, sør for Lisboa. Om vi skal tru på den overleverte historia talde sjørøvarane 300 personar, og dei var utrusta med ikkje mindre enn 32 kanonar. Men det var ikkje nok til å overmanne dei dansk-norske handelsskipa. Sjørøvarane måtte gje tapt, og blei jaga bort.

Det var inga enkeltståande hending dei to skipa kom ut for, for på denne tida var det fleire nordafrikanske statar som slo seg opp på sjørøveri og kaperverksamd. Skip som skulle til sørlegare breiddegradar og vidare innover i Middelhavet kunne vere mykje plaga av denne forma for næringsutøving. Kaperskipa var privateigde, men denne tvilsame verksemda var likevel regulert og godkjend av styresmaktene.

Det gjekk oftast hin vegen når handelsskip blei angripen av piratar. Overslag tyder på at det i 1630-åra kan ha vore om lag 200 tilfangetekne dansk-norske sjøfolk i Nord-Afrika. Mellom 1715 og 1736 blei 163 personar heimehøyrande i Danmark-Noreg kjøpte fri frå fangenskap. Å stå i mot eit slikt angrep var difor ei bragd som måtte forevigast. Oppdraget gjekk til Maschius, som gjorde arbeid-

*Stikk av kaprarforsøket utanfor Portugal, "som skal forherlige begivenheten". Dei tre skipa er under eldgjeving "samlet i en fast gruppe, litt stivt og ubevegelig, men ikke uten en viss karakter som lar en ane hollandske sjøstykker som en fjern bakgrunn."*





Portrett av Peder Jensson, "den strenge, aktiverdige, autoritetstro embedsmann i en som sedvanlig noget ufri, men respektabel tegning".

det ferdig i 1673. Stikket er i dag oppbevart ved Bergen Museum. I 1824 skriv lærar og forfattar Lyder Sagen at "dette Kobber prydede for et halv Aarhundrede siden mangan Stadsstue i Bergen."

### Portrett

Maschius blir også tilkjent æra av å vere mannen bak eit av dei tidlegaste koparstukne portretta som er laga i Noreg. Den portretterte var byfut og seinare rådmann i Bergen, Peder Jensson, og arbeidet blei truleg utført rundt 1670. I følgje Norsk biografisk leksikon er det mogeleg at det er stukke etter eit maleri av Elias Fiigensschoug, som blir rekna som ein av 1600-talets beste portrettmalarar i landet. Biletet viser ein person som ønskjer å framstå som ein streng, aktverdig og autoritetstru embedsmann. Det har også religiøse innskrifter og ei scene med Kristus på besøk hos Marta og Maria.

### Ettertidas dom

Maschius var ein av fleire samtidige geistlege som dyrka kunsten ved sida av prestekallet. Men ettertidas dom over kunstnarprestane sine kunstuttrykk er ikkje alltid like positiv. "Uferdige og lite vellykket", "kunstdieltantisme" og "embedsmannsdiltantisme i kunsten", er uttrykk som blir brukt. Men enkelte hadde likevel

kvalitetar, og nokre av dei er kjende som dei tidlegaste grafiske kunstnarane i landet. Mellom desse er Jacob Maschius. Kunstnarprestane står også bak dei tidlegaste kjente forsøka på landskapskunst i Noreg, sjølv om det, etter Norsk kunsthistorie I, er "mest fantasiens ideale land som skildres i abstrakt almindelighet."

Prestane fekk gjerne kjennskap til europeisk kultur gjennom si utdanning i utlandet. Til liks med dei fleste frå embetsklassen i det 17. hundre-årets Noreg hadde mange anane sine frå Danmark og Nord-Europa elles. Heimlandet på si side blei oftast sett på som ein geografisk og åndeleg utkant som stod utanfor det danna Europa sitt gode selskap. Jacob Maschius hørde såleis til ein embetsmannskultur som prøvde å få europeiske dannelsesideal og kunstuttrykk til å slå rot i Noreg. Og det er nettopp her, i bidraget til å få Noreg inn i det gode selskap, som del av ein felles europeisk kulturkrets, at mange av kunstnarprestane har hatt si største betydning.

Jacob Mortensson Maschius hadde eit kunstnarleg og teknisk talent. Koparstikka han etterlet seg er også viktige som historisk kjelde-materiale. Men det er nok først og fremst gjennom å vere av dei tidlegaste kjente utøvarane i si kunstform at han har sett djupast spor etter seg. Slik blir han også vurdert som ein av fornyarane av 1600-talets kunst i Noreg.

### Litteratur:

Bagge/Mykland: Norge i dansketiden. 1987  
Bergen stifts biskoper og præster efter reformationen, II. 1896  
Hauge, Marius: Gamle Norge på trykk. Grafikken og historien. 1998  
Holmsen, Andreas: Norges historie. Fra de eldste tider til 1660. 1977  
Joleik, Albert: Soga um Jølst. 1967  
Norsk biografisk leksikon. 1940  
Norsk litteraturhistorie II. 1928  
Norsk kunsthistorie I. 1925  
Norsk kunsthistorie II. 1928  
Norges historie IV-2. 1911  
Norsk kultur i samtidige billeder. Frå oldtid til nutid. 1931  
Nedrebø, Jens Nilsson: "Lensmannsboka"

## Kyrkjedøra som

Av og til kjem ein bort i interessante ting nærast ved eit slumpetreff. Slik var det i dette tilfellet, og bakgrunnen var ei tilfeldig kontakt med Kristian Fossheim no i vår. Han er, ved sida av å vere fysikkprofessor, også svært interessert i lokalhistorie. Ved dette høvet vart det såleis ein del snakk om ymse lokalhistoriske emne. Fossheim kom då inn på, nærast i ei bisetning, at han hadde ei gammal dør liggande som han hadde planer om å rekonstruere. Denne døra var ikkje noko kva som helst dør, men hadde tilhørt den gamle Helgheimskyrkja. Vi gjorde avtale om at så snart han hadde fått dette prosjektet i hamn, så skulle eg ta ein tur til hytta hans på Fossheim for å sjå på resultatet.

Ein søndag i juli fekk eg telefon frå Kristian om at no var døra klar, så det var berre å komme og besøke han, så skulle eg få heile soga om denne døra, eller i alle fall det han visste. Dermed troppa eg opp i Lomshøjen på Fossheim, der Kristian og kona Elsa ferierer kvar sommar. Der har dei bygd hytte av ei gammal sperrestove/ bu som har stått i Henriktunet på Lunde. Bua hadde inntil nyleg vore nytta som lager for kle og liknande, men hadde eit eldhus som tilbygg og eit velkjent ysteri for gamalost i kjellaren. Den må også ha vore nytta til bustad ein gong, sidan det var likglugge i eine vegg. Denne stova skulle i rivast og fjernast, og slik var det at Kristian kom inn i bildet. Eigaren, Svein Lunde, tilbaud den til gratis riving og Kristian starta riving for å flytte den tømra delen til Fossheim. Under rivinga ramla det ei gammal dør ned frå hjellen på tilbygget. Døra var i svært dårleg stand, men det meste av beslag var i orden. Begge hengslene var på plass, og det var nettopp dei som gjorde at Kristian skjønte at dette var ei dør litt utanom det vanlege. I enden var hengslene nemleg forma som ei kule med kross over, altså same symbolikk som finst på



toppen av tårnet på Helgheimskyrkja i dag. Dermed drog han den slutning at denne døra måtte ha vore i bruk på den gamle kyrkja på Helgheim, sidan han var kjend med at den vart seld på auksjon.

### Litt om den gamle kyrkja

Det er lite vi veit om denne kyrkja, men litt opplysningar finst. Då den vart riven i mars 1877, var den kvitmåla og hadde tak av teglstein. Kyrkja var totalt 41 alen lang (om lag 25 meter), fordelt med 25 alen på kyrkjeskipet, 11 alen på koret og 5 alen på våpenhuset. Dette skulle bli omlag 25 meter. Breidda var 17 alen for skipet og våpenhuset, medan koret hadde ei breidde på 11 alen. Dermed var kyrkja litt kortare enn hovudkyrkja på Ålhus, men det var som det skulle vere – annektskyrkja mindre enn hovudkyrkja. Så spørst det kva tid denne kyrkja var bygd. Svaret på dette er verre å finne, men det finst ein rapport frå ei synfaring gjort av Stiftamtmanden i Bergen. Synfaringa fann stad i 1686 og omfatta alle kyrkjene i Sunnfjord. Helgheimskyrkja vart nemnd som i ganske bra stand, men det er nemnt trong for skifte av litt kledning, eit glas og litt reparasjon på tårnet. Taket var den gongen av tjærebreidd tre, og dette var sagt å vere i orden.

I fleire leksikale kjelder står det at det har stått kyrkjer på Helgheim sidan 1200-talet, og det er i alle fall omtala kyrkje der i kyrkjerekneskapsen for 1338. Men så er der eit stort, svart hol i denne kyrkjesoga i 300 år, fram til 1632, då kyrkja er nemnd å vere i svært dårleg stand. Spørsmålet er om den kyrkja som var omtala i 1632 var bygd før Svartedauden. Dette kan vere truleg, for det var neppe ressursar og evne til å byggje ny kyrkje i tidsrommet mellom 1338 og 1632. Etter den store pesten på midten av 1300-talet var bygda var så godt som avfolka, fram til byrjinga av 1500-talet. Det kan godt hende at den kyrkja som

vart riven i 1877, har stått på Helgheim sidan før Svartedauden. Det er i alle fall sikkert at det var same kyrkja som var omtala både i 1632 og 1686. Skulle det ha vore bygd ny kyrkje må altså det ha skjedd ein gong i dei neste 200 åra. I så fall reiv dei ei ganske ung kyrkje i 1877. Det som i så fall må støtte ein slik teori, er sterk vekst i folketalet på den tida, og at kyrkja vart for lita. Eg trur helst at kyrkja sto der frå før Svartedauden, truleg frå 1200-talet.

Men nok om det; kyrkja vart i alle fall riven, og materialane vart selde på auksjon den 27. oktober 1877. Auksjonen vart halden etter krav frå kyrkjebyggjaren, byggmeister Wangberg. Grunnen til at han kravde auksjon, kunne vere at han ville sikre seg oppgjør for arbeidet. Der var mange bønder frå Helgheim sokn oppmøtte for å handle, men også frå Ålhus kom dei. Mellom dei som var på auksjonen var Zakarias Johannesson Lunde (1845–1930). Zakarias var far til Henrik Lunde, som i sin tur var onkel til noverande eigar av bruket, Svein Lunde. Auksjonsprotokollen frå salet syner kven som kjøpte, kva dei kjøpte og prisen. På auksjonen var det 70 menn som handla, og ein må rekne med at det var oppmøtte ein del som ikkje handla. Det måtte vere litt av eit syn med så mykje folk, hestar og vogner på ein gong ved kyrkja. Det kom også mange båtar over vatnet frå sørsida og Kjøsnesfjorden denne dagen. Såleis vart restane av gamlekyrkja selde og spreidde utover heile bygda, sikkert til glede og nytte for dei som kjøpte. Auksjonsprotokollen fortel ingen ting om sal av dører, men det kjem seg truleg av at dei var i så dårleg stand at dei har gått "att på handelen". Slik hadde det seg at kyrkjedøra hamna på Lunde.

### Den gamle døra

Då Kristian Fossheim fann døra på

Lunde i 1982, var ho i heller dårleg forfatning, men ikkje verre enn at det gjekk an å rekonstruere korleis ho ein gong hadde sett ut. Borda i døra var saga av stokkar som hadde vore brukte i eit eller anna bygg tidlegare. Grunnen til at ein veit dette, er spor etter trenaglar inne i borda. Bygningsmaterialar var mangelvare i den tida, og gjenbruk var heilt vanleg. Borda var sette i hop med not og fjør og avstiva med tverrårar på baksida på vanleg måte, dvs spissa og skrått innfelte. Hengslar og låsbeslag var av smijarn, og hengslene er i enden forma som ei kule med kors over. Denne symbolikken minner om eit septer, altså eit maktsymbol som har vore nytta av både kongar og kyrkjemakt. I kyrkjeleg samanheng står kula for jorda og krossen for Evangeliet, og dei til saman symboliserar at Evangeliet skal spreie seg over heile jorda.

Måla på døra, slik ho vart funnen, var 94 x 154 cm, men ho hadde tydelegvis vore avsaga i øvre enden. Etter litt fingransking og pussing av døra, tok eit mønster, ein dekorasjon til å syne seg. Det var tydeleg spor etter sirkclar både oppe, nede og midt på døra. Det var svært lite att av dette mønsteret, men det som var att av sirkclar gjorde at fysikkprofessoren leita fram matematikk-kunnskapane sine og sette i gong med å rekonstruere både mønsteret og den opphavlege lengda på døra. Ut av det som var synleg av sirkclar rekna han ut diameteren og dermed radiusen. Ved å setje eine passarspissen i periferien på den opphavlege sirkclaren, og med avstand på passarbeina lik radiusen, syntet det seg at døra var nedsliten to cm i nedre kant og avsaga ti cm i øvre kant. Dekoratore av døra hadde altså hatt passarspissen akkurat i kanten på døra både oppe og nede då han slo dei to halvsirkclarne som finst i kvar ende av døra. Men der var også meir enn sirkclar på denne døra. Inne i sirkclarne kunne det skim-

tast spor etter det svært mykje brukte Jølster-mønsteret, seksbladsrosa, eller passarroza, som ho òg blir kalla. Dette mønsteret finst over alt i bygda, på tiner, ambrar, smørkanner, korgar osv. Nikolai Astrup lagde trykkplater i linolium med dette mønsteret, og dei vart m.a. brukte til å dekorere gardina i Astruptunet.

På den gamle døra var sirklane doble og kvar av dei hadde tre riss. På den nye døra vart alt gjort likeins, bortsett frå ei forenkling: Berre det djupaste risset var brukt på den ytre av dei doble sirklane. Seksbladrosa er nøyaktig som på originalen. Når det gjeld symbolikken i sirklane, så må vi vel gå ut frå at dei skal symbolisere sola/solhjul. Soldyrking har vore levande i Jølster heilt til vår tid, så det er ikkje overraskande at solsymbolikken har stått sterkt, noko som heng naturleg saman med at sola er borte deler av vinteren mange stader. Døra hadde også vore måla to gonger, først i ein okerfarge og seinare i ein raudbrun farge. Dette har skjedd etter at den først hadde blitt kraftig nedsliten av vær og vind.

Så kjem det store spørsmålet; var mønsteret på døra opphavet til denne dekorasjonsforma i Jølster, eller vart døra dekorert slik fordi dette var eit vanleg og mykje brukt mønster i bygda? Kva som er rett her kjem i stor grad an på alderen på døra. At døra er gammal er sikkert, men kor gammal veit ein først når treet er analysert av fagfolk.

### Som fugl fønix steig den nye døra fram

Kristian Fossheim såg fort at gamle-døra var i for dårleg stand til å kunne restaurerast. Han bestemte seg dermed for å lage ei ny, mest mogeleg slik den gamle hadde vore opphavleg. Han hadde også ei ytterdør i hyttetunet på Fossheim som trengde utskifting, så dermed var saka grei. Furubord med mykje adel vart henta på Byrkjelo, for deretter å bli høvla og pløygd. Døra vart så sett i hop på same måten som den gamle. Einaste skilnaden var at det no vart nytta lim i plogane. Martin Skrede var entusiastisk med på dette arbeidet med moderne reiskapar der

Kristian opphavleg hadde tenkt å gjere alt for hand. Til dømes var det ikkje berre enkelt å felle inn to spissa og skråskorne labankar på baksida for å halde dørbladet plant. Men slik var det gjort før, og slik skulle det vere, ein gamal og god metode.

Så var det besлага, eit kapittel for seg, skulle det vise seg. Begge hengslene var på plass då Kristian fann døra, men på eit eller anna vis var den eine vekke då dørprosjektet starta. Han tok med den attverande hengsla til Trondheim for å prøve å få laga ein kopi der, men det synt seg vanskeleg. Etterkvart kom han i kontakt med smeden Svein Nesdal i Hornindal som tok jobben med å kopiere hengslebeslaget. Han reparerte også låsbeslaget. Når så alt dette kom på plass hadde Kristian ein nesten nøyaktig kopi av den gamle kyrkjedøra på Helgheim.

No står den nye døra ferdig monterert i hyttetunet på Fossheim. Ei staseleg dør vart det, og ho passar fint der ho no står. Den gamle døra har dermed fått avløsning, og hamnar kanskje på hjellen bak den nye. Godt var det i alle fall at ho ikkje hamna på bålet og såleis ikkje kunne fortalt om den gamle, staselege døra i gamlekyrkja på Helgheim.

*Artikkelen er skriven i nært samarbeid med Kristian Fossheim.*



*Den gamle døra slik ho såg ut då ho dukka opp på Lunde.*

*Kristian Fossheim med den nye døra ferdig monterert.*

*Begge foto: Hallstein Dvergsdal*



## 6. klasse – Vassenden skule 2007



27

Bak frå venstre: Kim Robin Ølmheim Rand, Anders Taklo, Ronny Hansen, Gjermund Holsen, Christopher Bremer Mardani. Neste rekke: Eirik Hoff Aahaug, Ola Øvrebø, Kristian Vie, Nils Ramstad Nedrebø, Johannes Hauge, Per Arne Borren Huset. Neste rekke: Mikael Kvalheim, Thea Kårstad Støfring, Malin Kvåle Lund, Sara-Helen Bergum, Hedda Langvatn Grønfur, Katrine Åsnes Gjesdal, Amalle Dale Bergman, Annfrid Hopland Myklegust, Renate Østenstad Buanes, Miriam Eikås. Framme frå venstre: Katrine Årnes, Indrid Ova Bøyum, Kristina Siem, Marit Ova Bøyum, Ane Dale Erikstad, Marcus Gamborg, Torina Bergman Førde, Christine Kjelsnes, Tor Magne Solheimsnes. Ikkje til stades: Kristina Østenstad Tønning.



## Havsten

Havsten er flott,  
alt er så vakkert.

Blada flyr,  
å det kryp-  
ar dei!

Ane Dale  
Eikerstad



## Sommar og vinter

grønt og kvitt

football og stbe

gras og snø

Kva synest du er best?



## Prekalkulat

I prekalkulat har klyngene  
prekalkulert har klyngene  
all dei ting. Dei ting, ein klyng,  
ei veskule, og ein klyngkule,  
og alt det har alle!

Hedda L. Brynjars



## Havet

Havet er stort og  
blått. Men av og til  
kan havet vere gult,  
grøtt, raudt, lilla og grønt.  
Det kan vere mange  
forskjellige fargar på ein gong.

Amalie Dale Bergman



## Grisar



Rund og fet og grisar  
som ein kulling.  
Kva skal dei gjere,  
rulle seg rundt og bli skiten i sola.  
Det er gøy for grisar,  
men ikkje for oss.

Martine Ove Brynjars

## Pettersen

Pettersen er rund som ein lysrosa  
ball, trillar for det meste inn i ein  
stopp-full stall,  
trilla over tre kyr og ein hest  
han er rett og slett ein plage og ein pest.  
Kristina Sim



## Limen

Limen limen er så ein  
limen gjer alltid til  
når det famisk klemer til  
det er vesden er til

Tor Magne Solheimnes



## Vitsen og Svitsen

Vitsen og Svitsen er gode venner.  
Vitsen slår og Svitsen spenner.  
Nå manglar du nok mange tonner.

Olav Øvrebo



## Tigern

Tigern har spisse tenner  
 Derfor et han mange venner



Ronny Hansen &

## HULBOER

Hulboere er som aper  
mens de andre gaper

stiller jeg meg i kø  
så roper en bø

de har på seg dyr

som går og flyr  
der er på mammuter

uten kartuser  
der ver det ingen dinosaurer

med felle tyraner  
Laget av Astrid Lind

## DIKT vinter

vinter det er topp og  
likar den det er gøy og eg  
lagar ein snemann.

KATRINE



## Bekken

Bekken sildrar, klukkar og ler,  
Bekken som diamanter  
i solstråledagar.

### Sola

Sola den blinker  
og lyser utover,  
den store verda  
som ei lampe  
i eit rom.



Annfrid. Hopland.  
Myklebust

## Klassen

Klassen er maxsen og veldi gassen  
men det er jo maxsen  
faga er mest som bygning drama  
Lokka er som Lorta  
men Sjølvaste-skulen er som duen

Miriam, Gås



## Eplet

Eplet det er raudt og fint,  
Smakar som ein god karin



### Lærarn

### Vår

Læraren vår er  
Snill og grei,  
blir aldrig lei  
Læraren vår kosa  
og likar rosa

Anders Taklo

Dikta mine  
Dikta mine dei er så  
fine ingen anart kan  
måle seg med mine.



## LONE

Lone er ei geit  
og ho er ikkje teit  
men ho er veldig  
teit.



Torina. Bergman. Førde.

## Dølsler

Eg bur i Dølsler,  
ein kommune på Finn  
med fjell og vatn,  
med flotte blommar,  
og spreke personar

Ingrid Annegren



## Blomster

Blomster er fine  
noen kan vere gjeine  
gule, røde, blå  
eller kvite  
Blomster kan vere  
alle fargar

Kristin d. Tuning



## VINTER

Eg vaknar ein vinterdag  
og ser snøen ut som vindauget.  
Eg spring ut og hiv meg i snøen.  
Etterpå lagar eg ein snømann.

Johannes  
Nange



## Vennar

Vennar,  
Det er bra  
det er fint og ha  
har du ein kanskje  
Thoa Kærstad Skjefving



## GODTERI!

Godteri nam er rødt, nam er svart og  
rødt.

Godteri nam er gult, nam er rosa og  
rødt.

Godteri nam er svart og rødt.  
Godteri nam er godt!

Martin K.h.



## VENNSKAP

Vennskap er bra,  
bedre en Spa,  
Vennskap er den  
beste  
Som noen kan  
ha.



## FOTBALL

FOTBALL

HOTBALL

SOPPBALL

NOPPBALL

KOKKfall

PROSfall

KOPSfall

FOPSfall



### Dikt lekse

lekse er Dønn  
lekse er ikkje Bra  
lekse Adelerger fri tid  
så lekse er totalt Dørlig



### Haien

Haien var på tur  
då var han tur  
Haien vart sur  
kva er det du trur  
Haien blir lei  
har du lyst på ein Seil  
Haien er mar  
då blir han lat.  
Haien „speil“ blir aldri flett.



Christopher Ørmer Mariani

Hår  
Håret er langt,  
håret er kort,  
for nokon er det  
hårreisande



GjERMUND HOLSEN

### Vinter


Vinter så fill den er,  
Skjønneres så stort det es  
Eg liker vinter både og må  
gå

Per Nne Botnen  
Husket



### Haur

Ein haur kan ikkje lage pai,  
ein haur kan ikkje snakke  
og heller ikkje snakke.  
Ein haur kan eke fisk,  
fottete ein du kan ein kiste.  
Moter haur ein fode,  
vill foden møte døden.



Eirik Hoff Aahaug

### Hesten og Pesten

Presten har like  
stor rumpe  
som hesten  
berre at  
husten er best i  
test men  
Presten har tatt  
ein protest på  
hest



## Stubbar frå Jølst

Av Hallstein Dvergsdal

Vi jølstringar har vel, til liks med sunnfjordingar flest, vore rekna for å vere litt trege og lite impulsive. Vi har gjerne blitt sedde på som nokre som treng litt tid for tenkje gjennom ting og som ikkje akkurat hoppar på det første og beste som blir bydd fram. Eit slikt folkeferd blir gjerne oppfatta som litt traust og sidrumpa, og ikkje humoristisk.

Men så var det det at skinnen kan lure ein, og det er det eg vil prøve å vise i denne teksten. Det har nemleg synt seg gjennom tidene, at jølstringar har avlevert replikkar som er fullt på høgde med det beste i revykunsten, og vel så det. Vi har vel her

i bygda alltid vore velsigna med ein god slump av det som må kallast for originalar, folk som kanskje til vanleg var stille og tilbakehaldne, men som i spesielle situasjonar kunne komme med ting som både var godt sagt og som ofte var umogeleg å motseie. Dette var ofte humor av den underfundige og stillfarne sorten, men var likevel knakande god.

Sjå berre på denne: I gamle dagar var det vanleg å ha likkister ståande klar rundt om på gardane. Ein viste aldri kva tid ein fekk bruk for dei, og tida var knapp for den som måtte til å snikkere. Derfor var det vanleg å ha ei kiste ståande. På ein gard vart

det plutselig dødsfall, men inga kiste sto klar, og dermed var gode råd dyre. Bonden visste at naboen hadde ståande ei kiste og tok turen dit for å prøve å få lånt den. Men denne karen var av det sindige slaget som avleverte fylgjande replikk: "– Hm... du veit kor da e; best so du går dar, so ligge du dar og då står du dar." Han som ville låna kiste måtte gå heim att og snikkere.

Ein annan kar var i bryllaup. Litt ut på kvelden, med litt promille i blodet, gjekk han seg baklengs utfor stein-

# Frå magiske teikn til dekorasjon

Av Stig Årdal

*I dag oppfattar vi gjerne bruken av teikn og symbol på gamle bruksgjenstandar som dekorasjon. Men mange av dei har opphavleg hatt ei tyding som går utover det å vere noko som augo kan kvile på. På eit utval av bruksgjenstandar frå Jølster, som er oppbevart ved Sunnfjord museum, finn vi nokre av dei vanlegaste motiva.*

## Meining, innhald og tradisjon

Menneska har til alle tider gjort seg bruk av teikn og symbol til ulike føremål, som til dømes for å oppnå kontakt med andeverda eller til å verne seg mot styggare makter, for hell og lukke eller for å få kontroll over og å forstå naturkreftene. Dei kunne også fungere som maktsymbol. Nokon av dei kan ha hatt same meiningsinnhald gjennom mange hundre år, medan andre har skifta meiningsinnhald etter som samfunnet har endra seg, som til dømes ved innføringa av kristendomen til Noreg. Spiralformer, rombar, krossar, sikksakklinjer, triangler, roser. Mange av motiva kan finn vi att som ein fellesarv i treskje-ring så vel som i broderi og metallarbeid. I dag blir dei sett på som pryd, noko pent som augo kan kvile på. Men dei ulike teikn og symbol hadde, om vi går langt nok attende, si eiga mening utover å vere til pryd. Dei fleste av dei kom med kristendomen, men enkelte kan sporast tilbake til heiden tid, og til andre kulturar, som til dømes oldtidskulturane i Midtausten.

Det som vi i dag kallar for folkekunst gav seg gjerne uttrykk i utsmykking av bruksgjenstandar. Arbeidet blei sjølvstekt ekstra føreseggjort på gjenstandar som skulle brukast i store og viktige anledningar som bryllaup, dåp og gravferd. Men også i det daglege arbeid og virke var symbola til stades, og då ofte på gjenstandar som blei brukte til naturhushaldets viktige gjeremål, som handsaming av mat, mjølk, korn og

øl. Men vi finn dei òg på mange mindre skrin, mangletre, banketre og bandgrind, mellom mykje anna. Tek du deg ein tur rundt på eit friluftsmuseum, er det store sjansar for at du på dørene til bygningane vil sjå sirkelar og krossar. Og det var nettopp ofte ved opningar, som dører og vindauge, at slike symbol blei påført for å hindre vondare makter å sleppe inn. Åkle og teppe som låg over senga skulle sjølvstekt beskytte mot kulde, men symbola skulle også gje vern mot ukjende makter. Mykje av dette finn vi også att i klede. Dei kunne gjerne vere rikt utsmykka rundt alle opningar som ved halslinningar, bryststykke, nedre skjørtkant og ermeopningar.

## Krossar, sirkelar, roser

I kristen folketro representerer krossen Jesus sin siger over det vonde, og blei difor mykje brukt til vern mot vonde makter, ulukker og sjukdom. Men som magisk teikn er krossen av dei eldste ein kjenner til. I Norden var det i heiden tid guden som rår over lyn, storm, regn og fruktbarheit, Tor, som blei knytt til krossen. Her var det Mjølner, Tors hammar, som symboliserte krossen, der tverrlinja gjekk som eit tak over den vertikale linja, som ein T

I det som vi i dag oppfattar som dekorasjonar, kan vi finne igjen fleire typar krossar. Maltesar-krossen, ein likearma kross der armane endar i ein fot, er ein av de vanlegaste. Symbolet stammar frå korstogstida på Malta. Likearma kross, som også blir kalla for gresk kross, finn vi att over heile kloden, mellom anna på 10.000 år gamle hellemalningar frå Sahara og på helleristingar i Norden. Ringkross, eller keltisk kross, der armane til krossen går utanfor sirkelbogen var vanleg i Norden frå om lag 1500 år før vår tidsregning. Dei blei ofte plasserte der det var skjedd ei ulukke, eller ved ein gard til vern.

Sirkelen er eit universelt teikn og blir ved sida av krossen oppfatta som eit av dei eldste symbolteikna. Over alt er sirkelen eit symbol på sola eller noko som blir assosiert med sola. Til liks med krossen blei det brukt til å halde det vonde ute. I vår verdsdel kan trua på sirkelens vern sporast 5000 år tilbake. Det er ofte på mindre skrin og lagga kar at sirkelen er blitt brukt. Og til liks med krossen, og av same grunn, på gjenstandar knytt til mjølkestellet. Smøret var viktig både som salsvare, og ikkje minst som statussymbol. Men vi finn også sirkelen på og ved dører. Særleg på stabbur finn vi ein del av dette. Naturleg nok, for det var nettopp her ein oppbevarte mykje av sine verdiar i klede, verdisaker, og andre bruksting.

Solkrossen er eit mykje brukt symbol som sameinar krossen og sirkelen. Hjå oss kan den sporast tilbake til bronsealderen der den var knytt til jordbruket og truleg blei brukt i samband med fruktbarheitsmagi. Men til liks med krossen og sirkelen fungerte det også som eit vernesymbol. Med innføringa av kristendomen fekk solkrossen ei ny mening og blei til dømes ført på kyrkjeveggen ved innviing av ei ny kyrkje. Symbolet blei også mykje brukt på amulettar til vern mot sjukdom.

Åttebladrosen går ofte att som motiv i eldre tepper. Rosa kan sporast tilbake til førhistorisk tid, og i folkebroderi finn vi den att over det meste av Europa. Hjå oss går den som motiv til vevearbeid tilbake til 1700-talet. Åttebladrose som motiv finnast også i Sibir, Midtausten og i Tyrkia. I Noreg blei den også kalla for dobbelt marekors, og brukt som eit vern mot mara.

I folkekunsten høyrer seksbladrosa til dei vanlegaste motiva. Den er kjent i Noreg frå eldre jernalder, dvs 5-600-talet etter Kristus. I Aust- og Nord-Europa blei seksbladrosa også sett på som solsymbol, til liks med åtte-



*Staup frå Hus. Gjennom-  
brotten hank med ut-  
skoren fugl på toppen.  
Solkrossen som  
motiv.*



*Skrin frå Fonn. 1804. Roser, hjarte og  
malteserkrossar.*

bladrosa. Hjà oss er den oftast å finne på drikkekar av tre, kanner og ølstaup, gjerne på handtaka. Det same finn vi også i Estland og i det tidlegare Jugoslavia. Den er også mykje brukt som dekor på gamle møbler, senger, stolar og kister, instrument og små skrin. Ofte er rosa omgjeven av ein sirkel, og er truleg då meint som eit vernesymbol.

### Trekantar, den kvinnelege treeining og vern mot mara

I norsk folketradisjon representerer trekanten den kvinnelege. Ofte blei ulike former for trekantar svidd på tregjenstandar som skrin, øskjer og mangletre. Ein meiner at det kanskje har vore eit fruktbarheitsteikn. I kristen tradisjon representerer den tresidige trekant treeininga og guddomen.

Muruspjeld blei brukt til vern mot mara, som var eit vesen som verserte i ulike førestillingar rundt om i landet. Mara var eit plagsamt og farleg vesen, som gjerne kunne legge seg over offeret om natta for å kvele det. Situasjonen var for så vidt reell nok, den omfattande bruken av gamal og sterkt salta mat kunne av og til gje trykk for brystet og vonde draumar. Av dette har vi også ordet mareritt, som kjent eit uttrykk for vonde draumar. Muruspjeld var utskjeringar i tre i form av små ruter eller trianlar, og kunne ha form av nett, sjakkbrett eller fiksegarn.

inn. Ofte finn vi motivet att på kister og skrin. I folketrua var muruspjeldet brukt som eit allmeint verneteikn, og ikkje berre mot mara. Spesielt på Vestlandet har det vore vanleg med muruspjeld i karveskurd på kister, skrin og øskjer saman med andre trollteikn, som seks- og åttebladrosar, Santolarosar, valknuter, livstre og krossar.

### Fem- og seksstjerner

Heksagram betyr seksstjerne, og ordet kjem av det greske ordet hexa, som betyr seks. Det er satt i hop av to trekantar som er vende imot einannan. Davidsstjerna er eit heksagram

Eit pentagram er ei femstjerne, etter det greske ordet penta som betyr fem. Det har ei lang historie, og er kjent frå rundt år 1000 f. kr, i den nære Orienten. Figuren var gjerne teiknet for menneske – fem endar, fem fingrar, fem sansar. I Europa blei

teiknet brukt til vern mot det vonde på til dømes vogger. I mellomalderen blei teiknet mykje brukt av trollmenn og alkymistar, men det var kristendomen som bar med seg teiknet til Norden. I folkekulturen er dei av dei meste nytta verneteikna, og blei brukte over heile landet. Pentagrammet blei brukt som eit positivt teikn når spissen vender opp, medan det symboliserar mørkekrefte når spissen vender ned. Frå mellomalderen er det kjent at omvendte kristne symbol blei brukt i svarte messer og i magi for å skade andre. Noko som vi også ser att i dagens sataniske rørsler, som bruk av omvendt kross, og nettopp ei stjerne med spissen vendt ned.

Både den fem- og sekstaggja stjer-

*Øske frå Stardalen. Bandslyngornament  
og passrosar. Frå 1848. Muruspjeld ved  
sida av årstalet.*







na blei brukt mot mara og andre mørkemakter, til liks med muruspjeldet. Eit dobbelt marekross er ei stjerne med åtte taggar.

### Magiske knutar

Valknuten er eit gammalt magisk teikn som er blitt mykje brukt, men som ein veit svært lite om i norsk tradisjon. Men det var eit sterkt verne-teikn som til liks med pentagram og heksagram måtte rissast eller teiknast i eitt for at det skulle få optimal verknad. Om kniven blei lyft frå treverket under arbeidet, minste det ein del av sin vernande kraft. Valknuten finnast også i Asia og Afrika, i tillegg til Europa, og då spesielt i islamske land. I Noreg er teiknet av dei mest utbreidde, og kan sporast tilbake til merovingar- og vikingtid. I tidleg kristen tid i Europa blei teiknet ofte brukt saman med krossen, og vi finn det på norske stavkyrkjer, så vel som på søyler i kyrkjer i Kreml i Moskva. I tillegg til si vernande kraft blei valknuten også tillagt lykkebringande eigenskapar. Ofte er det brukt på type kjerestegåver som skrin og mangletre, og blir tolka å også ha vore eit teikn for kjærleik og fruktbarheit.

Avslutningsvis kan det nemnast at det kan sjå



Skrin frå Søgnesand. Seksbladrose – eit mykje brukt motiv i karveskurd.

Øskje frå Søgnesand. Bandslyng. Ein dobbel valknute på loket. Der er det også rissa inn bokstavane NPD og OPS som kanskje er intitialane til eigarane.



Utsnitt av bryllaupsåkle som Anne Marie Huus vov til bryllaupet sitt i 1906. Blei brukt i brurestolen under viingsritualet. Teppet er i privat eige. Både garn og fargar er heimelaga.

Motivet, åttebladrosa, er eit vanleg motiv på Vestlandet, og er kjent i Noreg tilbake til mellomalderen. Men rosa finst i nær sagt alle europeiske folkebroderi. Som vevemotiv i Noreg går den tilbake til 1700-talet. Motivet blei også ofte brodert på brudgomsskjorter for å bringe lukke.



ut til at kristendomen i mange høve gav førkristne teikn og symbol eit nytt innhald. Mange av dei, som til dømes sirklar, seksbladrose, pentagram og valknute, finn ein igjen på kyrkjer, preikestolar og gravsteinar frå tidleg kristen tid. Her representerer dei den allmechtige Gud eller Kristus. Men det ser ikkje ut til at våre tidlege kristne forfedrar- og mødrer såg nokon motsetnad mellom den kristne tru og bruken av desse symbola som magiske teikn.

### Litteratur:

Åsta Østmoe Kostveit: Kors i kake, skurd i tre. 1997

Eit åkle av dags dato som tenar eit dekorativt føremål. Laga av Agnes Årdal. I tidlegare hundreår var nok motiva viktigare enn det reint dekorative. Roser, krossar og doble marekrossar. I privat eige.



# Gamlestøylen på Klakegg og brannen i 1902

Av Lidvald Klakegg

Fjell og fjellbeite har vore i bruk i uminnelege tider, langt attom det vi i vår tid minnest. I dalane, nede i bygda, låg bruka, gardfleckane som var dyrka, der bøndene hadde bygningar med tilhøyrande jordbruksareal. Men i fjellet delte bruka om beite til dyra. Gamlestøylen, knytt til Klakeggsgrenda, er eit slikt minne. Ingen er gjenlevande frå den tid denne støylen var i bruk, men soger lever.

## Gamlestøylen

På toppen av det bratte Blåfjellet i Paulen, ligg eit rimeleg flatt platå som går mot Førse. Platået går vidare mot høgder bakanfor. Dette beiteområdet har i uminnelege tider tilhørt garden Klakegg. Vegen til dette området er lang og ganske

kronglete. Først over Flatingeholten, så ned gjennom ei bratt og ulendt steinur, før ein kjem ned på Gamlestøylen vår. Med nokonlunde rask gange er avstanden ca. to timar kvar veg. Bratt opp og endå brattare ned på platået under.

Støylsplassen ligg på ei slette under fjellskrentane bak. Platået som utgjer Gamlestøylen omfattar nokre hundre da. Det er gjennombrøte av steinhøgder, myrar, søkke og gode moltemyrar ut mot bråstupet mot Paulen og Førse. Ytterste stupet vert kalla Bukkespelen og hyver ut frå fjellet mot Førse. Her vart støylen lagd; seks hus i alt, to større fjøsar og fire små støylishus. Bruka deltes om husa og fjøsane (sjå skisse av murane). Det var godt om beite, både på platået og i tilgren-

sande område mot Svenskedalen. Dyr og menneske treivst her, sjølv om gonga mellom støyl og gard var ganske slitsam.

Namnet Svenskedalen har ikkje noko med svenskar å gjere, meir truleg har det med dei tre vatna i dalen å gjere. Desse vatna har bekkar inn, men ikkje ut. Vatnet forsvinn i botnen av vatna og kjem ut att ned mot Førstrand. Såleis kan ordet svenske komme av svinn, vatnet forsvinn.

Støylen var brukt til vanleg drift; budeiene gjekk opp om kvelden og ned att om morgonen. Elles var området nytta som beite for ungdyr, sauver og avgjeldna kyr på sommarbeite. Tilsyn måtte det vere, og det gjekk på omgong mellom brukarane. Det er nemnt om bruk av støylen i ca. 14 veker i året.

34



Klakegg etter brannen i 1902. Ein ser tydeleg den avsvidda fjellsida ovanfor bøagardane.

Soga seier at det var Bendik J. Nødrebø (Myrabruket) som gjorde opptakta til støylen og fekk rydda feråk gjennom ura frå Flatingeholten og ned på Gamlestøylen. Dette skulle vere i 1820-åra. Bendik var frå Ålhus, men gift med ei jente frå bruk nr. 6 på Klakegg, dette var hennar tredje giftarmål. Bendik selde bruket i 1841 og flytta ut til kysten, der han seinare kalla seg Grytten. Han døydde på Leknes i Vefring i 1873. Myrabruket selde han til Daniel Befring, som seinare skøyttet det over til Ludvig Gundersen Åsen, seinare Klakegg (sjå Jølst 2006).




Støylsruinane etter brannen. Lengst bak det selet som delvis sto att og som vart oppattbygd. Foto frå 1914, fotograf: Jeremias J. Klakegg.

### Brannen

Sommaren 1902 var heit og tørt, vert det sagt. Gamlestøylen var i bruk som vangle, og folket gjekk til og frå. To brør frå bruk nr. 6, no nemnt Skallebruket, den gong tilhøyrande i Framigarden på Klakegg, var mellom desse. Dei to gutane, Nils 13 år og Martin 11 år, var på veg frå støylen og heim, og dei rasta på Flatingeholten. Kanskje hadde dei sett etter dyra på støylen nede på plataet. Dei gjorde i alle fall opp eld for å steikje fleisk. Etter kvila og fleskestekjinga, sløkte dei etter seg, men på Klakeggsgjelllet er det ikkje vatn på denne plassen, i alle fall ikkje på tørre haustdagar som dette var. Glør hadde vorte liggjande å ulme, og nattestid kunne ein sjå det lyste i glør oppe i fjellet. Det vart gjort mykje for å sløkkje, men glørne hadde fengja heilt ned i det tørre jordlaget og blussa oppatt og oppatt. Fleire gonger var folk frå Klakegg oppover for å sløkkje, men grenda var uroa.

Ein augustlaurdag med lagleg vind frå nordvest, blussa varmen oppatt, og no breidde han om seg. Folk vart sende til fjells for å sløkkje, men vatn var mest ikkje å oppdrive. Det vart grave branngater, men i vinden og i den knusktørre mosen og lyngen, hoppa elden over. Desse branngatene, eller grøftane, er synlege enno. Det vart etterkvart stor røykutvikling, men mesteparten av røyken fór nordover og austover. Såleis vart store

Skisse av støylsmurane frå Gamlestøylen.



deler av Breim og Stardalen røyklagde. Vinden auka på og elden åt seg ned mot grenda. Mykje folk møtte opp, men kunne lite gjere.

Kornåkrane på Klakegg og i Paulen sto gule og mogne, og lensmann Lind gav varsel om at folk måtte hente reiskap og redde det dei kunne av kornet dersom brannen nådde grenda. Utover Paulsfjellet var det mykje skog som brann og sende glødande gneistregn utfor fjellet. Det var panikkstemning både i Pauls- og Klakeggsgrenda ettersom elden søkte nedover fjellsidene. I kyrkja vart folk oppmoda av presten om å reise til Klakegg for å hjelpe til. Men ut på seinettermiddagen søndag kom redninga; eit skikkeleg regnvær frå vest som sløkte det meste. Likevel, heile hausten utover såg ein glør og småbrannar som blussa opp i heile området.

Heile Klakeggsgjelllet og plataet

over Paulsfjellet låg att svart og heilt utbrent. Til og med det vesle av jord var omgjort til oske, men gardane i grenda var redda. Brannen heiter det framleis der flammene stoppa ovanfor Klakegg. Beite var det ikkje att, og mange tiår gjekk før fjellet tok til å få grønfarge att. Ja, til og med i dag, over hundre år etter, finn ein mest ikkje eit større tre i fjellsida ovanfor Branden eller oppe i sjølve fjellsida.

Gamlestøylen låg i oske, berre litt av eine selet, det minste, sto att. Dette tilhøyrde truleg Hoga- og Erkebruket. Selet vart oppattbygd og sto nokre år, men støyldriften vart nedlagd og aldri teken oppatt. Det tok også mange år før det vart beite for dyra omkring støylen. I dag er det berre få som kjenner til soga, men finn du plassen, ser du restane etter støylsmurane, og grev du litt i mosen og lyngen, finn du restar etter kol frå brannen i 1902.

*Frå Vidsyn, den nye støylen på Klakegg, bygd på den gamle mjølkeplassen.*

I 1941 vart det bygd ny støylen, denne gongen mykje nærare gardane på Klakegg. Denne støylen vart kalla Vidsyn og sto fram til 1992, då han vart øydelagd av nyttårsorkanen.

### Lagnaden til dei to som steikte fleisk

Dei to gutane som var så uheldige med bålbreninga si på Klakeggsfjellet i 1902, reiste nokre år seinare til Amerika. I 1910 var dei på veg for å vitje bror sin, Ola, som også var i



Amerika. På denne turen kom dei ut for ein skogbrann ved Baudette, og begge omkom.

Ola, som dei var på veg til, kom seinare tilbake til Klakegg og vart bonde på bruk nr. 6, Skalljen.

### framhald frå side 30

#### Stubbar frå Jølst

36

troppa til huset der festen gjekk føre seg. Han landa i eit brenneslekratt og det heile såg rimeleg stygt ut. Ei eldre kone som såg dette sprang til og ville hjelpe vedkommande. Ho spurde om han hadde slege seg, men fekk fylgjande svar: "– Å nei du, detta va på berekning gjort."

Så var det ein som også gjekk seg utføre, men dette var vel meir eit hendeleg uhell. Det var mørkt då dette skjedde, og høgt var det ned der han landa. Litt seinare skulle han fortelje om denne hendinga til ein kar, og etter å ha skildra det heile etter beste evne, avslutta han slik: "– Hadde da vore med ljøse dajen, hadde eg sleje meg spint i hel."

I ei grend skulle dei ha dugnad på bygdevegen. Ein av oppsitjarane skulka første dagen og møtte lovleg seint den andre. Dette vart ikkje nådig oppteke, og karen fekk seg ei verbal skrape. Så snart dei andre hadde sagt sitt, tok han godt tak i bukseselane, såg opp i lia ovanfor og svarde: "– Eg ser da an te at da bli mykje blåbær i år."

Same karen var kjend for å vere ganske sta samstundes som han hadde eit godt hovud. Ein snøtung

vinter med mykje snø på taka, vart det meldt omslag til mildvêr og regn. Alle sette i gong med måking av taka så nær som denne karen. Han hadde nemleg rekna ut at taket skulle tåle tyngda av den våte snøen. Den natta det byrja å regne låg karen i senga og gjekk gjennom reknestykket sitt på nytt. Han sto opp, fann fram papir og blyant og tok til å kalkulere. Det enda med at han laut på taket å måke midt på natta, reknestykket var nemleg feil.

Det fanst ein kar her i bygda som det finst mange stubbar etter, eg skal ta med to av dei. Dette var ein stor og røsleg kar og av den sorten som ikkje snakka for mykje i utide. Ein gong var han kommen til Førde midt på vinteren. Der møtte han ein kar som ville vite om isen låg på Jølstravatnet. "– Ja", svarde jølstringen, "– hadde han ste, hadde de vel sett han ne her." Same karen var også til Førde ein annan gong. Han køyrde med hest og skulle ein tur på apoteket som låg ved sørenden av Langebrua. Rundt apotekarhuset var der eit stakittgjerde som høvde godt å tjøre hesten i. Han så gjorde og gjekk inn på apoteket. Der sto apotekaren, raud i toppen og trommande med fingrane på disken framfor seg. "– Kem har sett den hesten der?", spurde han jølstringen som kom inn døra. "– Sete han no?

Han sto no då eg gjekk frå han," var svaret apotekaren fekk.

I Jølster, som andre bygder, før det før i tida emissærar rundt i grendene og heldt møte. Dette var gjerne om vinteren, og desse emissærane var ofte av det slaget som framførde bodskapen sin med stor tyngde. Ein slik ein sto på talarstolen og la ut om kor bra alt ville bli dersom møtelyden tok i mot Herren. Litt bak i lokalet sat der ein som fylgde interessert med på talaren sine lovnader. Men som god jølstring var han skeptisk av natur. Han snudde seg til sidemannen og avleverte fylgjande hjartesukk: "– Å, bere vent til våren når smalen kjeme ut, då e helvete laust igjen."

Eg skal avslutte med noko som skjedde i nyare tid. Ein kar som har ei hytte liggande nær ein av stølane i bygda, fekk ein vinter besøk av ein mår eller røyskatt. Hytta vart sjølv-sagt både tilrota og tilgrisa innvendig. Alt som fanst av mat i hytta var vekke, så nær som ein pakke med fårepølse. Dette tykte hytteeigaren var merkeleg, og han funderte mykje på korleis dette kunne ha seg, at denne pøsepakken låg att. Etter ei stund lufta han spørsmålet for naboen, ein stillferdig, men slagferdig kar. Han brukte ikkje lang tid på å finne svar på spørsmålet: "– Å, han såg vel på datostemplinga, tenkjer eg."

# Odelsretten i lovene og livet

Av Edvard Hoem

Odelsretten er eldre enn vår skrivne historie, men odelsretten er ingen universal rett. Odelsretten er eit rettsprinsipp i det nordlege Skandinavia som regulerer eigedomsretten til dyrka jord. Etter odelsretten har den eldste sonen til ein mann med odel retten til jorda framfor alle søskena sine, og barn av eldste son har retten framfor barna av nest eldste son. Odelsretten gjeld dyrkingsjord, ikkje andre naturressursar, om dei da ikkje er ein del av ein odelsgard og uskillelege frå den. Ingen har odelsrett til fossar og strender og utmarksbeite, eller skog og vidder, om dei da ikkje ligg under ein bestemt gard med dyrka jord. Odelsretten startar med åkerjorda og høyrer åkerbruket til. Så lenge menneska var nomadar og drog frå stad til stad for å samle inn eller fange det dei trong til livsopphaldet, var det ikkje bruk for noko odelsprinsipp. Først da dei vart bufaste og dyrka dei same åkrane i år etter år og generasjon etter generasjon, trongst det ein rettstanke som kunne hindre blodige oppgjer om den jorda som kasta mest av seg, den kultiverte jorda, odelsjorda.

Slik var det odelsretten kom inn i dei gamle norske landskapslovene: Gulatings-, Frostatings-, og Eidsivatingslova. Odelsretten vart skriven inn i Magnus Lagabøtes landslov frå 1250 og stadfest i Christian IVs norske lov.

I norsk rettshistorie har også døtrene odel, men retten får dei først etter at brørne har gått bort eller sagt frå seg retten sin. Ingen veit når den første mannen gjorde krav på odel. Odelsretten er ikkje berre ein førstefødselsrett til jord, men eit prinsipp som avspeglar ein heil samfunnsorden, der åkerbrukarane ein gong var ei avgjerande og dominerande gruppe i befolkninga. Kan hende var odelsprinsippet sett opp langt bak i det historiske tussmørket, da omflakkande stammar gjorde fastbuande stammar retten stridig. I alle tilfelle



var det eit mektig sivilisasjonsprinsipp som gjorde det nødvendig med tingstadar, lover som kunne seiast fram etter minnet og domsavgjerdar som samfunnet stilte seg bak. Det var lov og rett som skulle avløyse oppgjer med vald og makt. Anar vi at menneska tok til å trøytna på endelause blodhemnsfeidar, private oppgjer mann og mann i mellom? Åkerbruket krev ro og stabilitet for menneske og dyr. Det må verje seg mot at framande flokkar trakkar åkeren ned, set fyr på låven, brenner avlinga. Det er eit skifte som må ha kome lenge før kristen tid. Heile tida har odelsretten hatt som konsekvens at ein jordeigar etter ei bestemt tid har hevda retten til si odelsjord for seg og etterkomarane sine. Det har eksistert ein hevdingsrett, som gjaldt etter eit visst tal år.

Denne hevdingsretten innebar også ein løysingsrett, som gjorde at odelsarvingen med lova i hand kunne løyse ut den jorda som var hans, og sette til side ein annan eigar. Men den magiske rett som odelsretten dermed bar i seg, var ikkje evig, og løysingstida er

gjennom tidsaldrane berre blitt kortare og kortare til den i dag er på berre eitt år.

I tusen år og meir var odelsretten ein rett sønene hadde framfør døtrene, og dei eldste sønene framfør dei yngre sønene. Odelsretten var eit usynleg band mellom bestemte slekter og den jord dei hadde dyrka. For odelsretten seier at odelen høyrer slekta til. Om ein enkelt jordbrukar skuslar odelen bort, skal dei rette etterkomarane like fullt kunne overta slekts garden, framfor andre, som kan hende til og med har kjøpt den jorda det er tale om. Odelsretten er ein fedrerett, som ein kan krevje på vegner av ein stamfar. Odelsretten er ein familierett, der slekta sine interesser står over interessene til den enkelte, og det er ein fødselsrett, der ektefødde gutar følgjer etter kvarandre i rad før turen kjem til kvinnene.

Slik var det i tusen år, og meir enn det, ingen veit kor lenge.

Mot slutten av det tjuande hundreåret vart odelsretten gjort lik for menn og kvinner. Kvinner fødte etter 1. januar 1965 har odelsrett i Noreg etter den plass dei har i søskenflokk. Det er eit stort og varig omskifte, med mange uventa konsekvensar.

Det avslører kor djupe røter sedvanen har i det tradisjonelle bondesamfunnet, sjølv om det ikkje i og for seg var nytt at gardjentene overtok garden der ingen odelsgut fanst. Det nye var at dei kunne overta, sjølv om gutane fanst.

For 40 år sidan fekk altså jentene full odelsrett etter sin plass i søskenflokk. Det er snart gått ein generasjon, og dei første som tok over etter lova, er snart i ferd med å takke for seg. Men det er framleis ikkje alltid kvinnene får overta garden sjølv om dei har odelsretten. Om ingen hindrar dei med makt er det mange måtar å få odelsjenter til å misse motet på. La heller bror din gjera det, det er ikkje noko for deg!

Jentene utgjør omkring 13 prosent av dei unge som i dag tar over større gardar på odell, medan dei er meir enn femti prosent av dei førstefødde i det norske samfunnet. På mindre gardar utgjør jentene somme stader inntil ein fjerdedel av brukarane. Likevel meiner mange at odelslova verkar som ei likestillingslov. Utan den ville det vore enda færre jenter som tok over gardar! Lova hjelper dei iherdige til å få retten sin, mot tradisjonsbundne foreldre og besteforeldre og pågåande yngre brøyr som meiner dei er betre skikka. Mange kan fortelje om harde slag i familiar der ein aktar lova mindre enn tradisjonen. Men det finst likevel mange som kjempar for retten sin og vinn. Dei kjenner ofte at dei må prøve at dei er verdige til odelsretten, også om dei har odelsrett.

Odelsjentene har ikkje gått inn i tralten utan å førebu seg. Dei har gjort eit medvite val, eit val som kan ha mange grunnar, men når ein snakkar med dei, kjem det ofte til å framstå som avgjerande at dei vil sjå seg sjølv i spegelen og ettertida i auga. Dei oppfattar odelen ikkje berre som ein rett dei har fått, men som ei plikt, ein skyldnad, som går lenger enn kva dei personleg ville finne mest behageleg. Mange av desse jentene har budd i byen og dei har fått utdanning. Dei har prøvd seg i andre yrke, og somme har gjort det meir enn godt. Dei er fortrulege med dei urbane kaféane og dei moderne samlivsformene. Dei kjenner dei same songane og har den same mytologien som sine jamaldringar. Somme av dei har ring i navlen eller i øyret, men når dagen er der, vender dei tilbake til farsgarden eller farsjorda for å dyrke jordbær eller drive med sauer, i eit samfunn der dei strengt tatt ikkje lenger høyrer til.

Eller gjer dei det?

Det finst odelsjenter og odelsgutar som vil bryte opp frå allfarvegen, finne plass for det eineståande livsprosjektet. Mange som reiser heim er friluftsmenneske, fjellklatrarar, fiskeentusiastar. Dei har sett at det ikkje er livets lukke å støve bort på eit kontor. Hos mange ligg det nok ein omtanke for far eller mor som er i ferd med å bli gamle, og som har

lagt livet sitt i slektsgardane, men det er ikkje slektskjensla og ættebanda som tvingar dei, det er individuelle avgjerder, tatt med full oversikt over konsekvensane. Dei vil at det skal vise noko att etter eit liv, og ein gard som blir halden i hevd, er eit prov på at ein har levd. Det er eit arbeid med meining. Så er det dei som vil at barna skal få ein barndom som den dei sjølv hadde, dei som meiner at forbruks- og konsum- og karrieresamfunnet er eit blindspor, at all verda må snu før det er for seint, og dei vil vera blant dei som går i fremste rekke.

Eg veit ikkje alt om kva dei tenker, odelsjentene, når dei skal gå til sauefjøset i vintermorgonane. Somme tankar held dei sikkert for seg sjølv. Eg trur dei ofte er på nettet og i kontakt med den store verda, når dei går inn etter endt stell og har hengt fjøskleda bort. Dei lever ikkje slik besteforeldra deira levde. Det er ikkje bygda som er heile livet deira. Dei ringer og mailar og høyrer på den same musikken som dei andre i sin generasjon. Dei står ein annan stad enn foreldra sine, som høyrer til ein generasjon der det ofte var store framtidsvoner for eit jordbruk som var til å leva av.

Foreldregenerasjonen som vart fødd under og like etter andre verdskrigen, er snart på veg ut av norsk landbruk. Det var den store fornyar generasjonen, dei som tok til på seksti og syttitalet, bygde nye driftsbygningar og investerte alle krefter og ressursar i forbetringar, nydyrking, mekanisering, men som i dag må vedgå at dei ikkje kom dit dei hadde tenkt, fordi dei politiske rammene for norsk jordbruk er trongare enn nokon sinne.

I dei fleste tilfelle er det velstelte gardar som ventar på odelsarvingen i 2007. Gardane har det meste, bortsett frå eit trygt inntektsgrunnlag. Derfor er det også så ofte at avgjerdene står og vippar. Bygdene held pusten: Vil den eller den koma heim? Og i byen sit det alltid nokon om tel på knappane.

Da eg skulle skrive denne artikkelen gjekk det opp for meg at eg måtte snakke med ei handfull odelsjenter og visste om, for å finne ut

korleis dei tenkte om sin lagnad. Eg ringer rundt midt i våronna, midt i lamminga, midt i den tida då kyr og geiter og sauer skal sleppast på beite. Det er årets vakraste tid for bonden, og odelsjentene snakkar gjerne om sitt livsprosjekt.

Berit er tretti år og tok i 1997 over eit mjølkebruk med kvote på 87 tonn liter mjølk i året. Ho har sauer ved sidan av. Faren slutta av sjukdom då ho var tolv år gammal, og garden vart forpakta bort. Ho vart med forpaktaren i fjøsen som tenåringssjente, og interessa for jordbruk vart vekt. Ho gjekk på jordbruksskule, fekk agronomutdanning, søkte om utsetting med å overta bruket, for å få meir utdanning, men måtte gå i gang 1. januar 1997 for ikkje misse mjølkekvoten, som er statens maksimumsmål for kor mykje ein bonde kan produsere målt ut etter bestemte kriterium i forhold til storleiken på kvar enkelt gard.

Mannen til Berit driv samdrift med ein granne på ein annan gard. Ho ville sjølv gjerne gå inn på ei samdriftsordning, men så vart tilskotsordninga for samdrift endra, slik at ho får for lite igjen. Dessutan stansar helsa henne. Ho vil drive vidare, men kan ikkje drive som no. Berit er stolt av sitt val og angrar ikkje, men ho har mange historier om eit samfunn som stikk kjeppar i hjula for at ei jente kan drive gard. Slik er det for eksempel med den himmelropande urettferdige regelen for avløyninga under sjukdom og graviditet. Om ektemannen er avløyssar for ei odelsjente, får han ikkje avløyssartilskot slik ein annan avløyssar ville ha fått, sjølv om han tar permisjon frå anna arbeid. Oftast er det ektefellen som er best skikka og kjenner størst ansvar for ein krøtterfokk når eigaren ikkje kan mjølke og stelle, men regelverket gjer det praktisk talt umogeleg for ektefellen å ta sin tørr, så sant vedkomande ikkje vil ta permisjon frå anna arbeid og arbeide utan lønn.

Jo meir ein studerer det, jo meir opprørande ser det ut. Statens jordbrukspolitikk held jordbruket i ei skruestikke. I eit gjennomliberalisert frihandelsregime skal alle subsidiar frå statens side gradvis fjernast, og store flokkar av bønder er i ferd med

å bli drivne ut av yrket. Forbrukarane ropar stadig høgare om billigare mat, og framleis er det mange som ikkje ser kva konsekvensar den store bondedauden vil få for landsbygda og det norske samfunnet i det heile. Tusenvis av bønder fekk i fjor det tradisjonelle produksjonstilskotet skore kraftig, fordi det ikkje var så mange som gav opp som staten og planleggarane hadde vona.

Men når det blir pressa lenge nok, vil nok resultatata kome. Det er ein tredjedel av dei bøndene som no er igjen, som heile tida vurderer kor lenge det er vits i å halde på. Bøndene er blitt ei marginalisert utgruppe. I global forstand skulle ein tru at dei som produserer maten skulle ha framtida på si side, og i festtalanen kan ein høyre det sagt at det er ei næring i soloppgang bøndene representerer, men for mange hjelper det ikkje når dei veit meir enn godt at soloppgangen vil vere meir enn deira tid ut, og at dei aldri får oppleve at sola stig mot middagsleit.

Mange av odelsjentene har arbeidd for garden sin meir enn Jakob måtte arbeide for Rakel.

Guro har arbeidd på garden sidan 1988, ved sidan av anna arbeid. Ho nærmar seg 20 års teneste. Først i 1998 fekk ho ta over. Da bygde ho lausdriftsfjøs og gjekk inn i samdrift med ein granne. Ho slo seg til for å bli, og når ein spør om grunnen til den trufaste tenesta, seier ho at det er tradisjonen som er avgjerande. Garden ho har odel til, er den eldste buplassen i kommunen, med spor etter busetnad tilbake til steinalderen. Kven er ho som tør å legge frå seg den plikta som lov og fødsel har pålagt henne? Kven ville vore forherda nok til å ikkje angre på ei slik avgjerd? Odelsjentene har samvit, dei veit dei ville angre om dei gav opp. Dei har vokse opp på odelsjord, veit kor mykje det har kosta å odle den i eit karrig jordsmonn som det norske. Guro legg ikkje skjul på at det er usikre tider, skral økonomi og bratt skog på garden. Men jorda er i hevd, og ho kan leva der fordi ho til slutt fann seg ein mann som ville dele lagnaden med henne, og fordi ho fekk sjå seg om og prøve andre ting i sine unge år. No tenker ho på samdrift for

å få meir fritid. Og kanskje vil ho, etter stor innsats gjennom mange år, ein dag finne ei driftsform som gjer at ho kan ta fri og reise bort, sjå noko anna, gjere noko anna. Men førebels finst det ingen ferie, og ingen utveg for å ta seg meir fri enn ein dag eller to om gongen.

Hegelin driv med jordbær, og ho seier ho tener pengar i eit godt år. Men heller ikkje for henne er det snakk om ei inntekt på nivå med den ho kunne hatt i byen. Ho budde i Oslo i mange år, men fann til slutt ein mann som ville bli med henne for å ta over foreldregarden på Sunnmøre. Ho understrekar at ho ikkje har angra eit sekund, og er stolt fordi ho nettopp har pløgd ein stor åker då eg ringer henne ein vårdag i 2005. Ho har alltid visst at den dagen ville koma, då ho måtte ta stilling til sin odelsrett. No oppfyller ho retten.

Sjølvsagt finst det odelsarvingar som går inn i tralten og laus på fedrejorda utan ideologiske overlegningar, og endå fleire som gir opp utan å sjå seg tilbake. Men når jentene gjer det, er det som oftast eit gjennomtenkt val. Dei veit at dei ikkje kan leva av garden aleine. Dei vil finne levebrødet i ulike prosjekt som kan styrast frå familiebruket, men som mange gongar har rot og feste langt borte frå deira eigen kvardag. Dei driv med skriveoppgåver som er uavhengige av kvar dei bur. Dei har gjort nettet til den store utmarksnæringa. Ei av dei vaskar manuskript for eit forlag, ei anna driv kulturprosjekt for fylket. Om dei vil halde ut i eit slikt dobbeltliv står att å sjå. Men det var odelsretten som sette dei på tanken om å prøve.

Og dermed står den utgamle odelsretten der som ei usynleg kraft og kastar menn og kvinner i trettiåra tilbake til bygdesamfunna dei kom frå! Var ikkje odelsretten der, ville det i mange bygder sett meir enn svart ut. Men det er i ikkje til å koma i frå at den same odelen er årsaka til at tusenvis av bruk som ikkje er i drift, heller ikkje blir selde og ikkje kjem i hendene på dei som kunne ha fått det til å leva. Det er mange odelsarvingar som sit i næraste tettstad og leiger ut jorda til ein granne, og så står gardsbygningane der og forfell

fordi arvingane held på retten, men ikkje vil ta på seg plikta.

Derfor dukkar det uavlateleg opp framlegg om å avskaffe heile odelsystemet, og kanskje vil lova bli endra, slik at bruk under femti mål blir odelsfrie og dermed langt lettare å omsetta. Kanskje vil den såkalla løysingstida bli halvert, frå eitt til eit halvt år, slik at dei som kjøper ein gard med odel ikkje må kaste bort eit år medan odelsarvingane bestemmer seg. Men det er ikkje noko teikn i sol og måne på at odelslova vil falle.

Dagens odelslov er ikkje nokon livstidsdom, og det er det nye. Odelslova er ei påminning om ein stor samanheng som for mange får sakrale dimensjonar. Odelen er ein anakronisme, ein medfødd rett for nokre få, ein rett som det tar eit liv å tileigne seg, når ein ikkje har fått den i voggegåve.

Men i ein situasjon der norsk jordbruk er under avvikling og hundrevis av gardar er under nedlegging kvart einaste år, er like fullt denne retten eit slags mytisk formular som knyter band mellom dei som lever no og dei som levde før oss. På ein merkeleg måte tangerer odelsretten, trass i det antikvariske og udemokratiske som hefter ved den ei djup sanning: Det er ein samanheng mellom slekter og generasjonar på den eine sida og enkeltmenneskets innsats på den andre. Idéen om at dei som tok over ein odelsgard skulle levere den frå seg i same stand som ein tok i mot, eller enda betre, er i samklang med den økologiske forvaltningstanken og det globale perspektivet i vår tid. Det økologiske og det kulturelle mangfaldet som er så innvove i kvarandre, treng menneske som knyter livsgangen sin til bestemte stader, dyrkar og hegnar om desse stadane og gir dei frå seg til neste generasjon. Odelsretten er eit usynleg band mellom bestemte landskap og bestemte menneske. Odelsjentene og odelsgutane og retten deira står i enden av ein historisk tradisjon som har stått prøva gjennom skiftande produksjonsmåtar og samfunnsformasjonar. Kvar vegen går vidare veit ingen.

# Mellom gammalt og nytt

## "Solglytt" – lagsbladet til "Gamle" Ålhus ungdomslag

Av Stig Årdal

Ved byrjinga av 1900-talet opplevde Noreg store samfunnsomveltingar. Målstrid, norskdomssak, unionsoppløysing, avhaldssak og kvinnesak var nokon av tidas store stridstema. Mellom mykje anna. Ungdomslagsrørsla tok opp i seg mykje av kulturstriden som føregjekk, og det blei skipa ungdomslag i dei fleste delar av landet. Jølster var ikkje noko unnatak. På Ålhus blei Ålhus ungdomslag skipa i 1905. Laget har seinare blitt kalla "Gamle Ålhus UL", for å skilje det frå eit lag med same namn som blei skipa i 1919. Ungdomslaget fekk ei kort levetid, og eksisterte berre til 1907. Men kan lagsbladet "Solglytt" likevel seie noko om kva grøndefolket tenkte og meinte om samfunnsendingane som føregjekk rundt dei?

– Kor mykje pengar er det ikkje som jølstringane bruker på alt slikt tull som prospektkort, julekort, blomsterkort, visittkort og namnestempel – ting som det ikkje er noko bruk i. Må vere snakk om tusenvis av kroner! I dag er det ikkje måte på alt som folk skal ha tak i. For ikkje å snakke om all denne fotograferinga i tide og utide – "atter tusende af kroner." Som om ikkje det er nok skal folk også ha alle mogelege større luksusartiklar. Som til dømes denne syklelegalskapen som breiar om seg. No er det faktisk gått så langt at annan kvar guteslamp har sykkel. Ei kostbar leike! I ei avis står det å lese at det i løpet av dei siste to åra er importert sykklar til landet for ikkje mindre enn fem millionar kroner. Det er den reine galskap! For ikkje å snakke om all denne stasen i klede! Hattar, frakkar og hanskar. "Ja, virkelig, trenger disse stakkarne varmetræk på henderne?" Og så jentene då, alt dette forfengelege som dei no skal ha på seg. Kan umogeleg vere verdt alle pengane, alt i hop!

Nei, her er det berre ein ting å gjere – ungdomen må oppdragast til å tenkje økonomisk: "Ingen indtægter og spare i udgifter, det er hvad nu maa skje".

Av arkivmaterialet til "Gamle" Ålhus ungdomslag er det berre bevart ein protokoll som inneheld lagsavisa "Solglytt". Diverre har vi ikkje årsmeldingar eller anna materiale etter ungdomslaget. Tekstane i bladet blei lesne opp på møta i ungdomslaget, og dei ulike bidraga er signerte med initialar eller andre nemningar, som "lagslem", "filosof" og så vidare. Og det er her, i nr. 8, datert 20. desember 1906, at vi finn utblåsinga ovanfor. Vedkomande bidragsytar til bladet må tydelegvis ha hissa seg skikkeleg opp over kjøpesjuka og ungdom på ville vegar. Her var det verkeleg behov for å ta ungdomen under oppseding!

Utblåsinga er kanskje ei øving som enkelte av den eldre garde alltid har likt å geskjeftige seg med; å moralisere over ungdomens sviktande respekt og dømmekraft. Men kanskje bør ein likevel vere forsiktig med å harselere for mykje over ei slik, sett med våre auge, gammalmodig og bakstreversk ytring. For personen bak signaturen må verkeleg ha opplevd ei grunnleggjande omforming av samfunnet, ei omforming som på langt nær var fullendt då han sette teksten på papiret. Teksten seier oss at ein ny livsstil er i ferd med å slå rot i bygda. Og som oftast er det ungdomen som først omfamnar tidas nye impulsar. Forfattaren høyrer ikkje til den yngre garde, må vi tru. Han blei nok forma av eit lokalsamfunn som framleis tedde seg etter hundreårsgamle tradisjonar, med ein jordbruksøkonomi som var tufta på sjølvberging, der berre det mest naudsynte til heim og gard blei kjøpt inn. Reiskapane blei så langt som råd tilverka av bøn-

dene sjølve. Så det var kanskje ikkje så rart at han såg med smale auge på alt det nye som kom veltande innover bygda. For det er no, i dei første åra i det nye sekelet, at vi så smått ser omrisset av bygdesamfunnet som vi kjenner det i dag.

### Vel det rette livsyrket!

Ein annan og usignert tekst uttrykker bekymring for utflyttinga frå bygda. Ikkje berre for å reise til Amerika; det er stadig fleire ungdommar som flyttar til byane for å finne arbeid. Mange ønskjer også å skaffe seg ei utdanning. Resultatet er at det blir færre arbeidsfolk på gardane, noko som igjen går ut over næringslivet i bygda. For mange av dei som reiser ut for utdanninga sin del, er det nok like greitt å bli verande i bygda som gardsmenn, slår teksten fast. Det er nok eit ønskje om å kome seg bort frå kroppsarbeid som eigentleg ligg bak, meiner forfattaren. Mange tenker ikkje over kva ein eigentleg duger til, og "renn etter det som blenkjer." I grenda har det vore mykje prat om "flogvit og herlige ømnor" som ikkje har fått høve til å reise ut og gjere bruk av evnene sine. Men no har utviklinga tydelegvis gått for langt. Oppfordringa er klar: Ungdomen må velje det rette livsyrket!

Heller ikkje her er den moralske peikefingeren langt unna. Men teksten tar også opp reelle forhold, som arbeidsutvandring frå bygda til industrien i byane og lettare tilgang til utdanning og kunnskap. Andre halvdelen av 1800-talet førte med seg eit betydeleg oppsving i skrive- og lesedugleik blant folk flest. Lova av 1860 om almugeskulen på landet er svært viktig her. Den forlengta skuletida og gjorde òg verdslege emne som geografi, historie og naturfag obligatorisk i undervisninga. Lova sa også at om elevtalet



tilsa det, skulle det skipast fastskular i bygdene, og det blei satt krav om at lærarane skulle ha ei utdanning som yrket tilsa. Her var det mange bondesøner som såg sin sjanse. Som vi forstår av ytringa ovanfor må det ha versert diverse ordskifte om behovet for kunnskap og utdanning også her heime, og kor gale det var at ikkje evnerik ungdom fekk høve til å skaffe seg meir utdanning. Sjølv om enkelte tydelegvis meinte at nok fekk vere nok.

### "Du skal skyna deim!"

Nok ein usignert tekst legg vekt på kor viktig det er å kunne noko meir enn "storhopen": "Du skal ikkje berre sjaa paa himmel, fjell, gras og sjø. Du skal skyna deim!" Men først og fremst er det viktigaste å lære av livet og av korleis folk lever og oppfører seg. Det er difor vi har diktning og kunst: "Av dikteren skal du lære skyna deg sjølv, for det er han som liksom granskar innsida av livet." Difor bør ein lese bøker og tenkje etter kva ein lærar av dei, gode så vel som dårlege. Denne forfattaren var nok ikkje samd i at det berre var for å "renne etter alt som blenkjer" at ungdomane kunne finne på å utdanne seg utanfor bygda.

### Ungdomslag i Jølster

Det er i tida rundt hundreårsskiftet at ungdomslaga kjem til Jølster, frilyndte så vel som kristelege. Vi har ikkje retningslinjer eller medlemslister for Ålhus ungdomslag. Men i første årgang av "Solglytt" finn vi ein tekst som må reflektere grunntankane for å skipe ungdomslag: Ungdomstida som retningsgjevande for resten av livet, og at ungdomen tidleg må setje seg sine "hugmaal", og arbeide for dei. Ideala er aldri så sterke som i ungdomen, og det er dette som gjev dei arbeidskraft, "...som han aldri i livet vil missa – um det daa er eit reint og stort maal, han strævar for." Ei sak blir aldri så kjær for eit menneske som det han arbeidde for i ungdomstida. Difor går det også gale for den som svihtar ungdomsidealet sitt. Trongen til å kome saman, og til å bruke seg, er grunnlaget for ungdomslaga. "Her har ungdomslagi mykje aa gjera. Ikkje

med formyndarskap og forbod mot det og det som ein trur er synd, men ved aa vekkje hugen aat ungdomen til syn paa det, han kan gjera, og rydja rom for dei tankar, som finn samklang paa hjartebotnen hans. Daa vil kvar finna noko for seg og finne hugnad i arbeidet. Dei vilde daa og læra, at arbeidet ikkje er ei forbanning, men ei stor velsigning."

Vi veit ikkje kven som skreiv innlegget. Men teksten representerer ein grunntanke for ungdomslaga; å gje ungdomen eit mål, tru på seg sjølv og noko å arbeide for. Tankane grip tidsånda, sjølv om dei blir uttrykt i ganske så høgtidsame vendingar.

Ifølgje arkivregistreringa som er presentert på nettsidene til Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane, var følgjande ungdomslag "frilyndte" i kraft av å vere tilslutta Noregs ungdomslag:

Frilynde ungdomslag	Etabl. år	Nedl. år
Audundal UL	1890	1905
Myklebust UL	1899	1954
Orken UL	1901	1932
Gjesdal UL	1901	
Skei UL	1902	
Eikås UL	1903	
"Gamle" Ålhus UL	1905	1907
Vårvon UL	1917	
Ålhus UL	1919	
Fjellblomen UL	1920	1964
Sandal UL	1922	1944
Årdal Frilynde UL	1945	1954

I tillegg finn vi Stardalen kristelege ungdomslag, skipa i 1888, og Årdal og Helgheim forbundslag, skipa i 1923. Båe var tilslutta NKUF – Noregs kristelege ungdomsforening. Der var også Sørsida kristelege ungdomslag med, skipa i 1926, men nedlagt alt i 1929.

### Ungdomslag, boksamling og leseselskap

Plassen tillet ikkje å gå nærare inn på historia til alle ungdomslaga i Jølster. Men ungdomslagshistoria på Ålhus kan stå som eit eksempel på den store aktiviteten i bygda rundt hundreårsskiftet. Det var i 1890 at ein del unge menn i grenda fann ut at dei ville skipe eit ungdomslag. Laget bar namnet

Audundalens ungdomslag. I 1892 skipa laget ein lesarring – "Læseselskabet Ungdomshaabet". For pengane som ungdomslaget fekk inn blei det kjøpt inn bøker som gjekk på omgang mellom lagslemer og andre. I utlånsreglementet heitte det: "Enhver der laaner bøger i Ungdomshaabet, har at behandle dem smukt samt regelmessig at tilbagelevere dem naar udlaanstiden er forbi. Den der beskadiger en bog, pliktes at utbedre skaden. Bortkomne bøger betales etter innkjøpspris. Udlaanstiden settes til 3 uger. Udlaanspris for ikke medlemmer settes til 2 øre."

Boksamlinga har truleg gått over i Ålhus sogns Almuebogsamling, som dukkar opp seinare i nittiåra, og som frå rundt 1900 heitte Ålhus sokns Folkeboksamling. Den seinare lensmannen Søren Øvrebø og presten Christian Astrup var av dei første som var med i styret. Søren Øvrebø skal visstnok ha teke seg av litteratur som omhandla jord og skogbruk, medan det naturleg nok var Astrup som heldt oversikta over religiøs litteratur. Astrup skal også ha gjeve bøker til boksamlinga.

Det første ungdomslaget heldt det gåande til 1905, då laget skifta namn til (Gamle) Ålhus ungdomslag, eit namn som det bar til 1907. Deretter har vi ingen arkivopplysningar om ungdomslag på Ålhus før Ålhus ungdomslag blei skipa i 1919. Dette året blei også Ålhus lesering skipa.

### Konsulatsleden som køyrde seg fast

Første nummer, om vi kan kalle det det, av "Solglytt" kom ut rundt juletid 1905. Her kommenterer eitt av innlegga året som gjekk. Først var, får vi vite, gjennomgåande mykje dårleg denne vinteren. Men det var nok ikkje likare på Austlandet, for i Kristiania bar det ikkje verre til at ein køyrde sund den gamle "konsulatsleden". Som kjent var det kravet om at Noreg skulle få opprette eit eige konsulatvesen som var den utløyssande årsaka til unionsoppløysinga dette året. Gustav Smed, her meint kronprins Gustav, som overtok den svenske trona etter sin far, Oskar II,

var av den oppfatning at det ikkje kunne bli tale om rekonstruksjon, då måtte det heller arbeidast fram ein heilt ny slede. Det blei gjort, og det blei satt hjul og meier på sleden. Sidan "kørte man vildt, som føret var baade til Karlstad og København". Stortinget valde prins Karl av Danmark til konge, og han tok namnet Haakon VII. Og, blir det påpeika, kongen gjorde sitt inntog i Noreg "efter at Bliks salmarne var indførde i Helgheim." Dèt pirkar bort i eit anna av tidas stridstema, målsaka. Spørsmålet om kor vidt Blix sine salmar, som var skrivne på landsmål, skulle brukast i kyrkja, opptok mange.

I årsoversikta vart også rasulukka i Loen, som kravde 61 menneskeliv, nemnt.

### Målsak og "høyere tanker"

Men korleis fengde dei andre av tidas store stridstema? Første innlegg i 1906, signert "medlem av foreningen", tar opp eit av dei, målsaka. Landsmålet er det inga meining med, slår teksten fast, ein tekst som sjølv sagt er skrivne på dansk. I laget må det tydelegvis ha vore rom for baa leirar. Kvifor, spør medlemen, gå bort frå det ein kjenner og har klart seg med til no? Til dagleg bruk er for så vidt målet greitt nok. Men når det kjem til "høyere tanker", derimot, blir det ei anna sak. Då gjev ikkje landsmålet stort nok rom til å kunne uttrykkje seg godt nok. Dessutan er det slik at sjølv dei ivrigaste målfolk, om dei då ikkje vil gjere seg til glis og latter, må ta i bruk "skriftspråket" når dei skal utanbygds.

Argumentet om at det har gått bra til no, gjeld for byar og dei som har høve til utdanning, kontrar signaturen "H". Ikkje alle kan gå lærarskule, og skrivedugleiken er mindre på bygda enn i byane. Difor bør det ikkje vere naudsynt å lære seg eit framandt mål.

Det er likevel få tekstar som konkret tar opp målsaka. Men meiningar om dette kunne nok bli uttrykt meir indirekte. Som gjennom forteljinga til "Veslemøy", som fortel om Hjørdis Berget som ikkje fann seg heilt til rette i kyrkja. På slutten av forteljinga peikar ho på at salmane

til Blix enno ikkje var tekne i bruk. I si eiga kyrkje, meiner ho, bør det vere unødvendig å bruke eit anna språk enn sitt eige. Det er vel nærliggande å tru at Hjørdis Berget reflekterer tankane til "Veslemøy".

Historia om konsulat-sleden fortel at den nye kongen gjorde sitt inntog i landet etter at Blix-salmane blei tekne i bruk i Helgheim kyrkje, medan forteljinga om Hjørdis Berget reflekterer over at desse enno ikkje er tekne i bruk i Ålhus kyrkje. Elias Blix gav i 1869 anonymt ut 13 salmar på landsmål. Han kom seinare, i 1883, ut med tre hefte, "Norske salmar", som i 1892 blei godkjende av regjeringa til bruk i kyrkja. For å gjere ei lang historie kort, blei Blix-salmane stemde inn i Helgheim kyrkje i 1906, medan Ålhus kyrkje måtte vente heilt til 1916 før dei blei tekne i bruk der.

Dette var også ei tid då diskusjonane om bruk av landsmål i dei enkelte skulekrinsane føregjekk for fullt, samstundes som det vart bygd mange nye skulehus.

### "Alle er vi herrer yver kong alkohol"

I siste årgang av "Solglytt", i 1907, gjev likevel "Bondegut" uttrykk for at Ungdomslaget har sin verknad på målsaka, på same måte som på avhaldssaka. I grenda var det berre ein, to eller tre totalistar før laget kom i gang. Men no rører mest kvart eit menneske ikkje lenger alkohol. Det same gjeld målsaka, slår han fast, dei fleste i laget sverjar no til landsmålet. Vi veit lite om talet på medlemmer, bortsett frå at vi får vite at dei på dette tidspunktet slit litt. Så dette gjeld kanskje ikkje så mange, likevel? Men også signaturen "Totalist" peikar på at det i foreninga er mange som er imot alkohol. Signaturen átvarar ungdomen om at vegen til å bli drankar er ganske så



Baksida av fana til "Gamle" Ålhus ungdomslag.

kort om ein først prøver alkohol. Då er det betre å melde seg inn i totalavhaldsforeninga med ein gong, før ein får trongen for den sterke drikke: "... og da vil kanskje din kjære far og mor blive spart for mange taarer og græmmelser, og du selv være et lykkelig medlem af samfundet, agtet og elsket af alle skikkelige og bra mennesker, som du kommer sammen med."

Måtehald? Det er som ein fange som skryt av å vere fri når han slepp ut av fangeholet og ut i fengselsgården, meiner "Hans". Den verkelege fridomen handlar om totalavhald. "Alle er vi herrer yver kong alkohol", slår han fast.

### Kvinna sin plass

Vi er framleis nokre år før 1913, då kvinnene fekk stemmerett på lik linje med menn. Men likestillingsspørsmålet var eit heitt politisk tema. I 1901 fekk kvinnene inntektsavheng-



*Nikolai Astrup laga fleire faner til ungdomslag i Jølster. Denne er laga til det som i dag blir nemnt som Gamle Ålhus ungdomslag.*

ig kommunal stemmerett. Statsborgarleg stemmerett etter inntekt måtte dei vente til 1907 for å få. Tre år seinare, i 1910, fekk dei alminnelig kommunal stemmerett.

Kvinnesaka gav gjenklang også på Ålhus. Her dukkar "H" opp igjen. Kvinner bør få høve til både kunnskap og danning, meiner han. Men her er eit lite men, bør ein vite: Kvinner har ikkje god nok stemme til å tale i store forsamlingar. Dessutan skal kvinna til sjuande og sist vere ei god kone. Ho høyrer difor ikkje heime på storting og i landets fremste embete. Ein føresetnad for at ho kunne få tilgang til slike stillingar laut i så fall vere at ho blei utvikla i retning av eit meir mandig vesen. Men det trur den godaste "H" ikkje vil vere til det beste. For ei kvinne skal i grunnen slett ikkje vere mandig,

men kvinneleg, slår han endeleg fast.

### **Kvinnesak i heimen**

"Møykjerring" legg inn eit ord for kvinnesak i heimen. Og her blir det også gjeve ganske så konkret døme på arbeidsfordelinga i heimen for hundre år sidan. Kvinna har no fått mange rettar, mellom anna kommunal stemmerett. Så då er det også berre å ta den i bruk, oppfordrar ho. No kan dei veljast inn i heradsstyret og ymse anna, "dersom dei berre vil". Men er no dette eigentleg det kvinna vil? For kva skjer om kvinna blir valt inn, og ikkje mannen? Vil det gå bra om kvinna blir like mykje heimefrå som mannen?

Korleis kjem det då til å sjå ut? I det offentlege har nok "kvendi" fått den plassen ho treng. Men det er i det kvardagslege, rundt om i heimane, at ho lir stor urett. Har kvinna like mykje fritid som menn? Nei, svarar "Møykjerring" sjølv. For kva er det vel ikkje av arbeidsoppgåver kvinnene må ta seg av: Matstell, fjøsstell, husvask, vask av klede, bøting, spinning og veving, "...og mykje attaat som ikkje kan upprettast." Då stiller det seg på ein annan måte for mannen. Det einaste som han må tenkje på er å køyre høyr og ved, hogge veden og stelle ein til to hestar. På ein vinterdag arbeider mennene berre frå det er lyst til det vert mørkt, "...um det er godt veirdaa aa segja." Og kva gjer dei på i dei lange vinterkveldane, skal tru? Somme går på krambua eller i stova til grannen for å snakke om laust og fast. Andre ligg heime og søv. Nokon les i eit blad eller i ei bok. "Daa burde dei i det mindste lesa høgt for kvindfolki, so dei og kunne faa eit grand av den lærdomen som karane briskar seg med." Når ser ein at

kvinnene har tid? "Kva tid staar dei og heng upp etter disken paa budi eller snakkar vekk tidi til inkjevetta?" Men karane er nok redde for at om dei først skulle hjelpe meir til, så får dei aldri seinare fred, meiner ho.

Dessutan, kvinner greier seg sjølv mykje betre enn mennene! Om ikkje ein "sveinkall eller enkemann" får seg kjerring, så må han ha terne. Konklusjon? Ikkje ei einaste kjerring har det så gildt som ei møykjerring, som bur for seg sjølv, åleine!

### **Forteljingar, religion og moral**

Det er nok mindretalet av innlegga som tek føre seg tidas store stridsteima. Størsteparten av tekstane er i form av forteljingar, stubbar og dikt. Ein del er tydelegvis ført på papiret for underhaldninga sin del. Men forteljingane, om dei er av eige bryst eller er henta frå andre kjelder, bar ofte med seg ein tydeleg moral. Religionen er aldri langt unna, og refleksjonane rundt seg sjølv og sin plass på jorda er oftast tufta på kristendomens bod. Men enkelte tekstar uttrykkjer også skepsis til kyrkja og til religionsutøvinga til den vanlege mann og kvinne. Tekstane formanar òg om kva farar som lurar om ein lar seg lokke med på nattlege eventyr, dansefestar og alkoholbruk. Tidas folk var nok heller ikkje ukjende med omreisande emissærar. Slike blei ikkje alltid sett på med like stor velvilje. Som den usignerte forteljinga om mannen som ikkje dugde på garden og difor prøvde seg som hestehandlar. Men heller ikkje her lukkast han, i alle fall ikkje utan å måtte drive med lureri. Men etter kvart fann han si rette hylle – som emissær. Det var ein god måte å finne livsutcome på, fann han ut. Etter kvart blei han ganske så god til å bruke gudspratet til å lokke fram tårene til "kjerringane" for å få kost og losji.

Men dei fleste av forteljingane og innlegga med religiøst innhald handla om å finne dei rette verdiane. Dei finn du ikkje i denne verdas verdslege gode, eller ved berre å søkje å "presse honninga ut or livet", som "filosof" formulerer det. Dei ekte verdiane, meininga med livet, finn ein berre ved å søkje Gud. Signaturen

"H" viser til Roussau, som meiner, slik han forstår det, at kultur fører med seg alt vondt. Det beste er å gå tilbake til naturtilstanden. Lagnaden til dei gamle oldtidssivilisasjonane er eit døme på det. Men, om kulturen blir tufta på kristendomen, og slik tar med seg det gode i kultur, kunnskap og vitskap, bør det framleis vere håp, meiner "H".

### "Det er natterenningji ale!"

Natterenning var eit tema som tydelegvis kveikte grendefolket sitt engasjement. Ei forderveleg omgangsform, meinte enkelte. Andre såg tydelegvis litt lettare på det, og oppfordra moralistane om å sjå tilbake på eigne ungdomssynder. Temaet var av dei som drog med seg flest innlegg i "Solglytt".

Gjennom natterenninga misser dei unge interessa for kunnskap, danning og sunne verdiar, meiner "Firdafylking". Med natterenning meiner han "den renning um kvel-darne og neterne fram etter vegarne, kring husi, i fjose, skylor og kodt. Denne flakkingi av gutarne etter gjentorne og gjentorne etter gutarne". Fenomenet oppstår gjerne i fritida, på laurdags- og sundagskvel-dane. "Prøv å snakke med dei, og du vil finna dei meste som faaming-ar. Ingen ting hev dei danna seg tankje um – ingen ting er det, som interesserar dei, so ein kann faa nokon samrøda i gang. Men kom inn paa snakk um gjentor og gutar – aa jau, daa er dei med. Dette er tomheit – interesseløyse og andeleg vesal-dom. Det er natterenningji ale!"

"Baard" spør forfattern av ytringa ovanfor om det er meininga "aa taka burt noko utan aa setja noko att i staden?" Kvar er "boti", dèt høyrer han ikkje noko om. "Baard" har heller ikkje sans for natterenninga, men peikar på at det tidlegare var vanleg for ungdomen å kome saman til dans. Men også den blei teken ifrå dei, og kva fekk ein i staden? Natterenninga, sjølvsgagt. Så kva skal kome i staden? Pietisme og pessimisme? Spørsmålet er om det er i ungdomslaga ein kan finne "vederlaget". Men, avsluttar han, "allvist ikkje hjaa oss - med vort lag, for det kan ein segja med godt sam-

vit, at heile laget vort hev gaatt paa natterenning tidare enn fjortande kvar dag. Kan hende det er'kje so gale daa, men det er so mange – eit heilt lag!" Kan vi ane eit lite spark til dobbeltmoralismen her?

"Bondegut" tillet seg også å kome med eit lite stikk. Han lurar på om skeptikarane nokon gong kan ha fått lyst til å prate med ei jente som dei likar. For det er nemleg slik at praten og sladderer går fort om ein kjem i skade for å ta kontakt med kvarandre på lyse dagen. Då ville dei nok fort ha blitt trulova på folkemunne. Dessutan var det verre før, meiner han. Han fortel så om ein som hadde teke på seg å ville bere syndene åt andre, og laga seg ein pose til å bere dei i, som han hekta på bringa. Sine eigne synder, derimot, bar han i ein pose på ryggen. I posen på bringa rota han trutt og jamt, men han kom nok i skade for å gløyme den han hadde på ryggen. Det naturlege spørsmålet blir då om det ikkje kunne vere mogeleg å byte om på posane. Då hadde vi nok hatt fullt opp med eigne synder, og ikkje så mykje tid til overs til å rote i andre sine laster.

"Ein utanfor laget" oppfordrar ungdomslaget om å avslutte møta så tidleg at ein kjem heim før folk legg seg. Han vil sjølvsgagt ikkje skulde alle i laget for natterenning, men om nokon gjer det, får alle skulda. Difor bør også alle gå heim att etter møta, konkluderar han.

"Ein av laget" veit ikkje kven som har skrive den tidlegare teksten mot natterenninga, men han trur nok at han veit det likevel. Forholda var nok ikkje for uoversiktlege i ei lita jølster-grend. Det var nok ikkje betre før, meiner han. Snarare tvert om. Spesielt ikkje i julehelga. Då måtte ein gjerne nedpå med 3–4 brenne-vinsflasker (!) for å vise at ein var noko til kar. Han lurar på om det er dei styrande i ungdomslaget han vil til livs, "av di dei ikkje er etter di kokebok", som det blir formulert.

### Det heimlege

Det var nok eit mindretal av tekstane som krinsa rundt dei store nasjonale kulturstridane. Og det er vel ikkje meir enn naturleg at det var det "det

heimlege" som opptok dei fleste. Om det no var natterenning, moraliserande forteljingar, kjøpehysteri, utvandring og generelt forholdet til alt det nye som omfamna lokalsamfunnet på denne tida. Forteljingar, dikt og småstubbar, både til under-haldning og formaning, utgjør størsteparten av tekstane. Kanskje ikkje så rart, for, som ein av bidragsytarane i bladet spurde om, kva kjem i staden? I ei omstillingstid, utan så mange sosiale alternativ, var kanskje det å møte andre ungdomar utanom pliktene og gardsarbeidet vel så viktig som opplysningstanken til ungdomslagsrørsla?

Som vi forstår av artikkelens innleiande tekstar, kunne skepsisen til alt dette nymotens som slo innover bygda, vere stor. Bondeyrket, kleda og tradisjonane er ikkje fine nok lenger. No er det importklede og kjøpeting som er på moten. Og det potensielle forfallet til ungdomens moral kunne vere ei kjelde til bekymring. Utviklinga øydelegg bondeungdomens hug til å arbeide, var det enkelte som frykta. No er det ikkje ein gong fint nok å by framandfolk på heimemat. Utviklinga må snuast, og heimestellet må kome i gang att, slår eit usignert skriv fast. Som mange andre var nok forfattern ikkje klar over krafta i omstillingane som han stod midt oppe i.

"Kopi" forsvarar dei små heimar. Og er tilsvarande skeptisk til dei høge herrar eller folk med for mykje utdanning som ser ned på andre. For dei små heimar er betre enn mange store. Men det er ikkje rart, meiner han, at folk fer over til hi sida, til Amerika, når trua på det finaste ein eig, sin eigen heim, er så dårleg.

"Eit mannfolk" funderar også over utvandringa til Amerika, og meiner at vi har det like bra i heimebygda. Dessutan er jentene i bygda av dei beste! Og valde ein å reise ut, så kunne det fort gå gale. Som til dømes ein politimann i New York som skal ha fortalt at dei dagleg sette inn ikkje mindre enn 600 nordmenn i arresten. "Tenk berre, 600 i denne eine staden. Kor mange vert det i heile Amerika trur de?" Det hadde nok blitt ganske mange, skulle ein tru! I etterdønningane etter

den største amerikafeberen svirra det nok mangt eit rykte om kva dei som tok det store steget over til framande kystar kunne risikere.

### Mot slutten

Når vi kjem fram til mars 1907 oppfordrar "Lagslemer" "dei styrande" om å halde fram med ungdomslagsarbeidet. Signaturen tyder at det må vere fleire som står bak skrivet. Om vinteren hadde det vore godt fram møte, meinte dei, så ein må ikkje tape motet. "Bondegut" gjev uttrykk for at laget arbeider i god lei, og nemner stoda til avhaldssaka og

da er det ei skam om ein ikkje skulle kunne halde i gang eit ungdomslag, tykkjer han. Men om alle er med og bidreg så meiner han at "vi ska faa eit gasta ungdomslag."

Det er no tydelegvis vanskeleg å drive laget, og mellom linjene forstår ein at engasjementet ikkje er for stort. Og det skulle ikkje bli skrive så mange fleire nummer av "Solglytt". Det siste innlegget er datert 17. mai 1907, der "T" fabulerar over forholdet til Danmark og Sverige. Hovudpoenget er at når vi endeleg igjen blei eit fritt land, så måtte vi altså igjen vende oss til Danmark for å få ny konge.

Tendensen stadfestar bekymringa til "Bondegut" og "Lagslemer", og det skulle gå tolv år før det blei gjort nye freistningar på å etablere eit ungdomslag på Ålhus. I 1919 blei Ålhus ungdomslag stifta, eit lag som har vore i aktivitet det meste av hundreåret. Dette året blei også Ålhus lesering stifta, som også er aktiv i dag. Slik sett har det vore ein nærast kontinuerleg aktivitet rundt ungdomslag og litteratur i Ålhusgrenda sidan oppstarten av Audundalens ungdomslag i 1895, med påfølgjande stifting av Læseselskabet Ungdomshaabet.

Samla er det om lag 90 tekstar i "Solglytt", tekstar som er fordelte på 16 nummer: eitt i 1905, åtte i 1906 og sju det siste året, i 1907. Av desse er knapt 4/5 på landsmål og om lag 1/5 på dansk. Det danskspråklege er det mest av i første delen av protokollen.

Utover tekstane i "Solglytt" veit vi lite om aktiviteten til laget. Men det var vanleg med foredrag rundt om i dei ulike ungdomslaga. Både fylkeslaga og Noregs ungdomslag såg det som ei av sine hovudoppgåver å skaffe foredragshaldarar som reiste rundt til lokallaga. I tillegg blei ofte ein del av medlemskontingenten brukt til å

betale inn foredragshaldarar sjølv. Oftast var det reine opplysningsforedrag som stod på tapetet, men også emne som sparsemd eller materialisme blei tekne opp. Elles kunne også folk i lokalsamfunnet med fagkunnskap halde innlegg, til dømes om jordbruk. Fråhaldssak og målsak var ofte også aktuelle tema.

Songen har alltid vore viktige i ungdomslaga. Song og dans var høgt verdsett, sjølv om det ikkje var direkte matnyttige syslar. Men filosofien til ungdomslaga handla også om at ungdomen skulle kunne tillate seg å drive med slike fritidsaktivitetar, for det sosiale si skuld og for å ha det moro. Det er vanskeleg å tenkje seg at songen ikkje har spela ei rolle i laget. Og i alle fall ein bidragsytar i bladet, "Eit lagslem", går inn for at det bør leggjast meir vekt på song. Men ikkje all song er like oppbyggjande, så difor bør ein få bort "liggerlege visor". Så blei det nok eit definisjonsspørsmål kva som var "liggerleg" og ikkje.

Blant medlemsmassen til ungdomslaga var det både aktive og passive medlemmer, og sistnemnde kategori var nok oftast i fleirtal. Ofte var ungdomslagsmøta eit alternativ for mange som sosial møteplass. På generell basis var det nok dei aktive, dei som deltok i drøftingar og arrangement og som også skreiv i ungdomslagsblada, i mindretal.

Vi veit lite om kven som stod bak dei ulike signaturane i "Solglytt", og kor representative dei var for grenda. Tekstane må sjølvsagt lesast på bakgrunn av det. I alle høve er tekstane enkeltståande døme på tankar, meiningar og refleksjonar rundt den rivande utviklinga som personane bak dei var vitne til.

### Litteratur/kjelder

Vårvon – Lagsbladet til gamle Ålhus ungdomslag  
Nettsidene til Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane  
Hovudoppgåve – Stig Årdal  
Jan Kløvstad (red) 1996 – Ungdomslaget. Noregs Ungdomslag 1896 – 1996  
Sunnfjord Ungdomslag 1973: Sunnfjord Ungdomslag gjennom 75 år

## Solglytt

17. 5. 1907

Skogen  
(Bistm)

Denne morgenen blei jeg vakt av musikken fra Lagslemer, og det var et underligt hørselslyd som kom fra dem. De var to eller tre, og de var så høyt som om de var i nærheten av oss. De var så høyt som om de var i nærheten av oss. De var så høyt som om de var i nærheten av oss.

De var så høyt som om de var i nærheten av oss. De var så høyt som om de var i nærheten av oss. De var så høyt som om de var i nærheten av oss. De var så høyt som om de var i nærheten av oss.

De var så høyt som om de var i nærheten av oss. De var så høyt som om de var i nærheten av oss. De var så høyt som om de var i nærheten av oss. De var så høyt som om de var i nærheten av oss.

målsaka som døme. Også han oppfordrar ungdomslaget til å halde fram, sjølv om det no ser mørkt ut. "Bondegut" oppfordrar også flest moglege av medlemmane til å bidra i "Solglytt" og bidra til ordskifte. Så mange ungdomar som det er i gren-

## EIN MEDSPELAR I

# ESSE SKEI!

Vår honnør til alle i Jølster som yter ein innsats til målsaka i kommunen.



Her møtast alle!



STOR KIOSK



VEGKRO



KAFFIBAR

### SKEI SERVICENTER

6843 SKEI • TLF. 57 72 82 54 • FAX. 57 72 07 55



Rør og rørartiklar  
Sanitæreanlegg og utstyr  
Varmelegg med ved, flis og olje  
Pumpeanlegg  
Kjøkkeninnreiling  
Baderomsmøblar


## JØLSTER RØR A/S

Aut. rørleggarmeister  
TROND AARDALSBASSE  
POSTBOKS 80 • 6843 SKEI I JØLSTER  
TLF. 57 72 83 50 • MOBIL 95 98 78 20

### Ottar Dvergsdal as

Maskinentreprenør  
sentral godkjenning

6843 SKEI I JØLSTER  
TLF. 57 72 83 67 - MOBIL 952 00 433 - FAX 57 72 85 40



Graving og planering - sprenging - muring  
transport - steinpigging - grus og pukk



### JØLSTER BIL

6843 Skei i Jølster  
Tlf. 57 72 68 90  
Fax: 57 72 70 77



9-20 (18)

6843 Skei tlf. 57 72 81 22

## Kjosnes Feriehytter

Høgstandardhytter - heilårsovernatting

Jølstramat

Lokal foredling/sal av geit, hjort og jølstraare

www.kjosnes.no  
Tlf./faks: 57 72 85 29/970 19286

**SKEL** Hotel



## Ideell plassering

for avvikling av

**møter,  
kurs,  
konferansar  
og andre  
arrangement**

### Sentralt i fylket og landsdelen

Med ei reisetid på inntil  
2 timar rekk du fram til  
Skei frå dei fleste  
stader i fylket.

Vi har 16 velutstyrte  
møtelokale for opptil  
400 deltakarar,  
kursvert og eige  
kontor for kursleiar.



6841 Skei i Jølster  
Tlf. 57 72 78 00 - Fax 57 72 78 01  
www.skeihotel.no - info@skeihotel.no

## Utemiljø med stil

### NATURSTEIN

kan leverast i ulike typar:

- Handstein
- Liten maskinstein
- Maskinstein
- Trappetrinn

### SKIFER –

Vi har alt innan skifer

*Vi kan gjerne vere med og gje råd om verkøy,  
bearbeiding og montering av steinen. Vi kan  
òg tilby oppføring av murar og skiferlegging.*

*Ta gjerne kontakt for pristilbod.*

**Nordfjord  
Skifer** A/S

Kontakt oss på tlf. 917 63 804 / 915 65 495 – eller via faks nr. 57 72 70 16



[www.nordfjordskifer.no](http://www.nordfjordskifer.no)

## Roald Sunde

**Transport - Sandtak**

**Graving - Muring**

Sentral godkjenning  
maskinentrepenør

57 72 81 91/952 31915

**Stein Arne Sunde AS**

57 72 83 09/918 94578

*Såvarer  
Kraftfor  
Kunstgjødsel  
Landbruksmaskiner  
Verkstad  
FK-butikken*



**JOHN DEERE**

*Ta kontakt med bonden si eiga forretning*



[www.fk.no](http://www.fk.no)  
telefon 815 00333



**JØLSTER**  
SKISENTER

6847 Vassenden • tlf. 57 72 75 50 • [www.jolsterskisenter.no](http://www.jolsterskisenter.no)



Vassenden  
6840 Vassenden

Tel: (+47) 57 72 73 00  
Fax: (+47) 57 72 75 70  
Mobil: (+47) 97 19 84 84  
E-post: [post@jolsterhotell.com](mailto:post@jolsterhotell.com)

## Eikås Skogsdrift AS

6847 Vassenden

Tlf: 57 72 74 33  
Mobil 97 64 84 82  
Fax :57 72 74 45

## Snikkarverkstad til teneste

Vi laga nytt eller resleie det gamle,  
både hus og møblar.

Visst det ikkje er ubotelæ.

Kan hende du blir forsuppa over ka vi får te.

Vi hjelpe deg gjerne, da æ no førtrælæ  
å gå jærandslause!

49

**COOP**  
marked

VASSENDEN – Tlf. 57 72 72 00

*Velkomen til triveleg handel*

**OPNINGSTIDER:**

Måndag-onsdag 9–18 • Torsdag-fredag 9–19  
Laurdag 9–16

Medlemsinformasjon • Kjøpeutbytte 3%  
ON LINE



**JØLSTER BYGG**  
*Handverk i levande tre*

6847 VASSENDEN I JØLSTER • TLF. 57 72 74 15 • FAX 57 72 74 22  
[www.jolsterbygg.no](http://www.jolsterbygg.no)

**Jølster**   
**Betongbygg a.s**



**Tlf. 57 72 70 18**  
**Mob. 908 83 940**

Jølstringen kafe

ope 9-19 kvar dag (12-19 søndag)

**CATERING TLF 57 72 89 02**

**SPAR** 

SPAR JØLSTRAHOLMEN OPE 9–21  
KVAR DAG (OGSA SØNDAG)



## VASSENDEN TAXI

6847 Vassenden

Mobil 48 21 00 22



## Eikås Frisør

EVA ÅRSET  
6847 VASSENDEN

Opningstider etter behov.  
Timebestilling  
TELEFON 57 72 75 88

## Jølstramuseet

Gamle røykstover frå tidleg på 1600-talet og fleire tusen historiske ting som viser korleis jølstringen levde i gamle dagar. Ope i helgane om sommaren og elles etter avtale.



tlf. 97 14 09 75

ENTREPRENØR

## Ivar A. Sunde a/s



6847 Vassenden

Telefon 57 72 72 96 • Mobil 90 19 62 72

*Utfører alt innan tre og betong*

## Infraraud sauna

- Aukar blodsirkulasjonen
- Fjernar slaggstoff
- Regulerer kroppsvekta
- Lindrar muskel- og leddplager



**NorMarine  
MOTORSPORT**

Nordfjordeid, tlf. 57 87 09 10 • Førde, tlf. 57 72 09 70





*Staup frå Ålhus, Øvrebø. Geometrisk ornament og hjarte. Gjennombroten hank med fire runde hol. I hola er det lause hjul. Mønsteret er frå slekta på Øvrebø.*

Kr 60,- ISSN 0801-9592



9 770801 959241